



# Praktiseringsrundskriv for forvaltning av Regionale miljøtilskot i jordbruket for Vestland 2023

## Innhald

Om praktiseringsrundskrivet .....	3
Søknadsmateriale og informasjon .....	3
Regionalt miljøprogram, regionale miljøtilskot og kommunale SMIL-strategiar .....	4
Forvaltning av regionale miljøtilskot .....	5
Vanleg jordbruksproduksjon .....	7
Oppdatering av Naturbase .....	7
<b>Tekst frå RMP-sida med utfyllande informasjon til kommunane</b>	
Kva er regionalt miljøprogram?.....	9
Kva er regionale miljøtilskot?.....	9
Søknadsinformasjon.....	10
Kart og arealopplysningar til søknaden.....	13
Regionale miljøtilskot i jordbruket for Vestland 2021 .....	14
Tilskot til drift av bratt areal.....	14
Tilskot til drift av beitelag .....	16
Tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark (skjøtselsbeiting med geit).....	18
Tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark (sau på beite fom 600 moh).....	19
Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap (slått av dyrka mark utan vegforbinding) .....	21
Tilskot til slått av slåttemark (slått av slåttemark og lauveng).....	22
Tilskot til beiting av kystlynghei .....	25
Tilskot til brenning av kystlynghei .....	29
Tilskot til skjøtsel av truga naturtypar (beiting av naturbeitemark og hagemark) .....	32
Tilskot til skjøtsel av styvingstre .....	35
Tilskot til soner for pollinerande insekt (gjeld kun for Lærdal kommune).....	39
Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl .....	43

Tilskot til drift av seter.....	46
Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne .....	48
Tilskot til kantsone i eng.....	51
Tilskot til spreining av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.....	54
Tilskot til spreining av husdyrgjødsel ved nedlegging .....	57
Tilskot til spreining av husdyrgjødsel ved nedfelling.....	59
Tilskot til spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange/slepeslange.....	61
Tilskot til nedkjemping av ugras i radkulturar.....	62
Tilskot til fangvekstar sådd etter hausting.....	63
Tilskot til klimarådgeving.....	64
Prioriterte vassdrag/vassførekomstar.....	67
Forskrift.....	72

## Om praktiseringsrundskrivet

Målgruppa for dette praktiseringsrundskrivet er landbruksforvaltninga i kommunane i Vestland, og det er utarbeidd av Statsforvaltaren i Vestland. Praktiseringsrundskrivet er ein utvida versjon av søknadsinformasjonen til bøndene. I tillegg til å innehalde informasjonen som bøndene finn på RMP-sida ([www.statsforvaltaren.no/vl/rmp](http://www.statsforvaltaren.no/vl/rmp)) har praktiseringsrundskrivet egne avsnitt for kommunen under omtalen av kvart enkelt tiltak/regionalt miljøtilskot, samt dette innleiande kapittelet. Avsnitta for kommunen under omtalen av kvart enkelt tiltak er bygd opp av fylgjande underpunkt:

- **Formål:** formål med tiltaket
- **Avgrensingar:** grensdragning for kva som kan godkjennast innanfor tiltaket
- **Sakshandsaming:** sentrale punkt kommunane bør vera særskilt merksame på i samband med sakshandsaminga av tiltaket
- **Kontroll:** kontrollpunkt og punkt som kan vere særskilt aktuelt å ha fokus på i samband med kontroll av tiltaket

## Søknadsmateriale og informasjon

Alt av søknadsmateriale, anna relevant rettleiing for søkar og kommune, lenke til elektronisk søknadsskjema og andre sentrale dokument og lenker, ligg samla på Statsforvaltaren si nettside for regionale miljøtilskot: [www.statsforvaltaren.no/vl/rmp](http://www.statsforvaltaren.no/vl/rmp). På denne temasida ligg og video med søkerettleiing som er utarbeidd av Landbruksdirektoratet. Den elektroniske søknadsomgangen vert opna 15.september. Teljedato er 1. oktober, og søknadsfristen er 15. oktober. Beitelag har eigen søknadsfrist; 15. november.

Alle som søkte om produksjonstilskot i Vestland ved sist søknadsomgang, har våren 2023 fått tilsendt SMS med lenke til RMP-sida. Sameleis vil dei få tilsendt SMS med oppmoding om å søke når søknadsomgangen opnar i midten av september.

Landbruksdirektoratet har utarbeidd ei brukarrettleiing for kommunane si sakshandsaming i eStil (sakshandsamingssystemet for regionale miljøtilskot). Denne brukarrettleiinga er tilgjengeleg på: <http://guidecloud.se/landbruksdirektoratet/40.guide>. Vidare er Landbruksdirektoratet sitt rundskriv [2023/22](#) Regionalt miljøtilskudd i jordbruket (RMP) – forvaltningsansvar og saksbehandling saman med dette praktiseringsrundskrivet og *Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland* svært viktige og sentrale dokument i sakshandsaminga av dei regionale miljøtilskota. Både brukarrettleiinga, rundskrivet, praktiseringsrundskrivet og forskrifta er lenka opp på temasida for regionale miljøtilskot nemnt over.

## Regionalt miljøprogram, regionale miljøtilskot og kommunale SMIL-strategiar

### Regionalt miljøprogram

Regionalt miljøprogram er fylkesvise strategiprogram som skal bidra til gjennomføring av miljøtiltak i jordbruket tilpassa regionale ulikskapar i driftsforhold og miljøutfordringar. Miljøprogramma inneheld ulike delmål med tilhøyrande tiltak eller satsingar, og dei regionale miljøtilskota er hovudtiltaka i programma. Regionalt miljøprogram skal gje ei prioritering av innsatsen mot miljøutfordringane i jordbruket i fylket, og programmet skal rullerast kvart fjerde år.

Miljøprogrammet gjev føringar for dei kommunale tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og for klima- og miljømidlane.

Regionalt miljøprogram for Vestland er fastsett av Statsforvaltaren i samråd med bondelaget og bonde- og småbrukarlaget. Hovudmålet for miljøprogrammet er å stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast. I miljøprogrammet er det vidare definert fylgjande delmål:

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

### Regionale miljøtilskot

Hovudverkemiddelet i regionalt miljøprogram er dei regionale miljøtilskota, og dei regionale miljøtilskota for Vestland vert omtala i dette praktiseringsrundskrivet. Regionale miljøtilskot er, til liks med nasjonale produksjonstilskot, ei årleg driftsstøtte til føretak i drift som oppfyller visse vilkår.

### Kommunale SMIL-strategiar

SMIL-tilskot vert gjevne som eingongstilskot til investeringar og vedlikehald til føretak som oppfyller gitte vilkår jf. *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Føremålet er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket utover det som er venta gjennom vanleg jordbruksdrift. Kommunane skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknadar, noko som oftast er nedfelt i kommunale tiltaksstrategiar for prioritering av midlar til ulike føremål innanfor jordbruk og skogbruk. Desse tiltaksstrategiane fungerer i praksis som overordna retningslinjer i handsaminga av SMIL-saker.

Dei kommunale tiltaksstrategiane skal gje ei oversikt over kva som kjenneteiknar natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet, i tillegg til å skissere dei viktigaste utfordringane i den einskilde kommune. Regionalt miljøprogram skal utgjere ei kjelde til kunnskap om slike verdiar og utfordringar. Dei kommunale tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og klima- og miljømidlane skal ha forankring i hovudmålet, delmåla og strategiane som Statsforvaltaren har

prioritert i regionalt miljøprogram. Regionalt miljøprogram for Vestland er lenka opp på tema-sida for regionale miljøtilskot ([www.statsforvaltaren.no/vl/rmp](http://www.statsforvaltaren.no/vl/rmp)).

## Forvaltning av regionale miljøtilskot

Søknader om regionale miljøtilskot skal handsamast og godkjennast av kommunen etter forskrift og retningslinjer fastsett av Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet. Statsforvaltaren er klageinstans og handsamar søknader om dispensasjon for dei regionale miljøtilskota. Generelle forvaltningsrutinar for dei regionale miljøtilskota vert ikkje omtala i dette praktiseringsrundskrivet. For dette viser Statsforvaltaren til Landbruksdirektoratet sitt Rundskriv [2023/22](#) Regionalt miljøtilskudd i jordbruket (RMP) – forvaltningsansvar og saksbehandling . Det er forventa at kommunane har god kjennskap til innhaldet i nemnde rundskriv samt dette praktiseringsrundskrivet i samband med si sakshandsaming av dei regionale miljøtilskota.

### Statsforvaltaren vil gjere kommunane merksame på fylgjande:

- Alle vilkår for om eit tiltak skal kunne godkjennast skal stå i forskrifta. Det er berre vilkår som står i forskrifta som skal leggjast til grunn for om eit tiltak kan godkjennast eller ikkje. *Døme:* Dersom det i forskrifta står at tiltaket skal utførast i samsvar med fastsette skjøtselsråd (utan nærare spesifisering), er skjøtsel i samsvar med skjøtselsråda eit krav for å få godkjent tiltaket. Dersom skjøtselsråd derimot ikkje er nemnt i forskrifta, men det likevel står skjøtselsråd i omtalen av tiltaket, er det ikkje krav om slik skjøtsel for at tiltaket skal kunne godkjennast. Det vert derimot uansett stilt krav til effekten av tiltaket (sjå under).
- Det er nasjonalt krav at tiltak som søkar utfører innan regionale miljøtilskot skal ha ein positiv effekt for formålet for tiltaket for at det skal kunne godkjennast. Det vil sei at eit tiltak ikkje skal godkjennast sjølv om vilkåra som er stilte i forskrifta er oppfylte viss skjøtseltiltaket ikkje har nokon positiv effekt. *Døme:* Ved beiting av kystlynghei registrert i Naturbase skal lyngheia bere preg av beiting, og beitinga skal gje ein positiv skjøtselseffekt på lyngheia for å kunne godkjennast. Det vil sei at det må vere eit høveleg beitetrykk/eit godt samsvar mellom tal dyr og areal lynghei for at tiltaket skal kunne godkjennast. Det er såleis ikkje godt nok å ha nokre få sauer beitande på eit større areal kystlynghei som er registrert i Naturbase.
- NB! Landbruksdirektoratet krev at endeleg godkjenning av søknaden må utførast av ein annan enn den som har handsama søknaden. Dette kjem av at kommunane skal ha ei forsvarleg arbeidsdeling/funksjonsdeling. I praksis betyr dette at ein person handsamar søknaden og føretek førebels godkjenning (kalla «godkjenne» i eStil-RMP). Den endelege godkjenninga (attesteringa) må gjerast av ein tilsett i kommunen som har budsjett disponeringsmyndigheit. Den som har budsjett disponeringsmyndigheit kan delegera denne heilt eller delvis til tilsette på lågare nivå. Delegert budsjett disponeringsmyndigheit kan og delegerast vidare, men all delegering skal vere skriftleg. Denne endringa i eStil-RMP inneber at den som skal attestere må ha rolla ESTIL\_VEDTAK\_RMP. For at ein person skal kunne tildelast denne rolla, må kommunen stadfeste til brukaradministrator hjå Statsforvaltaren at den tilsette har budsjett disponeringsmyndigheit for Regionale miljøtilskot. Slik stadfesting kan sendast Statsforvaltaren per e-post til [fmvllandbruk@statsforvalteren.no](mailto:fmvllandbruk@statsforvalteren.no).

### Statsforvaltaren vil oppmode kommunane om fylgjande:

- Kommunane bør hjelpe søkarane med å registrere korrekte kartmarkeringar i søknaden i god tid før søknadsfristen. Søknadstal og kartregistreringar frå og med 2019 kan importerast til årets søknad med unntak av fylgjande tiltak: soner for pollinerende insekt, spreieing av all husdyrgjødsel om våren/vekstsosong, nedlegging av husdyrgjødsel, nedfelling av husdyrgjødsel og spreieing av husdyrgjødsel med tilførselslange.
- Erfaringsmessig vil rette kartmarkeringar før søknadsfristen spare kommunane for mykje arbeid, og bøndene vil kunne unngå avkortingar. Miljøtilskotdagar eller –kveldar, der søkarane får hjelp til utfylling av søknaden før søknadsfristen, vil såleis vere ei god investering både for kommunane og søkarane. *Døme:* Kommunane stiller med fagpersonar og møterom, og søkarane tek med eigen pc og bakgrunnsmateriale for utfylling av eigen søknad. Kommunane bør vise søke-videoen til Landbruksdirektoratet før søkarane startar utfylling av eigne søknader. Søke-videoen ligg på temasida for regionale miljøtilskot. Alternativt kan kommunane til dømes tilby eit rom på kommunehuset der søkarane kan nytte kommunal pc eller eigen pc for søke, med mogelegheit til å spørje om hjelp ved behov.
- Kommunane bør vere restriktive med kva tiltak som vert godkjent. Erfaringsmessig er feilaktig godkjende tiltak krevjande både for søkar og forvaltning å korrigere, dersom det tidlegare har blitt godkjent.
- Nokre av tiltaka krev kontroll i felt i vekstsosongen for å kunne gjennomføre ein fullverdig og god kontroll. For tiltak der tidspunktet for kontroll slik spelar inn, bør kommunane vurdere å avtale synfaring i vekstsosongen etter utført skjøtsel for kjende tiltak. Det er viktig å kalle dette for ei synfaring, og ikkje ein kontroll. Etter synfaringa bør kommunen skrive ein kort rapport og dokumentere med bilde. Kommunen kan ikkje utføre kontroll før tilskotet er omsøkt, men ein kan bruke rapporten frå synfaringa som grunnlag for vurderingar ved ein eventuell seinare kontroll. Det vil vere ryddig om den som blir besøkt får høve til å uttale seg om rapporten kort tid etter besøket. Ei synfaring er nyttig uavhengig av kravet om kontroll. Møte med enkeltbønder gjev kommunen høve til rettleiing og til å sjå om drifta samsvarar med krava i ulike regelverk.
- Kommunane bør vere på offensiven og informere og motivere både nye og tidlegare søkarar om å søke om tilskot. Særskilt aktuelt er dette for tilskot til drift av bratt areal (både gras-, frukt- og hagebruksproduksjon) der det no vert utbetalt tilskot for alt bratt areal frå med første dekar, og tiltak kring miljøvenleg gjødselspreieing.

## Vanleg jordbruksproduksjon

Å drive vanleg jordbruksproduksjon er eit grunnvilkår for å kunne motta tilskot etter forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, samt etter tilskot for regionale miljøtilskot i jordbruket § 3 a). I Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-30 kap. 2.3 er det forklart nærare kva som er forventa for at jordbruksproduksjonen skal kunne reknast som vanleg:

*«...Videre skal produksjonen ha et næringsmessig preg. Leveransene fra produksjonen skal stå i samsvar med antall dyr, eller størrelsen på arealet det søkes tilskudd for. Det må vurderes om produksjonen er for ekstensiv eller mangler næringsmessig forankring. Utgangspunktet for vurderingen av hva som er «vanlig jordbruksproduksjon» er at aktiviteter eller resultater skal ligge innenfor normalen for den type produksjon som vurderes. Ethvert avvik fra hva som regnes som vanlig, gir ikke nødvendigvis grunnlag for å avskjære tilskudd med den begrunnelse at det ikke drives «vanlig jordbruksproduksjon». Det må tas høyde for ulike driftsformer og normale variasjoner i driften. Lokale forhold kan også være relevante i vurderingen av om foretaket driver vanlig jordbruksproduksjon, for eksempel der lav avdrått i et sauehold skyldes store rovdyrtaap. Det er adgang til å ta individuelle hensyn, det vil si å akseptere særegne forhold hos den enkelte produsent, så lenge dette ikke bryter med hva som objektivt sett kan oppfattes som en forsvarlig og god drift utfra et landbruksfaglig ståsted.»*

## Oppdatering av Naturbase

Fleire av dei regionale miljøtilskota omhandlar skjøtsel av truga naturtypar. Dette gjeld naturtypane slåttemark, lauveng, naturbeitemark, hagemark og kystlynghei. For alle desse tiltaka er det frå nasjonalt hald sett krav om at lokaliteten skal vere registrert i Naturbase for at skjøtselstiltaket skal kunne godkjennast for tildeling av regionale miljøtilskot.

**Lokalitetar som er registrerte i Naturbase innan teljedata, 1.oktober, i søknadsåret kan godkjennast dersom krava i forskrifta for tiltaket elles er oppfylt.**

Det er viktig at kommunane melder ifrå til Statsforvaltaren ved behov for naturfagleg verdivurdering av aktuelle lokalitetar som ikkje er registrerte i Naturbase. Det er òg viktig at kommunane melder ifrå om lokalitetar (eller delar av lokalitetar) som eventuelt bør takast ut av Naturbase (med grunngjeving og kartfesting).

Om de har tips om lokalitetar som de meiner bør vurderast for Naturbase, treng vi følgjande informasjon frå dykk:

- Stadnamn
- Gards- og bruksnr
- Namn og kontaktinformasjon til søkar
- Kart (gardskart el. likn. for kvar lokalitet, og samla oversiktskart for kommunen)
- Tidlegare bruk, noverande bruk, og eventuelt planlagt endra bruk.
- Kva naturtype ser dette ut til å vere, og kva for RMP-ordning er mest aktuell å søkje på
- Informasjon om eventuelt tidlegare kartleggingsarbeid
- Informasjon om gjødslingshistorikk

Informasjonen skal sendast med e-post til: [fmvlnaturbase@statsforvalteren.no](mailto:fmvlnaturbase@statsforvalteren.no) Det er altså berre lokalitetar som er registrerte i Naturbase ved søknadsfristen det kan tildelast RMP-tilskot for innan desse ordningane:

- Tilskot til skjøtsel av truga naturtypar (beiting av naturbeitemark og hagemark)
- Tilskot til slått av slåttemark (slått av slåttemark og lauveng)
- Beiting av kystlynghei
- Brenning av kystlynghei

I elektronisk søknad er det likevel ikkje lagt inn noko avgrensingar i kartet. Det er med andre ord ikkje klypping mot Naturbase. Det betyr at søkar kan teikne inn det han vil innanfor areal søkar disponerer på innmark for desse tiltaka. Dette står såleis i motsetning til t.d. Tilskot til bratt areal der systemet klypper mot godkjent areal basert på hellingskartet frå AR5.

**For lokalitetar som ikkje ligg i Naturbase skal kommunen:**

- Gje avslag på dette tiltaket i RMP-søknaden

**For lokalitetar som ikkje ligg i Naturbase bør kommunen:**

- Vurdere å melde inn lokaliteten for Naturbasevurdering hjå Miljøavdelinga (dersom kommunen trur lokaliteten kan vera aktuell for Naturbase).
- **NB!** Dersom kommunen vurderer lokaliteten til å vere aktuell for Naturbase, kan kommunen oppmoda søkar om å søke på *Tilskot til truga naturtypar* for denne lokaliteten hjå Statsforvaltaren, Miljøavdelinga, innan 15. januar.

Søknadsskjema for *Tilskot til truga naturtypar* ligg på Elektronisk søknadssenter hjå Miljødirektoratet:

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/TilskuddTruedeNaturtyperTiltakSkjema/Startside/Index?s%C3%B8knadstypeld=13>.

Statsforvaltaren sine kontaktpersonar for *Tilskot til truga naturtypar* som vedkjem RMP, er Johannes Anonby og Solveig Kalvø Roald.



## Under fylgjer tekst frå meny-punkta på RMP-sida med utfyllande informasjon til kommunane

### Kva er regionalt miljøprogram?

Regionalt miljøprogram for Vestland er eit strategiprogram fastsett av Statsforvaltaren i samråd med bondelaget og bonde- og småbrukarlaget. Programmet skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast. I miljøprogrammet er det definert fylgjande delmål:

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

Dei regionale miljøtilskota er hovudvirkemidla i miljøprogrammet for å nå delmåla definert over, og dei er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftsstøtte til føretak med landbruksproduksjon som oppfyller visse vilkår.

### Kva er regionale miljøtilskot?

Som ein del av regionalt miljøprogram kan bønder i Vestland søke om regionale miljøtilskot til hausting av bratt eller veglaust areal, beitebruk, stølsdrift, skjøtsel av biologisk mangfald og kulturminne, miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel, klimarådgeving og potet- og grønsaksproduksjon. Beitelag kan søke om tilskot til drift av beitelag. Tilskota skal stimulere til miljøvennelege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet. Dei er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftsstøtte til føretak med landbruksproduksjon som oppfyller visse vilkår.

### Kven kan søke?

Alle føretak som kan søke produksjonstilskot i jordbruket, som har landbruksproduksjon i Vestland og som oppfyller vilkåra som vert stilte i dei ulike tilskotsordningane, kan søke. Føretak som er registrerte i andre fylke kan såleis søke om tilskot, dersom dei driv areal eller har dyr på beite i Vestland. Beitelag som er registrerte i Einingsregisteret, og som oppfyller vilkåra som vert stilte i forskrifta, kan søke om tilskot til drift av beitelag.

### Korleis søke?

Søknaden kan leverast elektronisk via Altinn på Vestland sitt søknadsskjema innan 15. oktober. Beitelag har eigen søknadsfrist 15. november. Søknaden kan tidlegast leverast når søknadsportalen opnar 15.september. Det er kommunane som handsamar og godkjenner søknadane. Søkarar som av

ulike grunnar ikkje kan levere søknaden elektronisk, kan levere papirsøknad til kommunen, men beitelaga må søke elektronisk. Dersom ein har spørsmål eller ynskjer rettleiing i samband med søknaden, kan ein kontakte kommunen.

Dersom søkar står fast, kan han nytta kommentarfeltet. Det er viktig at søkar i søknaden får formidla kva han ynskjer å søke på. NB! Alt som kjem fram av søknaden/innsendt materiale som td e-postar skal vektleggast av sakshandsamar, sjølv om sjølv utfyllinga av søknadsskjemaet framstår som feilaktig og/eller mangelfull.

## Søknadsinformasjon

- **NB! Video om korleis ein søker elektronisk ligg i høgremargen på nettsida om regionalt miljøprogram ([www.statsforvalteren.no/vl/rmp](http://www.statsforvalteren.no/vl/rmp)) i boksen «Søknad». Videoen viser trinn for trinn korleis ein skal søke. Det vil vere nyttig å sjå videoen før ein søker, eventuelt parallelt med at ein søker, dersom ein har tilgang til to skjermar.**
- Søknadsskjema (elektronisk og papir), rettleiing for utfylling av elektronisk søknad og anna søknadsinformasjon ligg samla på temasida for RMP. Omtalen av dei einskilde tiltaka ligg i hovudfeltet. I høgremargen finn ein temaboksar med generell søknadsinformasjon, video om korleis ein søker, og lenke til søknadsskjema (temaboksane ligg nedst på temasida ved visning på mobil)
- For å kome inn i søknadsskjemaet må ein velje fylke. Fylke kan derimot berre veljast første gongen ein opnar søknadsskjemaet. NB! Dersom ein går inn i søknadsskjemaet fleire gonger, må ein såleis scrolle litt nedover og velje «rediger i søknad» for å kome inn att i søknaden.
- NB! Nytt frå 2023 er at søknader som er innsendt innan fristen 15.oktober kan gjenopnast og endrast fram til 29.oktober utan trekk i tilskot. NB! Kvar gong ein opnar søknaden trekker ein søknaden tilbake (status «Ikkje levert søknad»). Kvar gong ein har vore inne i søknaden må ein såleis avslutte med å trykke «Send inn», elles vert ikkje søknaden levert. Beitelagssøknader kan derimot ikkje endrast etter søknadsfristen utan trekk i tilskot. Dersom beitelag gjer endringar i søknaden etter søknadsfristen, vert det trekt kr 1000 per dag for for seint levert søknad.
- Dersom kommunen startar å handsame ein søknad før 29.oktober, vil ikkje søkar kunne gjenopne søknaden og redigere i den. For at søkar då skal kunne redigere i søknaden må han kontakta kommunen som må gjenopne søkanden for søkar.
- Søknader som vert leverte (førstegongs-levering) etter søknadsfristen får eit trekk på kr 1000 per dag i inntil 14 dagar. Ein søknad vert avvist dersom den vert sendt inn seinare enn 14 dagar etter fristen
- Dersom nokon ynskjer å søke seinare enn 14 dagar etter søknadsfristen, må søknad om dispensasjon frå søknadsfristen først innvilgast av Statsforvaltaren før søkar i det heile kan søke om regionale miljøtilskot. Søknad om dispensasjon for søknadsfristen vert praktisert strengt jf nasjonale føringar
- Teljedato for opplysningar om areal og dyretal er 1. oktober i søknadsåret, og søknadsfristen er 15. oktober. Beitelaga har eigen søknadsfrist 15.november

- Eit føretak kan søke om tilskot for all landbruksdrift som føretaket driv, både på eige og leigt areal, til liks med søknad om nasjonale produksjonstilskot
- Bruk som inngår i samdrift kan søke tilskot kvar for seg eller samla etter same retningslinjer og praktisering som for nasjonale produksjonstilskot, men det må gjerast på same måte for regionale miljøtilskot som for produksjonstilskot
- Føretak som utfører miljøtiltak i ein annan kommune enn heimkommunen, skal levere søknaden til den kommunen der dei har driftssenteret. Føretak som utfører miljøtiltak i eit anna fylke, skal levere søknaden for det aktuelle tiltaket til den kommunen der tiltaket er utført
- Det er ein føresetnad at føretaket oppfyller krava til gjødslingsplan og plantevernjournal for å kunne søke om tilskot frå regionale miljøtilskot. Unntak: kravet gjeld ikkje for beitelag
- Tilskot for beitedyr og tilskot for skjøtsel av eit areal, skal søkast på av det føretaket som disponerer og søker nasjonale produksjonstilskot for beitedyra eller det aktuelle arealet
- Element i kulturlandskapet, som til dømes styvingstre, skal søkast på av den som disponerer og søker nasjonale produksjonstilskot for arealet trea står på
- Kommunen skal utføre risikobasert kontroll etter same retningslinjer som for nasjonale produksjonstilskot
- Alle tilskotssatsane for dei regionale miljøtilskota er førebelse. Endelege tilskotssatsar vert sett på grunnlag av søknadsmengda
- Tilskotet kan avkortast dersom føretaket aktlaust eller med forsett driv i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, ved manglande/mangelfull gjødslingsplan og plantevernjournal, eller viss føretaket har gitt feile opplysningar i søknaden som ville ha danna grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot
- Søkarar kan klage på vedtaket innan tre veker frå den dagen dei mottek vedtaksbrevet i Altinn. Kommunane handsamar søknadane, og Statsforvaltaren er klageinstans
- Søkarar kan i særlege tilfelle søke om dispensasjon. Ein dispensasjonssøknad skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast kommunen for uttale før oversending til handsaming hjå Statsforvaltaren
- Tilskot vert utbetalt til den einskilde søkar frå Landbruksdirektoratet i mars 2024
- For hjelp og rettleiing; kontakt kommunen i god tid før søknadsfristen

### Elektronisk søknad

- Frå og med 2020 vil registreringar og kartteikningar frå førre søknadsomgang ligge klare i elektronisk søknad. Ein får då første gongen ein er inne i kartet, spørsmål om å importere inn tiltaka som kommunen godkjente ved førre søknadsomgang. NB! På grunn av omlegging i nasjonal meny er det i 2023 nokre tiltak som diverre ikkje kan importerast til søknaden. Dette gjeld fylgjande tiltak: soner for pollinerende insekt, spreiiing av all husdyrgjødsel om våren/vekstsosong, nedlegging av husdyrgjødsel, nedfelling av husdyrgjødsel og spreiiing av husdyrgjødsel med tilførselslange. Dersom det er kartteikningar som ikkje let seg importere frå tidlegare søknad, vil søkar få opplysning om at det er kartteikningar som ikkje let seg importere frå det han prøver å importere frå.

- Tiltak i felles utmark kan diverre ikkje teiknast på kart i elektronisk søknad. Ved søknad om nye tiltak i felles utmark må såleis søkar teikne dette tiltaket på papirkart og levere til kommunen som legg det inn i elektronisk søknad. Tiltak i felles utmark som er lagt inn i elektronisk søknad kan, som for andre tiltak, importerast ved seinare søknadsomgangar
- Mobilnummer eller e-postadresse skal fyllast inn slik at ein får varsel når tilskotbrevet om utbetaling er sendt til meldingsboksen i Altinn
- Tiltak som vert henta frå kart vert lista opp i søknadsskjemaet summert per tiltak og ikkje per eigeidom
- Ein vert ikkje logga ut av Altinn så lenge ein jobbar i kartet. Dersom ein verken er aktiv i kartet eller søknadsskjemaet, vil ein etter 30 minutt derimot automatisk bli logga ut
- NB! Ved å trykke på «Fjern alle tiltak-knappen» vert alle tiltak som er teikna i kartet sletta

### Papirsøknad

Dei som ynskjer å søke på papir kan kontakte kommunen for søknadsskjema eller skrive søknadsskjemaet ut frå temasida. I papirsøknaden skal ein fylle ut dei relevante kvite felte og legge ved kartvedlegg. Kart for eigen eigeidom kan ein få hjå kommunen eller finne på [www.gardskart.nibio.no](http://www.gardskart.nibio.no)

## Kart og arealopplysningar til søknaden

Alle tiltak som det vert søkt regionale miljøtilskot for skal kartfestast. Frå og med søknadsomgangen 2020 treng ikkje tiltak som er kartfesta i tidlegare søknadsomgang å kartfestast på nytt, kun importerast i elektronisk søknad, med mindre det er endringar i drifta. NB! På grunn av omlegging i nasjonal meny er det i 2023 nokre tiltak som diverre ikkje kan importerast til søknaden. Dette gjeld fylgjande tiltak: Soner for pollinerende insekt, spredning av all husdyrgjødsel om våren/vekstseson, nedlegging av husdyrgjødsel, nedfelling av husdyrgjødsel og spreing av husdyrgjødsel med tilførselslange. Dersom det er kartteikningar som ikkje let seg importere frå tidlegare søknad, vil søkar få opplysning om at det er kartteikningar som ikkje let seg importere frå det han prøver å importere frå.

I den elektroniske søknaden markerer ein tiltaka i kartet, og på bakgrunn av markeringa i kartet vert søknadstal lagt inn i søknaden. Det søketalet som automatisk kjem opp kan ein overstyre manuelt med å endre tala etterpå. Det er svært viktig at ein sjekkar at dei tala som kjem opp automatisk stemmer med dei tala ein faktisk ynsker å leggje inn, og at ein eventuelt endrar det dersom der er avvik. Dersom ein ikkje får til å nytte funksjonane i søknadsskjemaet eller å endre søknadstala, kan ein i merknadsfeltet i søknaden skrive kva ein ynskjer å søke om tilskot for.

### **Kartfesting i søknaden for regionale miljøtilskot kan skje på fylgjande måtar:**

- Elektronisk søknad: digital kartfesting direkte i søknadsportalen ved bruk av kartverktøyet som ligg der
- Papirsøknad: papirkart med innteikningar levert til kommunen saman med søknadsskjema

NB! Tiltak i felles utmark kan diverre ikkje teiknast på kart i elektronisk søknad. Ved søknad om nye tiltak i felles utmark må såleis søkar teikne dette tiltaket på papirkart og levere til kommunen som legg det inn i elektronisk søknad. Tiltak i felles utmark som er lagt inn i elektronisk søknad kan, som for alle tiltak, importerast ved seinare søknadsomgangar.

Ein kan be kommunen om hjelp til å finne kart og til å kartfeste, men det er då viktig å kontakte kommunen i god tid før søknadsfristen.

### **Dersom ein ynskjer å finne arealopplysningar sjølv, er det to moglege kjelder:**

1. Gardskart er tilgjengeleg på heimesida til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på [www.gardskart.nibio.no](http://www.gardskart.nibio.no) (sjå enkel rettleiing under)
2. Økonomisk kartverk finst digitalt og i papirutgåve. Økonomisk kartverk kan skaffast frå kommunen eller frå Fylkesatlas på [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

### **Enkel rettleiing for bruk av Gardskart:**

- Gå inn på [www.gardskart.nibio.no](http://www.gardskart.nibio.no)
- Skriv kommunenamnet og gards- og bruksnummer
- Trykk på: **Søk i gårdskart**
- Ein kan velje arealfordeling i mange hovudklassar, men det er i hovudsak berre fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite som er aktuelle for regionale miljøtilskot (resten av klassane gjeld skog og utmark)

## Regionale miljøtilskot i jordbruket for Vestland 2023

### Tilskot til drift av bratt areal

Det kan gjevast tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad 1:5 eller brattare som eit driftsvansketilskot og for å ta vare på kulturlandskapet. Tilskotet kan gjevast for fulldyrka og overflatedyrka grasareal i drift (ikkje innmarksbeite), og for hagebruksareal i drift med næringsføremål.

Fulldyrka og overflatedyrka grasareal skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesongen. Areal med fleirårige hagebruksvekstar skal vere i aktiv drift med naudsynt skjøtsel av frukttre/bærbuskar/stauder, slått av undervegetasjonen minst ein gong i vekstsesongen, hausting og omsetting av frukt/bær/urter, eller omsetting av foredla produkt basert på frukt/bær/urter frå godkjent areal. Areal med eittårige hagebruksvekstar skal vere i aktiv drift med naudsynt skjøtsel, gjødsling, ugrasreinhold, hausting og omsetting av vekstar, eller omsetting av foredla produkt basert på vekstar frå godkjent areal. For omsetting av foredla produkt gjeld same omsetningskrav som for produksjonstilskot.

Tilskotet blir fastsett per dekar. NB! Det er ikkje noko avgrensing på utbetaling eller tal dekar per føretak innan tiltaket. Alle som disponerer og haustar minst 1 daa bratt gras- og/eller fruktareal i samsvar med krava over kan søke om tilskot.

I elektronisk søknad vil alt innmarksareal som eit føretak disponerer vere markert med blått i kartet, også innmarksbeite, sjølv om innmarksbeite ikkje kan godkjennast innan dette tilskotet. **NB! Søkar skal velje tiltaksklasse for slått eller hagebruksareal. Søkar skal deretter teikne kva areal som er slått og hausta som fôr, eller som det er dyrka hagebruksvekstar på, og som elles fyller skjøtelskrava innanfor det blå arealet. Når søkar slik markerer i kartet kva areal som er hausta/skjøtta (uavhengig av hellingsgrad), vil søknadsportalen sjølv finne bratt areal innanfor det teikna arealet. Søknadsportalen vil rekne ut og ved importering frå kartet legge inn i søknaden kor mange dekar bratt areal per hellingsgrad det er innanfor arealet som søkar har teikna (dvs innanfor det arealet søkar har hausta/skjøtta).** Det er tilstrekkeleg at søkar teiknar inn skjøtta areal der kartet markerer at det er bratt areal.

### Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Overflatedyrka og fulldyrka 1:5** **kr 361 per daa**  
(Slått og hausting til fôr på full- og overflatedyrka areal med hellingsgrad frå og med 1:5 til 1:3).
- **Overflatedyrka og fulldyrka 1:3** **kr 542 per daa**  
(Slått og hausting til fôr på full- og overflatedyrka areal med hellingsgrad frå og med 1:3).
- **Fruktdyrking 1:5 (gjeld også anna hagebruksareal)** **kr 867 per daa**  
(Produksjon for omsetning på frukt- og anna hagebruksareal med hellingsgrad frå og med 1:5 til 1:3)
- **Fruktdyrking 1:3 (gjeld også anna hagebruksareal)** **kr 1301 per daa**  
(Produksjon for omsetning på frukt- og anna hagebruksareal med hellingsgrad frå og med 1:3)

## For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til drift av bratt areal for å halde areala i hevd og ta vare på eit ope kulturlandskap. Dei brattlendte bruka og teigane er eit særpreg for jordbruket på Vestlandet. Det bratte arealet er tungdrive og arbeidsintensivt, og det er såleis ekstra utsett for å gå ut av drift. Den bratte innmarka står på hell, og den er såleis svært synleg i landskapsbildet. Ved å stimulere til slått og hagebruk i det bratte arealet, oppnår ein både matproduksjon, ope og stelt kulturlandskap med positive ringverknader for det kringliggjande plante- og dyrelivet, og at drift på marginale innmarksområde held fram.

## Avgrensingar

Tiltaket gjeld berre for hagebruksareal og fulldyrka og overflatedyrka grasareal i drift med hellingsgrad 1:5 eller brattare. Grasareal som berre er beita og/eller beitepusa kan ikkje godkjennast. Hagebruksareal som ikkje vert nytta i produksjon med næringsformål kan heller ikkje godkjennast.

## Sakshandsaming

I søknadsskjemaet får søkar opp alt innmarksareal som føretaket disponerer, både innmarksbeite og dyrka mark. Dette arealet er markert med blått i kartet. Søkar må innanfor det blå arealet teikne kva areal som er slått og hausta som fôr eller som det er dyrka hagebruksvekstar på med næringsformål og der skjøtselskrava er oppfylte. Søknadsportalen klypper deretter til bratt areal innanfor det søkar har markert. Kommunen må i si godkjenning sjå til at det berre er areal som oppfyller vilkåra som er stilte i forskrifta som er markert i kartet som medrekna areal. Dette for å unngå feilaktige utbetalingar av tilskot. **NB! Her må kommunane, som ein første kontroll, vere særskilte merksame på at både innmarksbeite og dyrka mark vil kome opp som blått og søkbart areal hjå søkar, trass i at innmarksbeite ikkje kan godkjennast for tilskot til drift av bratt areal i Vestland.**

Erfaringsmessig kan det vere krevjande for søkar å teikne rett areal i kartet. Innlagt areal kan hentast opp ved seinare søknadsomgangar frå og med 2020. Med mindre det er endringar i drifta, kan såleis eit føretak laste opp og nytte tidlegare kartregistreringar frå og med søknadsomgangen 2020. Feilteikning i kartet vil erfaringsmessig gje kommunane mykje meirarbeid i samband med sakshandsaminga, og det gjev fare for avkortingar for søkar. Ei korrekt førsteregistrering i kartet vil såleis vere til stor nytte både for søkar og kommune.

**Statsforvaltaren vil difor oppmode kommunane om å hjelpe førstegongssøkarar med kartregistreringar.**

Tidlegare har det vore eit minstekrav til kor mykje bratt areal eit føretak har måtta hausta for å koma inn under dette tiltaket. I og med at det frå og med 2019 ikkje lenger er noko slik nedre grense, er det langt fleire føretak som kan søke om tilskot til drift av bratt areal no enn tidlegare. Vidare gjeld tiltaket no og produksjon for omsetning på bratt hagebruksareal.

**Statsforvaltaren vil med bakgrunn i utvidingane av tiltaket frå og med 2019 oppmode kommunane om få nye føretak til å søke.**

## Kontroll

Grasarealet skal vere hausta som fôr minst ein gong i vekstsesongen. Dette kan vere vanskeleg å kontrollere i terrenget etter søknadsfristen. Kommunane bør difor vurdere å avtale synfaring tidlegare i vekstsesongen for dette og andre tiltak der tidspunktet for kontroll er avgjerande for resultatet for kontrollen. Omsetning av råvarer eller foredla produkt innan hagebruk skal kunne dokumenterast i gardsrekneskapen.

## Tilskot til drift av beitelag

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som er registrerte i Einingsregisteret og som har beitedyr i utmark. For at søknaden skal kunne godkjennast må:

- Beitelaget ha minst 2 medlemmar
- Dyra ha vore minst 5 veker på utmarksbeite
- Beitelaget ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve (minimumskrav er felles ettersankedato for beitelaget/kommunen)
- Beitelaget ha levert inn årsrapport i, eller som vedlegg til, søknaden (årsrapporten kan skrivast i fritekstfeltet i søknaden)

Årsrapporten skal innehalde:

- 1) Dato for årsmøte i søknadsåret
- 2) Sum midlar på konto per 1. november i søknadsåret
- 3) Kort årsmelding som syner aktivitet i beitelaget og målretta bruk av midlar for beitebruk i utmark i søknadsåret, samt eventuelle utfordringar for beitelaget og beitebruken

Tilskotet er ei driftsstøtte til fellestiltak kring beitebruk i utmark. Tilskotet kan brukast til alle investeringar eller tiltak i regi av beitelaget som er positive for beitebruken i utmark, også til gjerdehald mot utmark eller for lengre transport til og frå utmarksbeite.

Medlemmane kan søke beitelaget om støtte til investeringar eller tiltak som er positive for beitebruken i utmark. For større investeringar og tiltak kan beitelaget søke kommunen om investeringsstøtte i tillegg til driftsstøtta som beitelaget får gjennom Regionalt miljøprogram. NB! Både investeringsstøtta og driftsstøtta skal brukast til tiltak i utmark, ikkje på innmark.

Beitelaga kan velje å organisere seg per kommune slik at også føretak som er åleine i sitt utmarksområde kan vere medlem i eit beitelag. Det vil variere mellom beitelaga i kor stor grad samarbeid kring organisert tilsyn og sanking kan utførast grunna dyr i ulike beiteområde, men minimumskravet er felles ettersankedato for beitelaget eller kommunen. Mjølkekyr og mjølkegeit kjem inn under tiltaket dersom dei oppfyller kravet til minst 5 veker beiting i utmark og føretaket er medlem i eit beitelag.

Beitelag har eigen søknadsomgang med søknadsfrist 15.november.

Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Storfe/hest**                      **kr 35 per dyr sleppt på utmarksbeite**
  
- **Småfe**                              **kr 25 per dyr sleppt på utmarksbeite**

*(Tilskotet vert utmålt per dyr som er sleppt på utmarksbeite, og det er strenge krav til drift av og rapportering frå beitelaga, sjå definerte krav over.)*

For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Slikt samarbeid kan mellom anna gjelde tilsyn, sanking, transport av salt, rydding av stiar, etablering og vedlikehald av gjerde mot og i utmark, bruer, sankekeveer, ulike installasjonar, fagmøte, innkjøp av hjelpemiddel med meir



(opplistinga er ikkje uttømmende). Kravet til bruk av midlar i beitelaga er at tiltaka skal vere positive for beitebruk i utmark.

Vestlandet har svært gode og produktive fjellbeite, særleg i indre og høgareliggande strøk. Med færre aktive bønder vert det meir krevjande for dei som har dyr på utmarksbeite enn før. Dette gjeld både med tanke på tilsyn, sanking og manglande gjerdehald mot utmarka. Samarbeid innan Organisert beitebruk er difor truleg endå viktigare no enn før. Gjennom aktive og oppegåande beitelag kan ein forvente lågare tap, meir effektiv og rasjonell tilsyn og sanking, og auka kunnskapsformidling til, frå og innad i næringa. Beiting i utmark kan gje god tilvekst på dyra, ope landskap, biologisk mangfald, opne stiar, dyrevelferd og dyrehelse.

### Avgrensingar

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som oppfyller vilkåra i § 3 b) i forskrifta. Berre beitelag som er registrerte i Einingsregisteret med organisasjonsnummer ved søknadstidspunktet kan søke. Det er kun den som er registrert som leiar for beitelaget i Einingsregisteret som kan søke om tilskot på vegne av laget. Rett leiar må såleis vera registrert i Einingsregisteret før søknadsfristen. Leiar søker på vegne av laget via Altinn (lenke til elektronisk søknad ligg på [www.statsforvaltaren.no/vl/rmp](http://www.statsforvaltaren.no/vl/rmp) ).

Tilskotet kan og gå til lag som ikkje har «beitelag» eller «sankelag» i namnet. Det vesentlege er kva drift laget utfører, ikkje namnet, men det må gå fram av vedtektene at laget arbeider med samarbeid om beitebruk i utmark. Både investeringsstøtte og driftsstøtte kan berre brukast til tiltak i utmark, ikkje til tiltak på innmark. Med utmark meiner ein det som i AR5 ikkje er klassifisert som innmark (innmark er fulldyrka og overflatedyrka areal, samt innmarksbeite), bebygd, samferdsle eller vatn. Enkelte stader er det tradisjon for å gjerde inn deler av utmarka og la dyra beite der. Dette vert då ei gråson, og her lyt kommunane bruke skjønn. Dersom ein gjerder inn store utmarksareal bør det reknast som utmark og kan godkjennast. Dersom ein derimot gjerder inn mindre areal av utmark, slik at der i praksis fungerer som eit innmarksbeite (styrt beiting), skal det ikkje godkjennast.

### Sakshandsaming

Kommunane skal handsame søknadane frå beitelaga i eStil OBB. Tilskotet vert utmålt per dyr som er sleppt på utmarksbeite, og det er strenge krav til drifta i beitelaga og til innhaldet i søknadane til beitelaga for at søknadane skal kunne godkjennast. Kommunane skal i si handsaming av søknadane sjå til at vilkåra i forskrifta, inkludert rapporteringskrava 1-3 (sjå forskrifta), er oppfylte for at søknadane skal kunne godkjennast. **NB! Dersom rapporteringskrava ikkje er oppfylte, SKAL ikkje søknadane godkjennast (dette har faglaga i jordbruket i Vestland sett som eit absolutt krav), men kommunen kan (og bør) gje beitelaga moglegheit til å ettersenda dokumentasjon. Søknader kan såleis godkjennast dersom manglande dokumentasjon vert ettersendt.** Kravet til målretta bruk av midlar i søknadsåret kan fråvikast dersom beitelaget gjennom årsmeldinga omtalar konkrete investeringar/satsingar som laget sparar midlar til. Målet med strenge krav til rapportering og aktivitet er å sikre aktive beitelag, aktiv beitebruk og målretta bruk av midlane for beitebruk i utmark. Gjennom god og konkret rapportering i årsmeldingane i søknadane får og Statsforvaltaren innhenta viktig informasjon om beitebruk i utmark som bakgrunn for sitt tapsførebyggande arbeid.

Statsforvaltaren og faglaga i jordbruket i Vestland ynskjer ei målretta satsing for beitebruk i utmark, og Statsforvaltaren **oppmodar kommunane om å ha ei tettare oppfølging av beitelaga enn tidlegare** som ein del av denne satsinga.

I dette ligg primært at kommunane:

- Ser til at vilkåra, inkludert rapporteringskrava 1-3, er oppfylte ved handsaming av søknadane
- Kontaktar beitelag som ikkje oppfyller krava, med målsetting om at det skal kome på plass til neste søknadsomgang

Vidare er det ynskjeleg at kommunane:

- Oppmodar lite aktive lag til auka aktivitet og auka målretta bruk av midlar for beitebruken i utmark
- Medverkar til felles ettersankedato for eit beitelag/for beitelaga i kommunen
- Medverkar til ei organisering av beitelaga i kommunen som tener beitebruken og inkluderer flest mogeleg
- Stimulere til at alle som har beitedyr i utmark, både småfe og storfe, er medlemmar i eit beitelag. Dette vil styrke fagmiljøet, redusere tapstalet, rasjonalisere beitebruken i utmark, styrke økonomien i beitelaget (auka driftstilskot), og ikkje minst gje einskildbonden mogelegheit til å søke om tilskot frå beitelaget eller kommunen til målretta tiltak for beitebruk i utmark

Dersom nokon ynskjer å etablere nytt beitelag, har dei frist fram til 15. november med å få registrert det i Einingsregisteret. Mal for vedtekter ligg på nettsidene til Norsk Sau og Geit, sjå: [www.nsg.no](http://www.nsg.no) .

#### Kontroll:

Kommunane skal i si handsaming av søknadane sjå til at vilkåra i forskrifta, inkludert rapporteringskrava 1-3(sjå forskrifta), er oppfylte for at søknadane skal kunne godkjennast. Dersom rapporteringskrava ikkje er oppfylte, SKAL ikkje søknadane godkjennast, men kommunen kan (og bør) gje beitelaga mogelegheit til å ettersenda dokumentasjon. Søknader kan såleis godkjennast dersom manglande dokumentasjon vert ettersendt

### Tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

(skjøtselsbeiting med ammegeit, kje, bukkar og kasterte bukkar på innmarksbeite)

Det kan gjevast tilskot for styrt skjøtselsbeiting av verdifulle jordbruksareal her avgrensa til ugjødsla innmarksbeite som har vore ekstensivt drive eller som har vore ute av drift. Tiltaket gjeld ammegeit, kje, bukkar og kasterte bukkar som beiter minst 5 veker på inngjerda/avgrensa innmarksbeite som ikkje vert slått, beitepussa eller gjødsla. Skjøtselsbeitinga skal gjennomførast med høveleg beitetrykk utan støttefôring, og beitinga skal vere styrt. Det vil sei at dyra skal gjere ein reell ryddejobb i beitet, og dyra skal vere avgrensa av gjerde (nettinggjerde, mobilt eller permanent elektrisk gjerde, eller virtuelt gjerde som til dømes Nofence) og/eller terrenget.

Tiltaket skal medverke til å hindre at innmarksbeite gror til og blir til skog. Innmarksbeitet skal difor bere preg av attgroing ved beitestart, og beitet skal ha innslag av buskar og/eller renningar av tre ved beitestart kvar sesong utover det som står i gjerdelinja.

Beitinga skal kombinerast med manuell skjøtsel slik at ringborka og døyande tre vert felte, og at felt virke blir fjerna eller lagra diskret i terrenget.

Dyra skal ikkje beite saman med dyr frå andre buskpar under skjøtselsbeitinga.

#### **Dokumentasjon:**

Bilde av beitet ved beitestart skal leggjast ved søknaden.

### **Tilskotsavgrensing:**

Det kan berre gjevast tilskot for beiting av same areal i maksimalt 5 år. Tiltaket er avgrensa til ugjødsla innmarksbeite då desse jordbruksareala har størst potensiale for biologisk mangfald og er mest attgroingstruga med fare for tap av matproduserande areal, ope landskap og biologiske verdier. Innmarksbeitet skal ha vore ute av drift eller ekstensivt drive slik at skjøtelsbeitinga kan bidra til å berge dei over nemnde verdiane.

### Utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Kr 350 per dyr**

*(Styrt skjøtelsbeiting med ammegeit, kje, bukkar og kastrerte bukkar på attgroingstruga innmarksbeite)*

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å medverke til å hindre at innmarksbeite gror til og blir til skog.

### Avgrensingar

Tilskotet kan kun gjevast for styrt beiting med geit på ugjødsla innmarksbeite som har vore ekstensivt drive eller som har vore ute av drift og som ikkje vert slått eller beitepussa. Innmarksbeitet skal bere preg av attgroing ved beitestart. Det kan berre gjevast tilskot for beiting av same areal/same avgrensing av eit beite i maksimalt 5 år.

### Sakshandsaming

Bilde av beitet ved beitestart skal leggjast ved søknaden. Dersom bilde ikkje ligg ved søknaden, kan kommunen be søkar om å ettersende det. Bildet skal kunne gje kommunen grunnlag for å sjå om arealet ber preg av attgroing eller ikkje, og om tiltaket såleis kan godkjennast eller ikkje.

Det er den som eig dyra og som søker produksjonstilskot for dyra som kan søke på dette tiltaket.

### Kontroll

Kommunen skal ved gjennomgang av kartmateriale, bildemateriale eller kontroll i terrenget kunne fastslå at arealet i gardskart er definert som innmarksbeite og at dette beitet ber preg av attgroing ved beitestart.

### Tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark

(gjeld sau på utmarksbeite frå og med 600 moh)

Det kan gjevast tilskot for beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark, her avgrensa til utmarksbeite som ligg 600 meter over havet eller høgare. Tiltaket gjeld sau over eitt år som beiter minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauene ligg minst 600 meter over havet. Vidare må føretaket vere medlem i eit beitelag jf § 3b. Dersom kun deler av buskape har hovudbeiteområdet sitt over 600 moh, kan ein søke tilskot for den delen av buskape som oppfyller høgdekravet. Namnet for beiteområdet for føretaket bør skrivast i merknadsfeltet i søknaden.

Sauen er den viktigaste landskapspleiaren i utmarka grunna fôrval, beitemønster, utbreiing, omfang og med liten fare for trakk-skadar. Utmarksbeite er den tradisjonelle driftsforma for sau sommarstid i Vestland, men tal sau i utmark går diverre nedover. Sauen si beiting i utmarka er viktig for å oppretthalde ope landskap og opne stiar, og beitinga er positiv for det biologiske mangfaldet. Beiting i utmark er og klimavenleg ved at den produserer mat på areal som elles ikkje kunne vore nytta til matproduksjon, i tillegg til at beiting over tregrensa vil auke albedo-effekten (reflektering av sollyset) og såleis bidra til mindre oppvarming. Dei høgareliggande beita er dei mest verdifulle utmarksbeita med omsyn til beitekvalitet, dyrevelferd og klimavenleg beiting (jf albedo-effekten).

#### **Tilskotsavgrensing:**

Det kan gjevast tilskot for inntil 100 sauer per føretak.

Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Småfe** **Kr 25 per dyr (sau over eitt år)**

*(Tilskot for sau på utmarksbeite som ligg 600 moh eller høgare, der føretaket er medlem i eit beitelag)*

For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til beiting med sau i utmark for å oppnå dei positive konsekvensane av beitinga nemnt over (ope landskap, opne stiar, styrking av biologisk mangfald og klimavenleg matproduksjon). Dei høgareliggande beita er dei mest verdifulle utmarksbeita med omsyn til beitekvalitet, dyrevelferd og klimavenleg beiting. Det er meir krevjande med tilsyn og sanking av høgareliggande beite enn lågareliggande beite. Tiltaket er spissa til å stimulere til å nytte dei verdifulle høgareliggande beita.

#### Avgrensingar

Tilskotet kan kun gjevast til føretak som er medlem i eit beitelag, og det kan gjevast tilskot for inntil 100 sauer per føretak. Tiltaket gjeld sau over eitt år som beiter minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauen ligg minst 600 meter over havet.

#### Sakshandsaming

Kommunen skal sjekke at føretaket er medlem i eit beitelag for at tiltaket skal kunne godkjennast. Kommunen må såleis kontakte aktuelle beitelag for medlemslister som ein kan sjekke mot.

#### Kontroll

Tiltaket er tillitsbasert, og det er ikkje forventa at kommunen skal kunne etterprøve kor mange sauer eit føretak har som har hovudbeiteområde som ligg minst 600 meter over havet. Det er likevel forventa at kommunen med sin lokalkunnskap skal kunne luke ut dei føretaka som ikkje har sauer som beiter frå 600 moh eller høgare.

## Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap (slått av dyrka mark utan vegforbinding)

Det kan gjevast tilskot for slått av fulldyrka og overflatedyrka areal utan vegforbinding for å oppretthalde jordbrukslandskap. Det skal ikkje vere mogeleg å køyre med bil eller firhjulstraktor til arealet, heller ikkje tilkomst med bilferje. Arealet kan derimot ha tilkomst med tohjulstraktor og ATV, og arealet kan ha tilkomst med kombikatamaran. Sjølv om det ikkje skal kunne køyrast med firhjulstraktor til arealet, kan firhjulstraktor nyttast i drift av arealet (døme: veglause gardar som har tilkomst med kombikatamaran).

Dersom slåtteearealet og/eller driftssenteret er veglaust (dvs utan vegforbinding eller tilkomst med bilferje), kan slåtteearealet godkjennast. Det vil sei at:

A: Slåtteeareal vert rekna som veglaust og kan godkjennast dersom det ikkje går an å transportera fôr **frå slåtteearealet til driftssenteret** med firhjulstraktor via veg eller bilferje.

B: Slåtteeareal vert rekna som veglaust og kan godkjennast dersom **driftssenteret er utan vegforbinding eller tilkomst med bilferje** (driftssenter som har tilkomst med kombikatamaran vert rekna som veglause driftssenter). I dette ligg at slåtteeareal som ligg på ei øy utan tilkomst med bilferje skal reknast som veglaust areal og kan godkjennast sjølv om fôret kan transporterast frå slåtteearealet til driftssenteret med firhjulstraktor inne på øya. For veglause driftssenter på fastlandet vil det same gjelde, slik at areal der kan godkjennast sjølv om fôret kan transporterast frå slåtteearealet til driftssenteret med firhjulstraktor.

Arealet skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesongen, berre beitepussing kan ikkje godkjennast.

### Utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Kr 1250 per dekar**

**Inntil 30 dekar per føretak**

*(Slått og hausting til fôr av full- og overflatedyrka areal på veglause areal)*

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til å halde verdifulle jordbruksområde i hevd og hindre attgroing. Veglause gardar og teigar som er i drift er viktige innslag i kulturlandskapet. Dei kan ofte formidle kunnskap om tidlegare tiders folk og levesett, og dei er såleis berarar av kulturhistorie. Desse jordbruksareala kan vidare ofte tilby andre leveområde og ressursar til dyr og planter enn naturen rundt, og dei kan såleis ha ei spesiell rolle med tanke på det biologiske mangfaldet.

### Avgrensingar

Arealet skal vere i drift og haustast ved slått til dyrefôr for å kunne godkjennast. Det er ikkje tilstrekkeleg å slå arealet med beitepussar eller å slå arealet for så å dumpe graset. Tilskotet skal gå til føretak som har ein reell meirkostnad med å drive veglause areal. Det skal ikkje vere mogleg å transportere driftsmidlar med bil, firhjulstraktor eller via bilferje til og frå arealet, sjå transportkrava over. Tilskotet er ikkje eit reint kulturlandskapstilskot, men og ein kompensasjon for nokre av dei meirkostnadene det er å drive eit veglaust areal. Det difor krav om at graset skal nyttast som fôr.

### Sakshandsaming

Kommunen skal kunne fastslå at arealet er veglaust jf definisjonen over for at tiltaket skal kunne godkjennast.

### Kontroll

Det er viktig at arealet er i reell drift med dei arbeidsoperasjonar ein kan forvente ved drift av slåttemark. Graset skal nyttast som fôr, og brukar må difor ha rutinar for korleis fôret blir frakta fram til dyra. Det kan vere vanskeleg å kontrollere om arealet er slått ved kontroll etter søknadsfristen. Kommunane bør difor vurdere å avtale kontroll tidlegare i vekstsesongen for dette og andre tiltak der tidspunktet for kontroll er avgjerande for resultatet for kontrollen.

## Tilskot til slått av slåttemark

(gjeld slått av slåttemark og lauveng registrert i Naturbase)

Det kan gjevast tilskot for slått av slåttemark og lauveng registrert i Naturbase der slåttan er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeida eller sprøyta med plantevernmidlar. Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa.

For lokalitetar som er registrerte i Naturbase med anna verdi/kvalitet enn «Svært viktig», «Viktig» eller «Lokalt viktig», skal ein nytte tiltaksklassen «Viktig» i søknadsskjemaet. Registrering i Naturbase er ikkje nok til å få tilskot, då skjøtselskrava også skal vere oppfylte.

Føretak som skjøttar areal som kan vere aktuelle for dette tiltaket, men der arealet ikkje er registrert i Naturbase, må kontakte kommunen for om mogleg å få arealet vurdert og lagt inn i Naturbase før det kan søkast tilskot. Godkjenning og registrering i Naturbase vert utført av Statsforvaltaren, og den prosessen kan ta litt tid.

Slåttan skal gjerast i samsvar med fastsette skjøtselsråd; sjå skjøtselsråd for slått av slåttemark og lauveng under.

### **Tilskotsavgrensing:**

Det kan gjevast tilskot for inntil 40 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter § 14 *Soner for pollinerande insekt*.

Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Kr 1250 per dekar**

**Inntil 40 dekar per føretak**

- **Svært viktig**                      **kr 1250 per daa**
- **Viktig**                              **kr 1250 per daa**
- **Lokalt viktig**                      **kr 1250 per daa**

(Slått av slåttemark og lauveng utført i samsvar med skjøtselsråd for inntil 40 daa per føretak. NB! Areal skal vere registrerte i Naturbase som slåttemark eller lauveng)

### Skjøtselsråd for slått av slåttemark og lauveng

Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse. Dersom det ikkje finst særskilte skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generelle rettleiing for drifta, jf. krav om at slåttan skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra:

- **Slått bør bli utført med lett, skjerande slåttestyr** som ljà, lett slåmaskin med slåttekniv eller kantklyppar med firkant- eller trekantblad, avhengig av kva arealet toler. Ein skal ikkje slå lågare enn 7 – 10 cm for å skåne vitale plantedelar og insekt. Pussing med beitepussar blir ikkje rekna som slått.
- **Arealet må bli slått seint kvart år** til dømes i løpet av juli eller tidleg august. Dei spesielle blomsterartane i gamle slåttenger er avhengige av sein slått for å overleve. Dersom slåttan blir for tidleg, rekk ikkje blomstrane å setje modne frø som kan spire neste år.
- **Graset/høyet må bli fjerna frå arealet.** Gras som blir liggande igjen vil ha gjødslingseffekt, til skade for den artsrike vegetasjonen. Daudgras vil i tillegg gje dårlege spireforhold for plantene om våren, og det vil skape kjølegare og mørkare forhold der det vert vanskelegare for overvintrande insekt å klekke.
- **Ein bør ha beiting vår og/eller haust (avhengig av klima og høgd over havet) med sau eller lett storfe, og helst med same type husdyr og etter same beitemønster som tidlegare.** Beiting med tyngre storferasar er ueigna grunna tråkkadar og slitasje. Vårbeitinga bør vere ferdig innan midten av mai, eller utgangen av mai i indre strom, slik at frø frå blomsterartane rekk å bli modne før slåttan. Beiting om hausten kan gjerne vere så lenge som råd/ut september.
- **Jordarbeiding, gjødsling, kalking eller isåing er ikkje aktuelt i ei artsrik eng** då dette vil endre vegetasjonen. Særs sur eng med pH lågare enn 4,0 kan likevel bli kalka med skjelsand med ei mengd som er utrekna for å nå pH 4,0. Andre unntak er den naturlege husdyrgjødsling som vert liggjande etter vår- og haustbeiting, og tradisjonell gjødsling med særsmå mengder fast sauegjødsling med erfaringar om at dette ikkje har skada enga. Her kan ein etter nærare vurdering drive vidare på same måte.
- **Moderat tilleggsfôring.** Ved eventuell beiting av arealet bør ikkje driftsopplegget vere basert på mykje tilleggsfôring, då dette kan føre til oppgjødsling av arealet. Ekstra næringstilførsle kan gi meir grasvekst og redusert biologisk mangfald.

## For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til slått av den utvalde naturtypen slåttemark for å ta vare på eller forbedre naturtypen. Slåttemark er ugjødsle enger som er leveområde for mange truga planter, sopp og insekt. Dei omfattar òg naturtypen lauveng, som er slåttemark med spreidde lauvtre der lauvet blir hausta som fôr. Det er særst få slike areal igjen etter moderniseringa i landbruket. Tilskotet gjeld areal som er registrert i Naturbase som utvald naturtype slåttemark. NB! Dersom ein lokalitet er kartlagt/verdivurdert etter både DN-håndbok 13 og etter NiN-systemet, er det berre figuren etter NiN-kartlegginga som vil visa i elektronisk søknad og som skal leggast til grunn for RMP-søknaden. Tiltaksklassane tilsvarar verdisettinga av arealet i Naturbase for DN-håndbok 13-lokalitetar. NiN-lokalitetar skal søkast på under tiltaksklasse «viktig» i søknadsskjemaet.

## Avgrensingar

iTilskotet gjeld berre slåttemark og lauveng som er registrert i Naturbase. Det er ikkje høve til å søke på areal som er kartlagt, men som ikkje er lagt inn i Naturbase. For å få tilskotet er det er ikkje tilstrekkeleg at arealet berre vert beita, men det er ønskjeleg at areala vert vår- og haustbeita i tillegg til slåttan. Arealet må slåast og graset må fjernast, men det er ikkje krav om at fôret skal nyttast. Frå og med 2023 kan det ikkje lenger søkast om tilskot til truga naturtypar for “vente-lokalitetar”, slik ordninga har vore dei siste fire åra (gjeld lokalitetar som ikkje ligg i Naturbase).

Nokre av lokalitetane som kan godkjennast kvalifiserer i tillegg til tilskot frå Miljødirektoratet si tilskotsordning *Tiltak for trua naturtyper*. I slike tilfelle vil søkar kunne søke om tilskot for same lokalitet både gjennom regionale miljøtilskot og tilskot til truga naturtypar.

## Sakshandsaming

Det er viktig at slåttan av desse areala vert gjennomført slik at kvalitetane til naturtypen blir teke vare på eller forbedra. Det vil sei at slåttan må utførast med lett slåtteutstyr og seint slåttetidspunkt, og at arealet ikkje skal gjødslast, jordarbeidast eller sprøytast jf. skjøtselsråda.

Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å melde inn aktuelle nye lokalitetar for registrering i Naturbase, samt melde ifrå om lokalitetar som eventuelt bør fjernast frå Naturbase. Alle slike meldingar skal sendast til Statsforvaltaren på fylgjande e-postadresse: [fmvlnaturbase@statsforvalteren.no](mailto:fmvlnaturbase@statsforvalteren.no). Sjå elles nærare info om rutine for innmelding under kapittelet «Oppdatering av Naturbase».

Lokalitetar som er registrerte i Naturbase kan omfatte større areal enn det som faktisk vert slått og halde i hevd. Det kan og vere område innanfor arealet som ikkje er ein del av det biologisk verdifulle arealet. Kommunane må såleis i kvart høve vurdere om søkaren har oppgeve ein rimeleg arealstorleik.

## Kontroll

Målet med tilskotet er at naturtypen skal bli teken vare på eller forbedra. Å følgje skjøtselsråda er eit middel for å nå målet, og søkar bør følgje skjøtselsråda for å ta vare på slåttemarka. Der det finst skjøtselsråd for den konkrete lokaliteten i Naturbase, bør søkar følgje desse. Kommunane bør følgje med på utviklinga av lokalitetane over tid for å sjå at det til dømes ikkje vert danna tuer og kjem inn artar som tyder på at det ikkje er gjennomført slått i tråd med skjøtselsråda over. Det kan vere vanskeleg å utføre kontroll for dette tiltaket i terrenget etter søknadsfristen. Kommunane bør difor vurdere å avtale synfaring tidlegare i vekstsesongen for dette og andre tiltak der tidspunktet for kontroll er avgjerande for resultatet for kontrollen.



## Tilskot til beiting av kystlynghei (gjeld vinterbeiting av kystlynghei registrert i Naturbase)

Det kan gjevast tilskot for vinterbeiting av kystlynghei som er registrert i Naturbase.

### Vilkår

- Beitinga skal gjennomførast med tilpassa beitetrykk slik at naturtypen blir teken vare på eller forbetra, og at landskapet ber preg av beiting. Areal som er prega av attgroing kan ikkje godkjennast sjølv om det beiter dyr i området.
- Det er krav om minst 3 månader vinterbeiting med tilstrekkeleg og tilpassa beitetrykk. Vinterbeiting er beiting i vinterhalvåret frå september til februar.
- Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmiddel.
- Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase. Registrering i Naturbase er ikkje nok til å få tilskotet, sidan skjøtselskrava også skal vere oppfylte. Føretak som skjøttar areal som kan vere aktuelle for dette tiltaket, men der arealet ikkje er registrert i Naturbase, må kontakte kommunen for å få arealet vurdert og lagt inn i Naturbase før det kan søkast tilskot. Godkjenning og registrering i Naturbase vert utført av Statsforvaltaren, og denne prosessen kan ta litt tid.

For lokalitetar som er registrerte i Naturbase med anna verdi/kvalitet enn «Svært viktig», «Viktig» eller «Lokalt viktig», skal ein nytte tiltaksklassen «Viktig» i søknadsskjemaet.

Felles areal i utmark kan diverre ikkje teiknast inn gjennom den digitale kartløyninga i søknaden. Dersom ein ynskjer å søke om tilskot for nye lokalitetar i felles utmark, må søkar difor teikne desse på anna kart og levere til kommunen, som legg arealet til i elektronisk søknad. Kartteikningar som er registrerte i elektronisk søknad kan derimot, som for alle tiltak, importerast til seinare søknadsomgangar.

Eit føretak kan berre søke tilskot for areal der ein har beiterett eller avtale om leigebeiting. Dersom det er beitedyr frå ulike føretak som beiter på same arealet, må arealet i søknadane delast mellom føretaka. Dette fordi tilskotet blir betalt for den skjøtselsjobben som beitedyra gjer, og tilskotet kan berre betalast éin gong for eit gitt areal i same søknadsomgangen.

Gardskart kan i nokre tilfelle vise feil for eigedomsgrenser i utmark. Ein må i så fall kontakte kommunen, slik at dei kan rette eventuelle feil i kartet.

Beitinga skal utførast i samsvar med fastsette skjøtselsråd; sjå skjøtselsråd for beiting av kystlynghei under.

### Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Kr 20 per dekar**  
**Inntil 500 dekar per føretak**
- **Svært viktig**                      **kr 20 per daa**
- **Viktig**                                **kr 20 per daa**
- **Lokalt viktig**                        **kr 20 per daa**

*(Vinterbeiting av kystlynghei der landskapet ber preg av beiting og beitinga fremjar kystlyngheia. Det er krav om at areala er registrerte i Naturbase som kystlynghei.)*

### Skjøtselsråd for beiting av kystlynghei

Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse. Dersom det ikkje finst særskilde skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generelle rettleiing for drifta, jf. krav om at beitinga skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teken vare på eller forbetra:

- **Beitetid:** Det er oftast best effekt når beitedyra går i lyngheia heile døgnet, men beitinga kan òg vere kombinert med inneføring eller føring på føringsplass. Berre sommarbeite er ikkje nok, sidan dyra i vekstsesongen føretrekk næringsrikt gras. Vinterbeite er naudsynt for å få god nok skjøtsel av kystlyngheia. Tidleg vårbeiting er bra for å hindre oppslag av busker og tre. I område med blåtopp er det viktig med tilstrekkeleg beitetrykk i april/mai.
- **Beitetrykk:** Det er viktig at beitetrykket er tilpassa kvaliteten på lyngen. Alderen og utsjånaden på lyngen avgjer kor mykje areal ein treng for kvar sau på vinterbeite. Rettleiande råd kan til dømes vere:
  - Lynghei i moderat til god hevd med noko innslag av grasmark: ca 15 dekar netto lyngmark per vinterbeitande morsau
  - Lynghei i dårleg til moderat hevd: 20-25 dekar netto lyngmark per vinterbeitande morsau. Dette arealet er ikkje tilstrekkeleg dersom lyngen er gamal og grov. I område med gamal lyng bør ein ikkje ha dyr på vinterbeite før ein har brent lyngen.Ein har ikkje tilsvarande råd om arealbehov for storfe.
- **Brenning:** Der det er gamal lyng bør ein svi for å fornye lyngen og sikre god beiteverdi. I tradisjonell drift av kystlynghei inngår både vinterbeiting og lyngsviing. På kystlynghei i drift bør alt arealet vere svidd i løpet av ein 15-årsperiode. På vindutsette plassar ut mot havet og der beitetrykket er høgt, kan lyngen halde seg frisk noko lenger.
- **Moderat beitetrykk etter brenning for å sikre at røsslyng kjem opp:** Dei unge røsslyngspirene er attraktive beiteplanter. For høgt beitetrykk like etter brenning kan føre til at røsslyngen som spirer i nybrente område blir nedbeita, og då blir det ikkje rekruttert ny røsslyng i området.
- **Dyrevelferd:** Det skal vere god dyrevelferd, og husdyrhaldet skal vere i tråd med regelverk for husdyrhald og Mattilsynet sine tilrådingar. Dette omfattar mellom anna løyve for å halde dyr utan tilgang på hus, krav til merking, krav om tilsyn og kor tamme dyra skal vere, tilleggsføring ved behov og føring av dyrehaldjournal. For å sikre god dyrevelferd for dyr på vinterbeite må dyra ha tilstrekkeleg tilsyn, og dyreslag og rase må vere tilpassa

driftsopplegget. Ein bør vere varsam med å sleppe sau på vinterbeite i område der lyngen ikkje har vore brend eller beita på meir enn 25 år. I slike område bør ein først svi for å få opp ny lyng. Etter sviing er det viktig med sommarbeite for å halde graset nede og så gradvis trappe opp beitetrykket om vinteren etter kvart som lyngen kjem i gang.

- **Moderat tilleggsfôring ved behov:** Beiteopplegget bør ikkje vere basert på fast tilleggsfôring gjennom heile vinteren. Fast tilleggsfôring kan føre til oppgjødsling av lyngareala sidan ekstra fôring gir meir gjødsel og høve til å ha fleire dyr på same arealet. Ekstra næringstilførsle gir meir grasvekst og fare for at lyngen minkar og forsvinn. I periodar med vanskeleg tilgang til lyng er tilleggsfôring viktig. Dersom beitekvaliteten er slik at dyra treng tilleggsfôring i lange periodar er det for mykje gamal lyng. Kystlyngheia vert då ikkje godt nok skjøtta gjennom beitinga, og tilskot kan ikkje tildelast.
- **Moderne storferasar på vinterbeite i kystlyngheia er ikkje tilrådeleg:** Slik drift kan gi mykje tråkkskadar. Det vil òg vere behov for stor grad av tilleggsfôring, som bidrar til oppgjødsling av areala, og redusert verdi av naturtypen.

#### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til at naturtypen kystlyngheia blir teke vare på gjennom beiting. Kystlyngheia er menneskeskapt gjennom brenning, beiting og slått, og den er ein av dei eldste kulturmarkstypane våre. Store delar av lyngheiene gror i dag diverre att grunna svakare beiting og mindre brenning. Noreg har eit ekstra ansvar for å ta vare på denne naturtypen, og utbreiinga av lyngheia på Vestlandet utgjer mykje av lyngheiene i Noreg.

#### Avgrensingar

Tiltaket gjeld areal som er kartlagt og definert som utvald naturtype kystlyngheia i Naturbase. Det er ikkje høve til å søke på areal som er kartlagt, men som ikkje er lagt inn i Naturbase. Frå og med 2023 kan det ikkje lenger søkast om tilskot til truga naturtypar for "vente-lokalitetar", slik ordninga har vore dei siste fire åra (gjeld lokalitetar som ikkje ligg i Naturbase).

Registrering i Naturbase er ikkje nok i seg sjølv for å kvalifisere til tilskot. I tillegg til at arealet skal vere registrert i Naturbase, må òg vilkåra vere oppfylte, til dømes at arealet ikkje er prega av attgroing men at arealet ber preg av beiting.

NB! Dersom ein lokalitet er kartlagt/verdivurdert etter både DN-håndbok 13-kartlegging og NiN-kartlegging, er det berre figuren etter NiN-kartlegginga som vil visa i elektronisk søknad og som skal leggjast til grunn for RMP-søknaden. Tiltaksklassane tilsvarar verdisettinga av arealet i Naturbase for DN-håndbok 13-lokalitetar, NiN-lokalitetar skal søkast på under tiltaksklasse «viktig» i søknadsskjemaet.

Med vinterbeiting meiner ein beiting i vinterhalvåret frå september til februar der dyra tek opp det vesentlege av næringstrongen frå beite. Det er ikkje sett krav om kva dyreslag som skal beite i kystlyngheia.

Nokre av lokalitetane som kan godkjennast kvalifiserer i tillegg til tilskot frå Miljødirektoratet si tilskotsordning for utvalde naturtypar. I slike tilfelle vil søkar kunne søke om tilskot for same lokalitet både gjennom regionale miljøtilskot og tilskot for utvalde naturtypar.

### Sakshandsaming

Kommunen må undersøke at omsøkt areal er del av relevante naturbaselokalitetar. Sjølv om føretaket òg har beitedyr utanfor ein lokalitet, er det berre areal innanfor sjølve naturbase-lokaliteten som kan inngå i arealgrunnlaget for tilskot.

Kommunane må i kvart høve vurdere om søkaren har oppgjeve ein rimeleg arealstorleik. Tilskotet blir utmålt per dekar. Sjø, vatn, skog og samanhengande område med bart fjell skal ikkje inngå i arealgrunnlaget. Kommunen må anten prøve å teikne nøyaktig, eller redusere godkjent verdi slik at det er reell kystlynghei som inngår i arealgrunnlaget.

Kommunen bør undersøke om eventuelt omsøkt areal utanfor naturbase-lokalitetar kan ha behov for kartlegging. Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å melde inn aktuelle nye lokalitetar for registrering i Naturbase, samt melde ifrå om lokalitetar som eventuelt bør fjernast frå Naturbase. Alle slike meldingar skal sendast til Statsforvaltaren på e-post: [fmvlnaturbase@statsforvalteren.no](mailto:fmvlnaturbase@statsforvalteren.no) For nærare informasjon om rutine for innmelding; sjå kapittelet «Oppdatering av Naturbase».

Dersom det er beitedyr frå ulike føretak på same areal, må arealet i søknaden delast mellom føretaka. Dette må kommunen rette opp i ved behov.

### Kontroll

- Kommunen må vurdere om alt omsøkt areal faktisk blir beita, då lokalitetar i Naturbase kan omfatte større areal enn det som blir skjøtta. Kommunen bør etterspørje tidspunkt for vinterbeiting.
- Kommunen må vurdere om arealet er prega av attgroing, og då ikkje kan godkjennast sjølv om det beiter dyr i området.
- Kommunen må òg vurdere om det er andre tilhøve ved drifta som gjer at naturtypen ikkje blir teke vare på, til dømes beitetrykk. Dersom det er mykje gras på tørre område og lite lyng, kan det bety at området blir beita for hardt. Er det mykje oppslag av lauvtre og gamal forveda lyng (over 20-30 cm) er det teikn på for lågt beitepress. Brenning vil her vere eit tiltak.

Tiltaket skal vere utført i samsvar med fastsette skjøtselsråd for å nå målet om å ta vare på lyngheia. Søkar bør følgje skjøtselsråda i Naturbase dersom det finst slike for den aktuelle lokaliteten. Kommunane må kontakte Mattilsynet dersom ein er i tvil om søkar fyller regelverka for dyrehald. Søkar må halde Mattilsynet sine krav til tamme dyr, dyrevelferd, tilgang på skjul, mat, vatn for dyra, merking av dyr osb.

## Tilskot til brenning av kystlynghei

(gjeld brenning av kystlynghei som vert vinterbeita og som er registrert i Naturbase)

Det kan gjevast tilskot for brenning av kystlynghei registrert i Naturbase. Tilskotet kan berre gjevast for brenning av areal som er godkjent for Tilskot til beiting av kystlynghei.

### Vilkår

- Brenning må vere gjennomført slik at kystlyngheia blir teke vare på eller forbetra. Lyngheier må bli brent med jamne mellomrom, om lag kvart 15. år, for å oppretthalde god beitekvalitet vinterstid. Etter brenning får lyngen raskt god kvalitet.
- Tilskotet kan gjevast for areal registrert som kystlynghei i Naturbase, og det kan berre gjevast som eit tillegg til tilskot etter § 10 Beiting av kystlynghei. Tilskotet gjeld såleis kun skjøtselsbrenning av kystlynghei i drift. Dersom området er attgrodd, vil det vere behov for større skjøtselsbrenning *før* ein kan søke om tilskotet. Til slik restaurerings-brenning kan ein søke kommunen om SMIL-midlar.
- Brenninga skal utførast i tidsrommet mellom 15. september og 15. april og etter avklaring med lokalt brannvesen. Brenning nær til dette tidsintervallet kan godkjennast dersom samtykke til brenning er gitt av lokalt brannvesen.
- Brenninga skal vere godt planlagd, og den skal gjennomførast på ein forsvarleg måte og i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Statsforvaltaren.
- Tilskotet vert tildelt for utført brenning, og tilskotet kan berre gjevast for areal som er brent etter søknadsfristen i føregåande søknadsomgang, fram til søknadsfristen i den aktuelle søknadsomgangen.
- Det kan ikkje gjevast tilskot for brenning av same areal oftare enn kvart 10. år.

Felles areal i utmark kan diverre ikkje teiknast inn gjennom den digitale kartløyninga i søknaden. Dersom ein ynskjer å søke om tilskot for nye lokalitetar i felles utmark, må søkar difor teikne desse på anna kart og levere til kommunen, som legg arealet til i elektronisk søknad. Kartteikningar som er registrerte i elektronisk søknad kan derimot, som for alle tiltak, importerast til seinare søknadsomgangar.

Dersom ulike føretak har felles brenning i det same arealet, må arealet i søknadane delast mellom føretaka. Dette fordi tilskotet berre kan betalast éin gong for eit gitt areal i same søknadsomgangen.

I ein del tilfelle blir berre delar av eit område brente, anten fordi nokre felt ikkje tek fyr, eller fordi ein brenn små-felt i mosaikk. Ein kan då merke av på kartet heile området det er brent i, og kommentere i merknadsfeltet i søknaden at det er delvis brent. Vidare lyt ein manuelt leggje inn i søknadsskjemaet om lag kor mange dekar som faktisk er brent.

Føretak som skjøttar areal som kan vere aktuelle for dette tiltaket, men der arealet ikkje er registrert i Naturbase, må kontakte kommunen for å få arealet vurdert og lagt inn i Naturbase før det kan søkast tilskot. Godkjenning og registrering i Naturbase vert utført av Statsforvaltaren, og denne prosessen tek diverre litt tid.

Brenninga skal utførast i samsvar med fastsette skjøtselsråd; sjå skjøtselsråd for brenning av kystlynghei under.

## Utmålingseining og førebels tilskotssats

- **kr 400 per daa**

**Inntil 400 daa per føretak**

*(Brenning av lokalitetar som er godkjende under Tilskot til beiting av kystlynghei)*

## Skjøtselsråd for brenning av kystlynghei

- **Tidspunkt:** Lyngbrenning skal normalt utførast mellom 15. september og 15. april. Forutan at tidsrommet for brenning er nedfelt i brannforskrift, er det og viktig for å unngå jordbrann og av omsyn til hekkande fugl og dyre- og planteliv generelt. Ved eventuelt brenning kort tid etter fristen 15. april, skal det føreligge dispensasjon/samtykke til brenning frå lokalt brannvesen. Slik dispensasjon kan vere aktuelt å søke om etter ein våt vinter/vår. Dersom ein skal brenne tidleg på hausten etter ein tørr sommar, må det først komme ei god rotbløyte.
- **Brannvesen:** Ein bør jobbe for eit godt og tillitsfylt samarbeid med brannvesenet, og ein må respektere lokale brannforbod. Ein må alltid gje beskjed til brannvesenet før brenning, helst i god tid. Ein må gje beskjed om kor tid elden skal tennast og sløkkast/er sløkt. Brannvesenet vil gjerne ha ein liten plan for brenninga inkludert kart, sjå punktet under om planlegging.
- **Kontakt Statsforvaltaren for å unngå skade på hekkande fugl i særskilte tilfelle:**
  - Dersom ein planlegg brenning i verneområde, skal ein kontakte Statsforvaltaren ved miljøavdelinga for å avklare gjennomføring.
  - Dersom ein planlegg brenning i område der det hekkar havørn og hubro, eller ein er usikker på om desse artane kan hekke i området, bør ein kontakte Statsforvaltaren. Begge artane startar hekketida i februar-mars, og Statsforvaltaren ved miljøvernafdelinga har oversikt over kjente hekkeplassar.
- **Planlegging:** Lyngbrenning må alltid planleggjast på førehand. Dette gjeld kva areal som skal brennast, grunneigarløyve, plan for avgrensing av elden, plan for sløkking, behov for mannskap, og behov for og rydding av branngater (branngater kan gjerne ryddast på andre tider av året). Topografien bør nyttast til å lette oppteninga og til å avgrense elden.
- **Vind:** Ein må aldri brenne i sterk vind, men litt vind er alltid ein fordel. Ein må vere merksam på at elden «syg» luft, slik at vindstyrken på flammene er større enn målt vindstyrke. Om mogeleg bør ein brenne mot vinden. Jo tørrare det er, di meir merksam må ein vere på vinden.
- **Mannskap:** Det kan aldri bli for mange deltakarar på ei lyngbrenning. Det bør vere minimum 5 personar ved mindre brannar under trygge forhold, helst fleire. Før ein tenner opp må alle vere einige om plan og gjennomføring for brenninga og kven som har kommandoen. Kun éin person skal leie brenninga.
- **Utstyr:** Alle deltakarar må ha sløkkingsutstyr. Det er vanleg med skogbrannsmekke, men aluminiumsspade med langt skaft kan òg brukast. Deltakarane bør bruke kle i ull og bomull og unngå kunststoff som smeltar i varme, samt verne hender, hår og auge.

- **Mosaikk:** Ein bør prøve å etablere ein mosaikk i lyngen med brannflater av ulik alder. Dette gjev best beitekvalitet gjennom året. Topografien bør utnyttast til å lage mange mindre brannar i staden for éin stor brann. Små brannflater på 5-50 daa gir best mosaikk. Ved oppstart av skjøtsel i område med gamal lyng er det naturleg å brenne større flater i starten. Regelmessig brenning stimulerer til auka spiring av frøbanken og gjev høgare artsmangfald.
- **Avslutting:** Ein må aldri forlate ei rykande brannflate. Sjølv om flammene er sløkte, kan det ulme under bakken. Ein må difor avslutte brenninga i god tid før det blir mørkt.
- **Kor ofte:** Kor ofte ein må brenne er avhengig av beitetrykk, jordkvalitet og kvar lyngen veks i landskapet. Ein må vurdere høgde på lyngen, forveding av lyngen og kor frisk lyngen er. I snitt må det same feltet brennast om lag kvart 15. år på Vestlandet. Det vil sei at ein bør brenne 5-10 % av lyngmarka kvart år.

#### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til at område med kystlynghei blir brent. Lyngbrenning er nødvendig for å forynge røsslyngen slik at ein opprettheld kvaliteten på lyngbeita, samt å hindre oppslag som busker og tre som beitedyra ikkje held nede.

Størsteparten av kystlyngheia i Vestland blir for lite svidd. Det er krevjande å få gjennomført sviing av kystlynghei, og tiltaka krev både nok mannskap, god planlegging og godt samarbeid med lokalt brannvesen. I takt med attgroing og oppdeling av lyngheiareal blir sviinga stadig meir krevjande. Ein del grunneigarar har ikkje lenger tilknytning til landbruket. Dei har gjerne difor mindre forståing for drifta og at det er naudsynt å svi lyngen. Det er difor viktig å gje god informasjon og jobbe for eit godt samarbeid.

#### Avgrensingar

Tilskotet kan berre gjevast som eit tillegg til tilskot til beiting av kystlynghei. Det vil sei at ein berre kan få tilskot for brenning av kystlynghei for areal som ein får tilskot for beiting av kystlynghei for. I dette ligg mellom anna at arealet skal vinterbeitast og vere registrert i Naturbase.

Reetablering (førstegangs-brenning) av kystlynghei er svært ynskjeleg, men slik brenning kan ikkje godkjennast innan tiltaket. Kommunane har derimot høve til å tildele SMIL-midlar til førstegangs brenning (reetablering) av kystlynghei. Dersom lokaliteten i ettertid vert registrert i Naturbase, og vilkåra elles er oppfylte, vil det kunne løyvast årlege regionale miljøtilskot til skjøtsel av slike reetablerte kystlyngheier.

Det er ikkje høve til å søke på areal som er kartlagt, men som ikkje er lagt inn i Naturbase. Frå og med 2023 kan det ikkje lenger søkast om tilskot til truga naturtypar for "vente-lokalitetar", slik ordninga har vore dei siste fire åra (gjeld lokalitetar som ikkje ligg i Naturbase).

#### Sakshandsaming

- Kommunane må i kvart høve vurdere om søkaren har oppgjeve ein rimeleg arealstorleik. Tilskotet blir utmålt per dekar. Sjø, vatn, skog og samanhengande område med bart fjell skal ikkje inngå i arealgrunnlaget. Kommunen må anten prøve å teikne nøyaktig, eller redusere godkjent verdi slik at det er reell kystlynghei som inngår i arealgrunnlaget.

- Kommunen må undersøke om omsøkt areal for brenning er innanfor naturbase-lokalitet.
- Dersom ulike føretak har felles brenning i same areal, må arealet i søknaden delast mellom føretaka. Dette må kommunen rette opp i ved behov.
- Dersom det kjem fram at arealet er delvis brent eller brent i mosaikk, må kommunen sørge for at heile området det har føregått brenning i er merka på kart, men at areal for tilskotsgrunnlag er nedjustert etter vurdering av kva som reelt har blitt brent.
- Det kan bli søkt om tilskot for brenning som er utført etter søknadsfrist for regionale miljøtilskot føregåande år. Brenning som eventuelt blir utført etter levert søknad, men før søknadsfrist, kan bli etter-registrert på søknad inneverande år.

NB! Dersom ein lokalitet er kartlagt/verdivurdert etter både DN-håndbok 13 og etter NiN-systemet, er det berre figuren etter NiN-kartlegginga som vil visa i elektronisk søknad og som skal leggjast til grunn for RMP-søknaden. Tiltaksklassane tilsvarar verdisettinga av arealet i Naturbase for DN-håndbok 13-lokalitetar. NiN-lokalitetar skal søkast på under tiltaksklasse «viktig» i søknadsskjemaet.

### Kontroll

- Ved kontroll er det aktuelt med synfaringfor å vurdere om brenning er rett teikna inn på kart, då dette i nokre tilfelle kan vere krevjande.
- Kommunen bør etterspørje korleis planlegging og dialog med lokalt brannvesen har vore, og få kopi av plan for brenning dersom dette er ønska av lokalt brannvesen. Ein bør sjå til at det ikkje blir gitt tilskot til villbrannar. Ved brenning etter 15. april bør kommunen etterspørje skriftleg løyve frå lokalt brannvesen.
- Kommunen bør kontrollere at dei same flatene ikkje blir brent for ofte, jf at det ikkje kan gjevast tilskot for brenning av same areal oftare enn kvart 10. år.

### Tilskot til skjøtsel av truga naturtypar

(gjeld beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase)

Det kan gjevast tilskot for beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase, der beitinga er gjennomført slik at det biologiske mangfaldet i naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmiddel. Arealet skal beitast med høveleg beitetrykk. Både for sterkt og for svakt beitetrykk kan forringe naturtypen og redusere artsmangfaldet.

Dersom det er beitedyr frå ulike føretak som beiter på det same arealet, må arealet i søknaden delast mellom føretaka. Dette fordi tilskotet blir betalt for den skjøtselsjobben som beitedyra gjer, og tilskotet kan berre betalast èin gong for eit gitt areal i same søknadsomgangen.

Felles areal i utmark kan ikkje teiknast inn gjennom den digitale kartløyvinga i søknaden. Dersom ein ynskjer å søke om tilskot for nye lokalitetar i felles utmark, må søkar teikne desse på eige kart og levere til kommunen som legg arealet til i elektronisk søknad. Kartteikningar som er registrerte i elektronisk søknad kan importerast til seinare søknadsomgangar.



For lokalitetar som er registrerte i Naturbase med anna verdi/kvalitet enn «Svært viktig», «Viktig» eller «Lokalt viktig», skal ein nytte tiltaksklassen «Viktig» i søknadsskjemaet. Registrering i Naturbase er ikkje nok til å få tilskotet, då skjøtselskrava også skal vere oppfylte.

Føretak som skjøttar areal som kan vere aktuelle for dette tiltaket, men der arealet ikkje er registrert i Naturbase, må kontakte kommunen for om mogleg å få arealet vurdert og lagt inn i Naturbase før det kan søkast om tilskot. Godkjenning og registrering i Naturbase vert utført av Statsforvaltaren, og denne prosessen kan ta litt tid.

Beitinga skal utførast i samsvar med fastsette skjøtselsråd; sjå skjøtselsråd for beiting av naturbeitemark og hagemark under.

Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter § 14 Soner for pollinerande insekt.

Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Beiting kr 100 per dekar**

**Inntil 70 dekar per føretak**

*(Beiting, i samsvar med skjøtselsråd, av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase)*

### Skjøtselsråd for beiting av naturbeitemark og hagemark

Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følge desse. Dersom det ikkje finst særskilte skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generelle rettleiing for skjøtselen, jf. krav om at beitinga skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra:

- **Arealet må beitast, helst med same type husdyr og etter same beitemønster som i tidlegare, tradisjonell drift.** Planteartar kan forsvinne dersom ein skiftar dyreslag eller endrar beiteperioden.
- **Tidleg beiteslepp** med godt beitetrykk er normalt gunstig.
- **Naturbeitemark bør ikkje vere tilgrodd eller skuggefull.**
- **Beitet bør vere godt nedbeita på slutten av sesongen**, sidan beitemarksoppåne krev mykje lys og lite oppsamling av næring, og for å unngå oppslag av uønska vekstar.
- **I hagemarker må ein ta vare på trea.**
- **Moderat eller ingen tilleggsfôring.** Driftsopplegget bør ikkje vere basert på mykje tilleggsfôring, då dette kan medføre oppgjødsling av arealet. Ekstra næringstilførsle kan gi meir grasvekst og redusert biologisk mangfald.

## For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til skjøtsel for å ta vare på truga naturtypar som er kulturbetinga. Dei truga naturtypene er definerte etter Norsk raudliste for naturtypar 2018. Dette er areal med særleg verdi for plante- og dyrelivet, areala er opparbeida gjennom jordbruksdrift i tidlegare tider, og areala står no i fare for å forsvinne.

Naturbeitemark og hagemark er areal som har vore i langvarig bruk som beite, kanskje i mange hundre år. Dei er lite eller ikkje gjødsla, og det er ikkje isådd framande planteartar. Dei kan difor innehalde mange truga planter, sopp og insekt. I Vestland kan tilskot gjevast for beiting av den truga naturtypen seminaturleg eng, registrert i Naturbase som naturbeitemark eller hagemark. Hagemark er tresett naturbeitemark der trea gjerne er styva.

## Avgrensingar

Tilskotet gjeld berre naturbeitemark og hagemark som ligg i Naturbase. NB! Dersom ein lokalitet er kartlagt/verdivurdert etter både DN-håndbok 13 og NiN-systemet, er det berre figuren etter NiN-kartlegginga som vil visa i elektronisk søknad og som skal leggjast til grunn for RMP-søknaden. Tiltaksklassane tilsvarar verdisettinga av arealet i Naturbase for DN-håndbok 13-lokalitear. NiN-lokalitetar skal søkast på under tiltaksklasse «viktig» i søknadsskjemaet. Det er ikkje høve til å søke på areal som er kartlagt men som ikkje er lagt inn i Naturbase. Frå og med 2023 kan det ikkje lenger søkast om tilskot til truga naturtypar for “vente-lokalitetar”, slik ordninga har vore dei siste fire åra (gjeld lokalitetar som ikkje ligg i Naturbase).

Nokre av lokalitetane som kan godkjennast kvalifiserer i tillegg til tilskot frå Miljødirektoratet si tilskotsordning *Tiltak for trua naturtyper*. I slike tilfelle vil søker kunne søke om tilskot for same lokalitet både gjennom regionale miljøtilskot og tilskot for truga naturtypar.

## Sakshandsaming

Dersom det er føretak som har beitedyr på dei same arala, må arealet delast mellom føretaka i søknadane.

Det er viktig at beitinga av desse areala vert utført slik at kvalitetane til naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Det vil sei at beitet bør vere godt nedbeita på slutten av sesongen. Dersom hagemarker skal beitast av geit eller hest, må trea ha beskyttelse slik at dyra ikkje skader barken.

Lokalitetar som er registrerte i Naturbase kan omfatte større areal enn det som faktisk vert beita og halde i hevd. Det kan og vere område innanfor arealet som ikkje er ein del av det biologisk verdifulle arealet. Kommunane må i kvart høve vurdere om søkeren har oppgjeve ein rimeleg arealstorleik.

Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å melde inn aktuelle nye lokalitetar for registrering i Naturbase, samt melde ifrå om lokalitetar som eventuelt bør fjernast frå Naturbase. Alle slike meldingar skal sendast til Statsforvaltaren på e-post: [fmvlnaturbase@statsforvalteren.no](mailto:fmvlnaturbase@statsforvalteren.no).

## Kontroll

Sentrale kontrollpunkt er å sjå til at beitet er godt nedbeita på slutten av sesongen, og at tre i hagemark ikkje har beiteskade.

## Tilskot til skjøtsel av styvingstre (styving utført i søknadsåret)

Det kan gjevast tilskot for styving utført i søknadsåret, der styvinga er gjennomført på ein skånsam måte slik at trea sitt særpreg og biologiske mangfald blir teke vare på. Styving blir utført ved tilbakeskjering av nye skot på gamle styvingstre.

Tilskotet gjeld i utgangspunktet berre eldre styvingstre. Det kan og gjevast tilskot for styving av nyare tre, dersom dei inngår i ei gruppe av eldre styvingstre og dei nye trea erstattar eldre styvingstre som dør.

Eit styvingstre kan ikkje løyvast tilskot for oftare enn kvart femte år.

Det er ikkje krav om at lauvet skal nyttast som fôr, men kappa greiner og lauv må fjernast frå området slik at det framstår som ryddig og stelt.

**NB! Tilskotet kan berre gjevast det året treet vert styva.** Det kan gjevast tilskot for maksimum 70 tre per føretak. Tre styva i søknadsåret som det vert søkt tilskot for, skal markerast i kart i søknaden som punkt-registreringar per tre, eller per gruppe med styvingstre, per søknadsomgang. Styvinga skal utførast i samsvar med fastsette skjøtelsråd; sjå skjøtelsråd for styving under.

### Utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Tre styva sidan førre søknadsomgang                      kr 500 per tre**  
**Tilskot for styving av inntil 70 tre per år per føretak**

*(NB! Frå og med 2019 kan det kun gjevast tilskot for styvingstre som har blitt styva i søknadsåret. Styvingstre som blei godkjent for tilskot i 2019 kan først godkjennast for tilskot att tidlegast i 2024, då det er krav om minst 5 år mellom kvar styving av eitt tre)*

## Skjøtelsråd for styving

### Generelle råd

- Tenk tryggleik først! Styving kan føre til stygge ulukker.
- Gamle styvingstre må styvast med varsemd. Det må alltid stå att livgreiner ved styving slik at ikkje treet dør av uttørking. Eldre styvingstre bør såleis styvast i to omgangar over to til tre år der ein styvar halve treet i kvar omgang. Ein må vere varsam med å restaurere gamle bjørke- og seljestuvar. Trea må i så fall kappast tilbake over fleire år.
- Gamle styvingstre som ikkje har vore skjøtta på lang tid får ei stor krone på grunn av dei mange sidegreinene. Slike tre er utsette for å brytast ned av snø og vind. Særskilt ved fristilling av slike tre må ein vurdere å redusere krona med styving for å unngå at treet vert øydelagt.

- Kappstaden på treet må vere godt over beitehøgde til husdyr. Styvingstre av alm og ask kan ofte vere tre til fem meter høge og av og til med fleire greinkransar, medan lågare stuvar frå to til tre meter høgde er meir vanleg for rogn og selje.
- Greiner og kvistar som ikkje skal nyttast til fôr eller virke må fjernast, brennast eller leggjast i dungar slik at arealet framstår som ryddig og stelt.
- Ein må unngå for store kappflater, og ein må skråskjere slik at regnvatn renn av kappflatene.
- Greinene kan kappast om lag tre til fem centimeter utanfor førre kappflate (førre styving), men så nært hovudstamma som råd og ved frisk ved. Ein må i alle høve setje att nokre centimeter utanfor greinkragen (synleg overgang mellom stamme og grein), slik at greinkragen står att og sikrar gode skot. Greinkragen er ein del av stammen og må ikkje skadast.
- Ved å skjere eit spor rundt stammen før kapping unngår ein at borken flekkjer av langs stammen når greina fell.
- Set att rekrutteringstre der du har fleire styvingstre i same område.
- Ved restaurering bør ein unngå sjokkendringar i miljøet, og heller opne områda gradvis.

### Tidspunkt og intervall for styving

- Verken hyppig eller sjeldan styving er bra, og styvingssintervallet må tilpassast det einskilde tre og vekstvilkåra på staden. Styving skal utførast om lag kvart femte til sjuande år, men dette er avhengig både av treslag, alder på treet (gamle tre har lågare tilvekst) og veksetilhøva på staden. Hyppig styving gjer det enklare å bruke kvistsag frå bakken, og det vert meir lauv enn kvist. Om ein ventar opp mot ti år, blir det betre vedemne.
- Dersom lauvet skal nyttast til fôr, bør styvinga utførast når fôrverdien på lauvet er høgst, det vil sei kring jonsok og utover sommaren.
- Dersom lauvet ikkje skal nyttast til fôr, vil det med tanke på praktisk utføring lønne seg å styve treet i bladlaus tilstand (frå seinhaustes og fram mot mars - april (før sevja stig)). Det er gunstigast med styving i den kalde årstida for å unngå sopp og roteskade på treet. Styving i sevjetida kan svekke og i verste fall utarme treet. Styving i bladlaus tilstand er best når tre skal restaurerast.
- Styving bør ikkje utførast ved temperaturar under  $-10^{\circ}\text{C}$  då veden då er så frossen at snittflatene kan skadast. Under hard frost blir veden sprø, og det blir då lettare skadar både på tre og den som styvar.
- Sterk beskjerjing om hausten kan forsinke vekstavslutninga og såleis auke risikoen for frostskeidar.

- Ein bør prioritere å setje att greiner med stor greinvinkel, då desse er sterkast mot snø- og vinterskadar.

### Skjøtselsråd for styving per treslag

#### **Ask (gjeld og rogn og lind):**

Asken toler vanlegvis kraftig attendeskjering. Ved etablering av nye styvingstre skal ein kappe bort sidegreinene og utvikle ein hovudstamme. Dette kan gjerast etter nokre få leveår. Asken dannar mange greinskot etter avskjering, og hovudstammen toler å bli kappa tvert av. Kapp av toppen når treet er kring fire til fem meter høgt. Dersom treet er gammalt med kraftige greiner etter sist styving, bør ein restaurere treet over to til tre år ved å skjere greinene gradvis av. Askestuven skal utviklast som ein kraftig hovudstamme med ein krans av yngre greiner. Rogn tåler ikkje hard styving så godt som ask og alm, og rogn kan såleis turka ut og dø ved for radikal styving.

#### **Alm:**

Almen toler hard styving, i alle fall i ung alder. Ved etablering av nye styvingstre skal ein kappe bort sidegreinene og utvikle ein hovudstamme. Dette kan gjerast etter nokre få leveår. Når treet er sju - åtte år kan ein styre utviklinga av greinene og avgjere kva greiner ein skal forme til hovudgreiner. Dersom treet er gammalt med kraftige greiner etter sist styving, bør ein restaurere treet over to til tre år ved å skjere greinene gradvis av. Almen dannar fleire greinskot ved kappstaden. Tradisjonelt styva ein slik at det utvikla seg ein hovudstamme etterkvart med fleire større sidegreiner. Trea fekk såleis fleire "etasjar" og kunne bli høge. Ved utvikling av treet er det då viktig at ein etablerer ei form med hovudgreiner og sidegreiner som dannar ulike nivå i almetreet.

#### **Bjørk (gjeld og eik):**

Bjørka toler berre svak/moderat styving. På grunn av tidleg og kraftig sevjeoppgang må bjørka styvast innan mars. Unge tre kan formast til styvingstre når dei er om lag fire til fem meter høge. Ein kappar då av hovudstammen først og let sidegreinene utvikle seg. Tradisjonelt styva ein slik at ein stimulerte ei stadig utvikling av sidegreinene, og treet fekk då etterkvart ein "kandelaberform" av gamle, tjukkare greiner og ein sekundær greinkrans av unge og friskare greiner. Ved utvikling av nye styvingstre er det viktig å etablere ei form med hovudgreiner som dannar ein greinkrans i bjørka. Det er viktig å setje att livkvistar på alle sidegreiner og ikkje skjere greinene kraftig attende. Ein må ikkje hogge ut meir enn vel halvparten av dei friske greinene. Gamle bjørkestuvar har ein tendens til å stimulere vekst av ein hovudstamme med nedbygging av sidegreiner og får såleis ei slankare form. Ein skal vere varsam med å restaurere gamle bjørkestuvar.

#### **Selje:**

Selje toler moderat/kraftig styving som ung, men ho toler berre svak styving med alderen. Ved restaurering er det viktig å setje att livgreiner. Unge tre kan formast til styvingstre når dei er tre til fire meter høge. Ein kappar då av hovudstammen og let sidegreinene utvikle seg. Ein må setje att

livkvistar/greiner og utføre ein skjøtsel som liknar skjøtselen som omtala for bjørka. Selja veks med parvise årsskot slik at styvingstreet etter kvart vert noko fleirstamma med "gaffelgreining". Selja vart tradisjonelt styva på tre måtar: 1) Forming av mannshøge "snelsskogar". Desse buskasforma seljene vart lauva ofte, gjerne annakvart år. 2) Kapping av selja i ung alder til låge styvingstre med ein hovudstamme (likna små askestuvar). 3) Forming av høgare styvingstre. Ein skal vera varsam med å restaurere gamle seljestuvar.

#### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til å skjømte og ta vare på styvingstre som er viktige for biologisk mangfald og som ein del av jordbruket sitt kulturlandskap. Styvingstrea spelar ei viktig rolle i kulturlandskapet som formidlar av tidlegare tiders driftsformer. Dei kan huse mange artar og såleis bidra til å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Trea kan vere ein del av kulturmarkstypane hagemark, lauveng og haustingsskog, eller dei kan stå enkeltvis eller i små grupper. Styving blir utført ved tilbakeskjering av nye skot på gamle styvingstre. Greinene frå dei nye skota vert tynne og dekkja av lauv, og dei er godt egna for hausting til dyrefôr.

#### Avgrensingar

Det er berre styving av tre som er styva i søknadsåret (sidan førre søknadsomgang) det kan gjevast tilskot for. Det kan gjevast tilskot for styving av inntil 70 tre per føretak per år, og det kan ikkje gjevast tilskot for styving av eitt og same tre oftare enn kvart femte år. Det er berre styving av eldre styvingstre eller erstatningstre (sjå over) som kan godkjennast.

Nokre av styvingstrea som kan godkjennast står innanfor lokalitetar som i tillegg kvalifiserer til tilskot frå Miljødirektoratet si tilskotsordning *Tiltak for trua naturtyper*. I slike tilfelle vil søkar kunne søke om tilskot for same lokalitet både gjennom regionale miljøtilskot og tilskot for truga naturtypar.

#### Sakshandsaming

Dette tilskotet vart tidlegare gitt årleg for alle styvingstre som eit føretak disponerte og skjømte med jamne mellomrom. Frå og med 2019 er det derimot kun dei trea som har blitt styva det siste året/sidan førre søknadsomgang det kan løyvast tilskot for. Kommunen må vere spesielt merksam på denne endringa i regelverket, samt at eitt og same tre kan ikkje løyvast tilskot for oftare enn høgst kvart femte år.

Styvinga skal som hovudregel gå føre seg på gamle styvingstre, men der det i ei gruppe av tre er tre som døyr, kan gruppa av tre blir oppretthalden ved å erstatte daude enkelttre med nye.

I e-Stil kan grupper av styvingstre teiknast som punkt med manuell redigering av talet. Dette betyr at søkjar ikkje treng å merke av kvart enkelt tre der det er mange tre som vert styva.

#### Kontroll

Det er avgjerande at det berre vert løyvd tilskot til tre som har blitt styva det siste året/sidan førre søknadsomgang. Trea skal ikkje styvast oftare enn kvart femte år, og då heller ikkje løyvast tilskot for oftare enn kvart femte år. Avkappa greiner og kvistar skal ryddast, og arealet styvingstrea står på skal framstå som ryddig og stelt for at styvinga skal kunne godkjennast. Ein kan nytte motorsag til styvinga der det er føremålstenleg, men arbeidet skal vere utført på tradisjonell måte for at særpreget på treet skal bli tatt vare på.

**Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å føreta kontrollar av føretak som har søkt om mange styvingstre eller som søker om same tal styvingstre i ulike søknadsomgangar** (jf. krava om at tree skal ha blitt styva i søknadsåret og at det høgst kan løyvast tilskot for eitt og same treet kvart femte år). Dersom det er søkt om fleire styvingstre enn kva kommunen kan godkjenne, skal kommunen, som for andre tiltak, vurdere avkorting.

## Tilskot til soner for pollinerande insekt (gjeld berre i Lærdal kommune)

Det kan gjevast tilskot for å for å skjytte pollinatorvennlege soner på jordbruksareal eller på areal som grensar til jordbruksareal. Tiltaket gjeld berre utprøving i Lærdal kommune. NB! Tiltaket har ny utforming i høve til tidlegare år!

Sonene må ha pollinatorvennlege blomster gjennom vekstsesongen. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla eller sprøyta med plantevernmiddel. Ei sone skal vere minst to meter brei, og sona skal vere slått og/eller beita. Arbeidet må følgje fastsette skjøtselsråd (sjå skjøtselsråd under). Alle som vil søke på tiltaket må melde frå til kommunen før 10. juni. Då kan kommunen synfare, og vurdere arealet, effektar og utfordringar med ordninga.

Det blir ikkje gitt tilskot for areal dominert av ugras som kan utgjere problem i jordbruksproduksjon. Det kan gjevast tilskot for maksimum 600 meter per føretak. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter *§ 9 Slått av slåttemark* eller *§ 12 Skjøtsel av truga naturtypar*.

Formålet med tiltaket er å betre livsgrunlaget for ville pollinatorar i jordbrukslandskapet ved å skjytte areal som sikrar tilgangen på leveområde/habitat og næring for insekta.

Det er ønskjeleg at det i søknaden blir lagt ved representative bilde av sonene tekne gjennom vekstsesongen.

### Kva er omfatta av tilskotet?

*Type areal:* Tiltaket gjeld skjøtsel av naturleg, stadeigen, pollinatorvennleg vegetasjon som vert slått og/eller beita. Sjølv om tiltaksklassen heiter «Tilgrensande kantsone» kan skjøtselen gjerast både på jordbruksareal eller på areal *tilgrensande til* jordbruksareal. Tiltaket gjeld både for innmarksbeite, overflatedyrka og fulldyrka areal, og i tillegg areal som ligg inntil jordbruksareal. Føretaket må sjølv disponere og skjytte arealet. Vegkantar som vert disponert/skjøtta av andre aktørar enn føretaket sjølv inngår såleis ikkje i tiltaket.

Det blir ikkje lenger gitt tilskot for å etablere nye soner ved hjelp av frøblandingar. Soner som blei etablerte i førre programperiode ved hjelp av frøblandingar kan derimot gjevast tilskot for dersom dei vert skjøtta ved beiting eller slått og elles oppfyller vilkåra i tiltaket.

*Type vegetasjon:* Pollinatorvennleg vegetasjon er blomsterrike areal som utgjer næringsgrunnlag og leveområde for insekt gjennom vekstsesongen. Slik vegetasjon finn vi til dømes i tørrbakkar, på åkerholmar og i kantar utanfor slåttemark og frukthagar. Det blir ikkje gitt tilskot for areal dominert av vanlege eng-ugras som løvetann, soleier, tistel, høymole og hundekjeks, eller anna ugras som kan utgjere problem i jordbruksproduksjon.

*Korleis rekne løpemetar:* Grunna nasjonale føringar vert tilskotet utmålt per løpemetar pollinatorvennleg sone. Eit føretak kan få tilskot for inntil 600 meter pollinatorvennleg sone med 2

meters breidde. Det kan vere ei samanhengande langstrakt 2 meter brei sone, eller det kan vere samansett av fleire kortare soner med 2 meters breidde. Sonene kan óg ligge inntil kvarandre slik at dei saman dannar eit polygon/felt som dekker eit større areal. Tal løpemeter for sona vert då målt som lengda av feltet x breidda av feltet delt på 2.

Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Tilgrensande kantsone** 30 kr per meter pollinatorvennleg sone  
**Inntil 600 meter per føretak**

*(Skjøtsel av pollinatorvennlege soner i Lærdal kommune. Sats per løpemeter for sone som er minst to meter brei)*

#### Skjøtselsråd

- Tørrbakkar, andre kantsoner og åkerholmar dannar eit godt utgangspunkt for pollinatorvennlege soner dersom dei blir skjøtta.
- Ta utgangspunkt i naturleg vegetasjon. Ein skal ikkje jordarbeide og så i sona i søknadsåret.
- Ikkje bruk kjemiske plantevernmiddel, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel på sonene.

#### Rydding

- Dersom områda er gjengrodde, må sona først ryddast for å fremje vekst av engplanter og villblomstrar. Dette inneber fjerning av treslag som furu, gran, einer, bjørk, gråor og osp for lysinnslepp, men store enkelttre kan gjerne stå att. Dette gjeld særleg ospetre sidan dei gjev livsmiljø for mange insektartar, og treslag som selje, rogn og frukttre som er viktige næringskjelder for pollinatorar.
- Ver merksam på at det ikkje er lovleg å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag med årssikker vassføring. Her skal buskar og tre bli ståande. Det kan takast ut enkelttre, men ikkje av eit slikt omfang at det øydelegg den økologiske funksjonen til kantvegetasjonen.
- Nitrofile (næringskrevjande) planter kan ofte bli så dominerande at dei utkonkurrerer engplantene. Bringebær er ein viktig pollenressurs, men den kan fortregje andre pollinatorplanter, og bør gjerne fjernast frå sona dersom det finst rikeleg i nærområda.
- Framande planter som spreier seg lett bør fjernast. Døme på slike er hagelupin, russekål, gravbergknapp, kjempespringfrø og kanadagullris. Plantene bør dragast opp med rota eller dekkast til med presenning til dei vert utarma og døyr.
- La gjerne død ved og kvist bli liggjande i utkanten av sona slik at insekta har yngleplassar, men unngå å leggje mykje i sjølve sona, sidan det vil medverke til uønskt oppgjødsling.

#### Slått

- Vegetasjonen bør ikkje kuttast kortare enn 5 cm. På denne måten vert vitale plantedelar som bladrosetter og ein del låge blomstrar sparte, samstundes som skjulestader for insekt blir skåna for øydelegging.
- På næringsfattige areal som t.d. tørrbakkar bør slått gjerast éin gong per år, og ikkje før 15. juli. Å vente til august/september med delar av sona er ein fordel slik at alle blomstrane får tid til å setje frø og insekta får tilgang til siste rest av næring. Det er berre fint om ulike strekningar av sona blir slegne til ulike tider av sesongen, sidan det gjev eit jamnare tilbod til insekta.
- Graset bør fjernast frå det meste av sona, men la gjerne graset bakketørke slik at frøa slepp på bakken før fjerning. Gras som blir liggjande igjen gir gjødslingseffekt til skade for ønskt vegetasjon. Daudgras gir i tillegg dårlegare spireforhold for plantene om våren, og det skapar kjølegare og mørkare forhold der det vert vanskelegare for overvintrande insekt å klekke.



- Skjøtsel bør ikkje skje i form av beitepussing, sidan dette gir oppsamling av plantemateriale over tid.
- På næringsrike areal som kantsoner til dyrka mark, kan vegetasjonen bli for høg dersom det berre vert slått éin gong seint i sesongen. I slike tilfelle kan det vere naudsynt med to slåttar. Førsteslåttan bør då takast tidleg i sesongen, før blomstring, og andre slåttan slik som på næringsfattige areal. Alternativet til tidleg slått kan her vere vårbeiting.

#### *Beiting*

- Beitinga må vere avgrensa til ein kort periode vår og/eller haust slik at plantene får blomstre. Ved lengre beiting må beitetrykket vere lågt for å sikre rik blomstring og frøsetting.
- Dersom sona skal skjøttast med slått og beiting i kombinasjon, bør det gjerast i form av vårbeiting, sein slått og eventuell etterbeiting etter slått

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å bedra livsvilkåra for ville pollinatorar i jordbrukslandskapet ved å ha eit mangfald av vekstar som kan auke tilgangen på næring for insekta.

#### Avgrensingar

Tiltaket er ei prøveordning og gjeld berre for Lærdal kommune. Det kan gjevast tilskot for inntil 600 meter pollinatorvenleg sone per føretak.

#### Sakshandsaming

Denne prøveordninga er endra frå førre programperiode. I endringa ligg det at det frå i år vert gitt tilskot til skjøtsel av naturleg, stadeigen, pollinatorvennleg vegetasjon som vert slått og/eller beita. Med pollinatorvennleg vegetasjon meiner vi "vanlege" blommar som kan ha verdi for insekt, og ikkje artsrike slåttemarkar etter Naturmangfaldlova sin definisjon. I nokre tilfelle vil dette vere areal som kan ha behov for noko rydding før slått og/eller beiting.

Sjølv om tiltaksklassen heiter «Tilgrensande kantsoner» kan skjøtselen gjerast både *på* jordbruksareal eller på areal *tilgrensande til* jordbruksareal. Tiltaket gjeld både for innmarksbeite, overflatedyrka og fulldyrka areal, og i tillegg areal som ligg inntil jordbruksareal. Føretaket må sjølv disponere og skjøtte arealet. Vegkantar som vert disponert/skjøtta av andre aktørar (som t.d. vegmynde) enn føretaket sjølv inngår såleis ikkje i tiltaket.

Det blir ikkje lenger blir gitt tilskot for å etablere nye soner ved hjelp av frøblandingar. Soner som blei etablerte i førre programperiode ved hjelp av frøblandingar kan likevel gjevast tilskot for dersom dei vert skjøtta ved beiting eller slått og elles oppfyller vilkåra i tiltaket.

Grunna nasjonale føringar vert tilskotet utmålt per løpemeter pollinatorvennleg sone. Eit føretak kan få tilskot for inntil 600 meter pollinatorvennleg sone med 2 meters breidde. Det kan vere ei samanhengande langstrakt 2 meter brei sone, eller det kan vere samansett av fleire kortare soner med 2 meters breidde. Sonene kan óg ligge inntil kvarandre slik at dei saman dannar eit polygon/felt som dekker eit større areal. Tal løpemeter for sona vert då målt som lengda av feltet x breidda av feltet delt på 2.

### Kontroll

For å kunne hauste erfaringar om effektar og utfordringar med prøveordninga må alle som vil søke på tiltaket melde frå til kommunen før 10. juni. Kommunen bør gjennomføre synfaring, og vurdere omsøkte areal før det blir gitt tilskot.

Statsforvaltaren oppmodar kommunen om å gjennomføre kontroll av areala gjennom vekstsesongen. Dersom søkjar ikkje har sendt inn ilete frå sonene, bør kommunen be om å få dette tilsendt.

## Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl (gjeld vipe, åkerrikse og storspove)

Det kan gjevast tilskot for å leggje til rette for hekking av dei truga fugleartane vipe, åkerrikse og storspove på jordbruksareal i aktiv drift. Tiltaket gjeld på dyrka mark og innmarksbeite.

Reirlokalteten/godkjent areal kan ikkje sprøytast med ugrasmiddel før etter hekkesesongen er avslutta og fuglane er reiste. Tilskotet er meint å kompensere for meirarbeid knytt til tilrettelegging og tilpassing av drifta. Arealet det kan bli gitt tilskot for skal ha påviste reir med egg av vipe, åkerrikse eller storspove.

Tiltaket er delt i to tiltaksklassar; låg og høg tilrettelegging. NB! For kvart reir kan ein berre søke tilskot innan ein av desse to tiltaksklassane. Låg tilrettelegging skal nyttast der føretaket har markert reir. Dersom føretaket både har markert reir og har utsatt slåttan kring reiret, skal derimot høg tilrettelegging nyttast (sjå nærare forklaring og krav per tiltaksklasse under).

### Låg tilrettelegging

For låg tilrettelegging kan ein i søknadsåret få tilskot for markering av påviste reir med egg av artane vipe, åkerrikse og storspove.

#### Vilkår for låg tilrettelegging

- Markering av reir med egg av artane vipe, åkerrikse eller storspove på fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite som søkar disponerer.
- Bilde av markerte reir skal leggjast ved søknaden, og dato for bilda skal førast i merknadsfeltet i søknaden. For lokalitetar med meir enn 5 reir er det nok å sende inn representative bilde som syner at det er fleire reir innanfor lokaliteten.
- Reir og fuglar må takast omsyn til gjennom heile hekkinga.

### Høg tilrettelegging

For høg tilrettelegging kan ein i søknadsåret få tilskot for utsett slått av inntil 1 dekar per reir rundt reir av artane vipe, åkerrikse og storspove. Ein tilrår 1 dekar uslått areal per par som hekkar åleine, og 0,5 dekar uslått areal per par på areal der det hekkar fleire par. Slåttan skal vere utsett til etter at fuglane har forlate området (ofte etter 15.juni for vipe, etter 15.juli for storspove, og etter 1.august for åkerrikse).

#### Vilkår for høg tilrettelegging

- Gjennomført låg tilrettelegging med tilhøyrande krav.
- Utsett slått til fuglane har forlate området.
- Bilde av og dato for utsatt slått skal kunne leggjast fram ved kontroll.
- Reir og fuglar må takast omsyn til gjennom heile hekkinga.

Det er krav om at reir og fuglar må takast omsyn til gjennom heile hekkinga for både låg og høg tilrettelegging. Det kan difor vere nødvendig å gjere andre tiltak tilpassa eiga drift.

Eksempel på anbefalte tiltak som kan vere nødvendig for å ta omsyn til reir og fuglar:

- Unngå gylling av reir ved å køyre utanom hekkeområdet, eller ved å dekke til reiret ei kort tid under gyllinga (til dømes med ein vipedisk eller bøtte).
- Unngå å trekke gjødselslange/tilførselslange over reir.
- Tilpasse køyremønster under slåttan slik at fuglane kan kome seg unna (sjå avsnittet «Fuglevenleg køyremønster» under skjøtselsråda under).

## Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Låg tilrettelegging: kr 1500 per dekar (inntil 1 dekar per reir)**  
(markering av reir)
  
- **Høg tilrettelegging: kr 3000 per dekar (inntil 1 dekar per reir)**  
(markering av reir i kombinasjon med utsatt slått kring reiret)  
**Inntil kr 20 000 per føretak**

Statsforvaltaren og faglaga i jordbruket oppmodar alle føretak til å ta særskilt omsyn til desse truga fuglane under hekkinga, anten ein ønskjer å søke om tilskot eller ikkje.

I tillegg til regionalt miljøtilskot kan føretak som gjennomfører slike tiltak òg søke om tilskot frå Miljødirektoratet si tilskotsordning for *Tilskot til truga artar*.

## Skjøtselsråd for tilrettelegging av hekke- og beiteområde for vipe, storspove og åkerrikse

### Fuglevenleg køyremønster ved slått

Når rugetid og klekking er overstått, held fugleungane seg i skjul i det høge graset fram til dei kan flyge. Dersom slåtten kjem før fugleungane kan flyge, må ein unngå å drive fugleungane saman på eit stadig minkande areal som så blir slått til sist. Slår ein marka frå yttersidene og innover, må arealet i sentrum (ca. 1 dekar) bli ståande uslått. Eventuelt kan ein starte på ei langside og slå fram og tilbake. Poenget er å ha eit slåttemønster som driv fugleungane mot eit restareal som ikkje vert slått før dei er flygedyktige, eller til eit tilgrensande areal som ikkje skal slåast. Dersom arealet som skal slåast grensar til eit areal B som ikkje skal slåast med det første, bør ein starte slåtten frå den sida av arealet som ligg lengst vekk frå areal B, med mål om å drive fuglane over på areal B (sjå skisser for fuglevenleg slått i lenka under).

**Lenke til dokument:** [Fuglevenleg slått](#)

### VIPE (kritisk truga)

Vipa hekkar ofte på dyrka mark og vil helst ha store, opne flater som hekkeplass. Den unngår kantar nær skog og enkelttre som kan vere skjulestad for eggrovarar. Reiret er difor oftast å finne ute på dyrka mark i drift.

Vipa vender oftast tilbake til same hekkeplassen år etter år. Den er trekkfugl og kjem som regel til hekkeplassen i mars – april. Hannfuglen har tydeleg fluktspel over den komande hekkeplassen, og det enkle reiret (ei grop fóra med gras) blir ofte laga tidleg/midt i april. Rugetida er 24-28 dagar. Ungane forlet reiret straks dei er tørre etter klekkinga, og dei blir passa av hofuglen.

Ungane er flygedyktige om lag ein månad etter klekking. Dei må ha parti med høgt gras å gøyme seg i. Inntil dei er flygedyktige, rundt 15.juni, kan det vere aktuelt tiltak å setje att uslått areal på eit avgrensa areal kring reiret. Ein tilrår minst eitt dekar uslått areal per par på mark der det berre hekker enkeltpar, og ein halv dekar per par på marker der det hekkar fleire vipepar. Areala kan setjast att spreidd eller samla på marka, men kvart av para bør ha eit areal på minst ein halv dekar.

Ved pløying eller harving kan reir med egg om nødvendig løftast forsiktig bort, gjerne med ein spade, men reiret må leggjast tilbake på same plass etterpå. Ved gylling kan ein kortvarig plassere ei bømte over reiret. Reiret kan òg merkast med pinne. Pinnen må då ikkje setjast heilt inntil reiret, men til dømes 5 meter unna i ei kjend retning, eller to pinnar 5 meter til kvar side for reiret.

### **STORSPOVE** (sterkt truga)

Storspoven kan hekke både på åker, eng, beite, myr og lynghei, men den hekkar helst der det er variert, litt høg vegetasjon, der fuglen er godt kamuflert på reiret. Storspoven hekkar berre sjeldan på dyrka mark, men dersom den likevel gjer det, bør reirlokalteten følgjast opp på same måte som for vipa (sjå omtale over).

Storspoven kjem til hekkeplassen tidleg i april, og den legg egg seint i april eller tidleg i mai. Rugetida er 26-30 dagar. Ungane er flygedyktige 5-6 veker etter klekking. Dersom reiret ligg på intensivt dyrka jord som grensar uhindra til eng eller hei med vegetasjon å skjule seg i, vil fuglane flytte over dit etter klekking. Det er då ikkje nødvendig å setje att uslått areal på den intensivt dyrka delen. Dersom det ikkje er tilgang til uslått areal, kan det vere eit tiltak å setje att uslått gras på same måte som for vipe, men med utsett slått til 15.juli.

### **ÅKERRIKSE** (kritisk trua)

Åkerriksa hekkar i kulturmark med høgt gras og godt skjul, alt frå kornåker og eng til brakkmark. Den lever svært skjult og blir sjeldan sett. Åkerriksa er trekkfugl og kjem som regel til hekkeplassen i slutten av mai. Den kan dermed etablere seg i skjul av høgt gras.

Hannfuglen hevdar territorium ved å synge ei karakteristisk «song» - ei rytmisk kreksing om natta. ([Åkerriksa sin song](#) kan høyrast i fuglebok frå birdID, Nord universitet). Reiret blir ofte lagt i ei grop i bakken nær hannfuglen sin sangpost, men det er særst vanskeleg å lokalisere.

Åkerriksa legg egg i byrjinga av juni og byrjar ofte ruginga rundt 10.juni. Rugetida er 17-19 dagar. Ungane forlét reiret straks dei er tørre etter klekkinga, og dei blir passa på i to veker. Dei er flygedyktige 6-7 veker etter klekking. Både vaksne og ungar må ha høgt gras å gøymsle seg i. Det kan difor vere aktuelt å setje att minst 5 dekar uslått areal heilt fram til 1.august.

#### LENKE I HØGRE MARG:

Dokument: Fuglevenleg slått

Lenke: Åkerriksa, brosjyre

<https://www.birdlife.no/prosjekter/akerrikse/filer/aakerrikse.pdf>

Lyd åkerrikse, birdID: <https://www.birdid.no/bird/eBook.php?specieID=1957>

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å ta vare på truga fugleartar som er avhengig av hekking i tilknytning til jordbruksareal. Vipe, åkerrikse og storspove har gått mykje tilbake grunna intensivring i jordbruket. Tiltak i jordbruket kan redusere lokal nedgang og bidra til at desse karakteristiske fuglane igjen blir ein del av jordbrukslandskapet.

### Avgrensing

Tiltaket er avgrensa til jordbruksareal der det finst og vert teke omsyn til reir med egg av artane vipe, åkerrikse eller storspove. Tiltaket er avgrensa til eit tilskot på inntil kr 20 000 per føretak.

### Sakshandsaming

Søkarar gjer hovudsakeleg tiltak i perioden tidleg vår til tidleg haust før søknadsomgangen opnar, og dokumentasjon i form av bilde med dato må takast når ein gjer tiltak. Det er difor svært positivt om kommunen kan bidra til at potensielle søkarar blir informert om tiltaket før hekkinga startar. Når ein søkje på tiltaket skal bilde av markerte reir leggjast ved søknaden, og dato for bilde skal førast i merknadsfeltet i søknaden. Søkarar teiknar i søknaden inn arealet der reir er lokalisert, der 1 dekar tilsvarar eit reir. Dette er eit arealtilskot. Ein får difor tilskot etter summen av areala ein teiknar inn i kartet i søknaden. Det er difor viktig at ein teiknar inn rett areal for å få rett tilskot. Ein har moglegheit til å manuelt endre på arealtalet i søknaden om innteikninga i kartet genererer feil tal dekar i høve til tal reir.

### Kontroll

Søkarar som søkjer på låg tilrettelegging skal sende inn søknad med dokumentasjon på markerte reir med egg i form av bilde med dato. For lokalitetar med meir enn 5 reir er det nok å sende inn representative bilde som syner at det er fleire reir innanfor lokaliteten. Søkarar som søkjer på høg tilrettelegging må i tillegg ha dokumentasjon på utsatt slått i form av bilde med dato som skal kunne leggjast fram ved kontroll.

## Tilskot til drift av seter

### (gjeld støl med mjølkeproduksjon)

Det kan gjevast tilskot for drift av stølsanlegg med mjølkeproduksjon. Det vesentlege av næringstrongen til dyra skal dekkast gjennom beiting, i utmark eller på inngjerda areal, men støtteføring i tillegg til beiting kan utførast ved behov.

Produksjonsperioden skal vere til saman minst fire veker per støl per sesong. Start- og sluttdato for stølsdrifta skal førast i merknadsfeltet i søknaden. Det er ikkje krav om at heile mjølkeproduksjonen til føretaket skjer på stølen i denne perioden, og perioden treng ikkje å vere samanhengande. Perioden/periodane for stølsdrifta skal førast i merknadsfeltet i søknaden.

Mjølka som blir produsert skal leverast til meieri eller foredlast på stølen. Produksjonen på stølen skal vere minimum 45 liter kumjøl, 25 liter geitemjøl eller 15 liter sauemjøl i døgnet per støl i til saman minst fire veker. Statsforvaltaren gjer elles merksam på at Mattilsynet stiller krav om at matbedrifter er registrerte hjå dei.

Ein støl skal ha eige driftsapparat, og beiteområda som dyra nyttar i samband med stølsdrifta skal ikkje overlape med beita som dyra ville ha nytta i samband med mjølking i hovuddriftsbygningen på føretaket. Mobile mjølkestallar kan godkjennast innan stølsdrift.

Tilskotet blir utmålt per støl uavhengig av om det er enkeltstøl (eige produksjonsanlegg) eller fellesstøl (felles produksjonsanlegg).

Det kan gjevast tilskot for inntil tre stølar i drift per føretak. For at to stølar skal kunne godkjennast som to stølsanlegg og generere kvart sitt tilskot, må det vere minst fire veker stølsdrift på kvar støl der produksjonskravet er oppfylt på begge stølane. Dei må då ha kvart sitt driftsapparat, og beiteområda til dei to stølane skal ikkje overlappe kvarandre. Dersom ein har fleire stølar, må ein søke eitt tilskot per støl. I søknadsskjemaet er tiltaksklassane delte etter type produksjon og lengda på stølsdrifta, og tiltaka heiter «Drift av seter» for den første stølen, «Drift av seter 2» for den andre stølen, og «Drift av seter 3» for den tredje stølen. For kvar av stølane må ein søke på ein av tilskotklassane «Eigen foredling» eller «Levering til meieri» med rett produksjonslengde for stølsdrifta. Søkar må vidare oppgje kor mange deltakarar/føretak det er per støl, då kvart stølstilskot vert delt på tal føretak som oppfyller kravet til mjølkeproduksjon per støl. Ei samdrift vert rekna som eitt føretak. Kvar støl skal markerast som eitt punkt i kartet i søknaden.

Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Eigen foredling, 4 - 6 veker stølsdrift**                      **kr 80 000 per støl**
- **Levering til meieri, 4 - 6 veker stølsdrift**                      **kr 80 000 per støl**
- **Eigen foredling, minst 6 veker stølsdrift**                      **kr 100 000 per støl**
- **Levering til meieri, minst 6 veker stølsdrift**                      **kr 100 000 per støl**

*(Tilskot til stølsdrift i minst fire veker med eigen foredling av mjølk eller levering av mjølk til meieri)*

For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til drift av stølsanlegg med mjølkeproduksjon. Stølsdrift er tradisjonelt mjølkeproduksjon basert på utmarksbeite, og gjennom beitedyra bidreg stølsdrifta til å halde kulturlandskapet i utmarka ope. Stølsdrift er såleis grunna beitinga og gunstig for det biologisk mangfaldet. Beitedyr og stølsdrift gjev for mange ein ekstra dimensjon til opplevingane i stølsområda og på fjellet. Kulturminna knytt til bruk av fjellet, som gamle ferdselsvegar og stølsbygningar, blir best tekne vare på om det er drift i fjellet. Ikkje minst er stølsdrift viktig formidling og vidareføring av kunnskap, tradisjon og kulturarv. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å forvalte utmarksområde som stølslandskap, men tal stølar i drift i Vestland har diverre vorte færre dei seinare åra.

Avgrensingar

Tiltaket gjeld føretak som driv stølsdrift med mjølkeproduksjon med levering til meieri eller til eigen foredling. Det kan gjevast tilskot for til inntil tre stølar per føretak gitt at kvar støl oppfyller produksjonskrava nemnt over.

Sakshandsaming

Det står i forskrifta at start- og slutt-dato for stølsperioden skal førast i merknadsfeltet i søknaden. Dette er stilt som eit krav for at kommunane lettare skal vite kor mange veker stølsdrift det er på den einskilde støl, jf kravet til lengde på stølsdrifta. NB! Det skal IKKJE vere avslagsgrunn dersom datoane for stølsdrifta ikkje står i søknaden, men kommunen kan etterspørje desse datoane ved behov.

Etter kvoteforskrifta kan føretak som driv lokal foredling tildelast lokalforedlingskvote utover grunnkvoten som føretaket er tildelt. Dersom føretaket har lokal foredling og rapporterer mengdene til Landbruksdirektoratet, vil føretaket kunne få utbetalt grunn- og distriktstilskot for mjølk levert til lokal foredling. Det er ikkje krav om lokalforedlingskvote for at føretaket skal få regionalt miljøtilskot til stølsdrift (eigen foredling). Det er derimot eit vilkår at føretaket kan dokumentere at produksjonen tilsvarar minst 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk i døgnet i minst 6 veker per støl. Dersom føretaket leverer mjølk til anna foredlingsverksemd, må det kunne dokumenterast i form av salsoppgjer. Dersom føretaket driv eige sal av produkt, må det kunne dokumenterast.

Statsforvaltaren ynskjer at kommunane utøver noko fleksibilitet i kva som kan godkjennast som stølsdrift. Det betyr at det ikkje berre er mjølkeproduksjon på dei tradisjonelle stølane som kan godkjennast, men fylgjande minimumskrav må uansett vere oppfylt for at tiltaket skal kunne godkjennast:

- Føretaket må ha (minst) to driftsapparat (eige driftsapparat for stølsdrifta)
- Mjølkeproduksjon skal vere basert på beitebruk i utmark
- Minimumskravet til liter mjølk produsert i minst 4 veker med stølsdrift skal vere oppfylt (sjå over)
- Beiteområda som vert nytta i samband med stølsdrifta skal ikkje overlape med beiteområda på garden heime eller med beiteområda til andre stølar som føretaket søker tilskot for

#### Kontroll

Søkarar av tiltaksklassen «eigen foredling» må kunne leggje fram dokumentasjon på sal av stølsprodukt i til dømes gardsrekneskapen, og produksjonen må ha eit næringsmessig preg.

### Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Det kan gjevast tilskot for skjøtsel av automatisk freda kulturminne, inkludert sikringssone, som grensar til eller ligg på jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført som slått eller beiting slik at kulturminnet vert teke vare på og er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden.

Tilskotet gjeld for skjøtsel av areal rundt kulturminne, slik som graver og gravfelt, bergkunst/helleristningar, åkerreiner, røyser og røysfelt, buplassar, tufter, vegfår og bygningar. Det kan ikkje løyvast tilskot til lokalitetar som er avmerkte i Askeladden som dyrkingslag og kulturlag, lokalitetar avmerkte som uavklara funnstader, lausfunn og liknande, der skjøtsel ikkje vil medverke til at kulturminnet vert meir synleg i jordbrukslandskapet. Kulturmiljømynda kan stille vilkår om skjøtelsplan.

Sikringssona er markert som gul ring rundt kulturminnet i kartløyvinga i elektronisk søknad, og dersom både kulturminne og sikringssone er skjøtta, skal søkar teikne rundt sikringssona i søknaden. Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten inkludert sikringssone er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa.

Skjøtselstiltaka skal utførast i samsvar med krav i kulturminnelova §§ 3 og 4 og fastsette skjøtelsråd; sjå skjøtselråd og krav etter kulturminnelova § 3 for skjøtsel av automatisk freda kulturminne under.



Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Beiting** kr 1000 per daa
- **Slått** kr 2000 per daa

**Inntil kr 10 000 per føretak (slått + beiting)**

*(Beiting eller slått av lokalitet med automatisk freda kulturminne. Sikringssona kring kulturminnet kan takast med i skjøtsel og i utmåling av dekar)*

Skjøtselsråd og krav etter kulturminnelova § 3 for skjøtsel av automatisk freda kulturminne

**Fjerning av vegetasjon og slått:**

- Gras og liknande skal fjernast frå området etter slått. Det er ikkje tillate med lagring eller brenning av dette på eller i sikringssona til kulturminnet
- Vegetasjon som er slått må ikkje leggjast slik at det er til hinder for sikt og utsyn til og frå kulturminnet
- Det skal ikkje nyttast tunge maskiner som set merke i bakken/skadar torva
- Det skal ikkje flyttast på stein, fjernast torv eller mose eller gravast i bakken under arbeidet, eventuelt må slike tiltak vere lagt fram for og avklara med fylkeskommunen før arbeidet tek til
- Sprøyte- og plantevernmidlar kan berre nyttast på vegetasjon som veks på kulturminnet og i sikringssona etter løyve frå fylkeskommunen

**Beiting:**

- Ved beiting skal det nyttast småfe. Beiting med større husdyr kan føre til trakk og slitasje på kulturminnet og må i tilfelle avklarast med fylkeskommunen
- Det må ikkje setjast opp drikkekar, saltsteinar, fôringsplassar eller liknande for beitedyr nær kulturminne, då dette kan auke faren for trakkskadar og erosjon

**Generelt:**

- Dersom det under arbeidet skulle oppstå skade på kulturminnet, må arbeidet stogkast og tiltakshavar må kontakte fylkeskommunen ved seksjon for kulturarv
- Det er tillate å fjerne vegetasjon og søppel frå kulturminne og kulturminneområde, men det er ikkje lov å grave i bakken, flytte på stein, planere, drenere eller fylle på masse
- Det er ikkje lov å gjere noko for å endre kulturminnet, heller ikkje om hensikta er å rydde, reparere eller gjere det meir tydeleg

- Dersom det vert gjort meir omfattande skjøtsel på eller tett ved eit kulturminne, skal det sendast varsel om dette til fylkeskommunen før arbeidet tek til
- Ved skjøtsel av bergkunst skal fylkeskommunen alltid varslast før arbeidet tek til
- Ved behov for rydding i forkant av skjøtsel, som slått eller beiting, er hovudregelen at alle mindre busker og småskog skal fjernast frå kulturminnet ein ryddar. Særmerkte tre og busker kan stå att
- Felling av større tre må utførast med varsemd, og det skal det takast omsyn til fallretning for å unngå skade på kulturminne
- All vegetasjon som vert fjerna skal kappast så nært bakken som råd
- Det skal ikkje fjernast stubbar eller røter frå bakken, verken med maskin eller manuelt, då dette kan føre til utilsikta skade på kulturminne
- Ved rotvelt skal fylkeskommunen bli kontakta før treet vert fjerna
- Ved fjerning av tre som ligg eller veks over kulturminnet, må stammen som hovudregel kappast i mindre stykke på staden før fjerning for å unngå å gjere skade. Bruk av annan metode må avklarast med fylkeskommunen
- Dersom ein ynskjer rettleiing eller avklaringar i høve til skjøtelsarbeidet på og ved kulturminne og sikringsone, kan ein kontakta fylkeskommunen ved seksjon for kulturarv

#### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til skjøtsel av automatisk freda kulturminne for å halde dei synlege i jordbruket sitt kulturlandskap. Alle faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 første ledd. Kulturminne er fysiske spor etter menneska som levde før og deira liv og virke. Tiltaket gjeld automatisk freda kulturminne, og kulturminnet skal grense til eller liggje på jordbruksareal. Med «grense til» meiner vi at kulturminnet ligg slik at det er ein naturleg del av det jordbrukslandskapet som blir skjøtta.

#### Avgrensingar

Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Alle automatisk freda kulturminne har ei sikringsone på minimum 5 meter i alle retningar rundt det freda objektet (jf. § 6 i kulturminnelova). Denne sikringssona er med i det arealet som kan skjøttast og få tilskot. Tilskotet gjeld for skjøtsel av areal rundt synlege kulturminne i jordbrukslandskapet, og tilskotet gjeld såleis ikkje kulturminne som ligg under markoverflata, som til dømes dyrkingslag og kulturlag, lokalitetar avmerkte som uavklara funnstader, lausfunn og liknande. Grunngevinga for avgrensinga er at skjøtsel av slike kulturminne ikkje vil gjere at kulturminna vert meir synlege i jordbrukslandskapet.

### Sakshandsaming

Arealet det vert søkt om skal vere skjøtta, og det kan søkast om tilskot for kulturminnet med sikringssone. Godkjent areal skal rundast opp til næraste heile dekar. Kommunen bør referere til skjøtselsråda og krava etter kulturminnelova § 4 i sine vedtak, (helst tilpassa det aktuelle kulturminnet).

### Kontroll

Kommunen kan kontrollere om kulturminna er synlege i jordbrukslandskapet etter gjennomført skjøtsel, og at skjøtselen ikkje har medført skader på kulturminna.

### Tilskot til kantsone i eng


(gjeld kantsoner utan gjødsling og sprøytemiddel langs prioriterte vassdrag)

Det kan i prioriterte og kartfesta område gjevast tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag. Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal som grensar mot vassdrag ikkje blir gjødsla eller sprøyta.

**NB! Tiltaket er i 2023 utvida til å gjelde mange fleire vassførekomstar enn tidlegare. Sjå oversikt over vassførekomstane som inngår i tiltaket i kart under.**

Kantsona skal ikkje gjødslast eller sprøytest i søknadsåret. Tiltaket gjeld for fulldyrka og overflatedyrka areal. Tiltaket omfattar ikkje innmarksbeite.

Ein kan berre motta tilskot til kantsone på jordbruksareal langs prioriterte vassdrag. Sona det blir gitt tilskot for skal ha ei breidde på minst fire meter målt frå normalvasstanden til vassdraget, og minst to meter av kantsona skal liggje på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Avstand mellom vassdrag og gjødsselfri kantsone kan ikkje vere meir enn åtte meter.



Figur 1: Døme. For å kunne motta tilskot, må kantsona i enga vere brei nok.

Kantsona på jordbruksarealet skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Ved fornying skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli. Det skal ikkje brukast plantevernmiddel i kantsona.

Tiltaket gjeld vassdrag og delar av vassdrag med årsikker vassføring. Årsikker vassføring er vassføring som ikkje tørkar ut i vekstsesongen oftare enn kvart tiande år.

#### Utmålingseining og førebels tilskotssats

- **kr 15 per løpemeiter kantsona**  
**Inntil 1500 meter per føretak**

*(Kantsona i eng utan gjødsling og sprøytemiddel langs prioriterte vassdrag)*

#### Kartavgrensing

Tiltaket gjeld i prioriterte område ved vassdrag og delar av vassdrag. Konkret avgrensing av kva areal som kan ha rett til tilskot kjem fram i kart i elektronisk søknadsportal. Prioriterte område er og kartfesta i Fylkesatlas, sjå kart under tiltaksomtalen på RMP-sida ([www.statsforvalteren.no/vl/rmp](http://www.statsforvalteren.no/vl/rmp)).

## For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal som det vert dyrka fleirårige urte-/grasvekstar til fôr på, og som grensar mot vassdrag med elvemusling eller svak vasskvalitet, ikkje blir gjødsla eller sprøyta. Mykje jordbruksareal i aktiv drift i Vestland grensar til vassdrag. Spreiing av gjødsel mot vassdrag kan lett føre til avrenning av næringsstoff. Særleg der det er lita sone med naturleg vegetasjon mellom jordbruksareal og vassdrag kan det ha god effekt å redusere gjødslinga på jordbruksareal nærast inntil vassdraget.

I mange tilfelle kan grovfôrareal i aktiv drift ligge heilt ut til elvekanten, utan at anna regelverk stiller krav om å etablere busker og tre mellom jordbruksareal og vassdrag:

- Frå *vassressurslova* blei innført i 2001 er det ikkje lov å fjerne naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag (etter §11). Då lova blei innført låg jordbruksareal heilt ut til elvekanten på mange elvestrekk, eventuelt med ein elvemur/erosjonsførebygging ytst. Det er ikkje krav om å opprette *nytt* naturleg vegetasjonsbelte med buskar og tre på slike plassar.
- Etter *forskrift om produksjonstilskudd mv.* er det krav om å etablere ei sone utan jordarbeiding mot vassdrag (etter § 4). Sona skal vere tilstrekkeleg brei til å motverke avrenning til vatn under normal vassføring, og sona skal vere minst 2 meter brei. Ein slik vegetasjonssone treng *ikkje* å vere naturleg med buskar og tre, men kan vere gras som blir hausta i drifta.

I følge vassdirektivet skal alle vassførekomstar minst oppretthalde eller oppnå god tilstand innan utgangen av 2027. Det er samansette årsaker til dårleg vasskvalitet i eit vassdrag eller ein vassførekomst slik som jordbruksdrift, spreidd avløp og andre kjelder.

### Avgrensingar

Tiltaket gjeld for utvalde vassdrag eller deler av vassdrag som er fastsett og kartfesta av Statsforvaltaren. For detaljert oversikt over utvalde vassdrag/vassførekomstar, sjå tabell i kapittelet Prioriterte vassdrag/vassførekomstar. Berre kart i fylkesatlas eller RMP e-Stil viser nøyaktig kva areal ein kan ha rett til tilskotet for. Dei utvalde vassdraga/vassførekomstane harenten populasjonar av elvemusling (truga etter Norsk raudliste for artar), eller så er dei registrerte som jordbrukspåverka med svak vasskvalitet. . Etter kvart som forvaltninga får meir erfaring med tiltaket, kan det vere aktuelt å utvide lista med fleire vassførekomstar

I forskrift om produksjonstilskot og avløysertilskot i jordbruket § 4 er det sett krav om ei sone på to meter utan jordarbeiding langs vassdrag. Sona utan jordarbeiding kan vere overlappende med kantsona i dette tiltaket, og den kan såleis utgjere ein del av denne kantsona. Tilskotet kan bli gitt frå det året grasdekket er etablert. Det er ikkje lov å fjerne naturleg kantvegetasjon langs vassdrag slik at det går ut over den økologiske funksjonen som kantvegetasjonen har, jf vassressurslova.

### Sakshandsaming

Avstanden mellom vassdrag og gjødselkantsone kan ikkje vere meir enn åtte meter. Sona mellom vassdrag og gjødselkantsone treng ikkje nødvendigvis å vere ei sone med gras eller skog/busker. Statsforvaltaren rår til at ein rekar ut snitt-avstand frå vassdrag til den ugjødsla kantsona slik at ein ikkje treng å trekkje ut små areal frå tilskotet, der sona mellom vassdrag og gjødselkantsone varierer.

### Kontroll

Kommunen må vere oppmerksom på at det er fleire store område som tidlegare inngjekk i tiltaket som ikkje lenger er med i tiltaket.

## Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen (gjeld kun for enkelte føretak i område nær prioriterte vassdrag med elvemusling)

Det kan gjevast tilskot der all husdyrgjødsel og biorest eit føretak skal spreie er spreidd innan 10. august. Tiltaket gjeld føretak med mjølkeproduksjon på storfe som disponerer areal i nedbørsfelt til elvemuslingsvassdrag (sjå kartavgrønsing og tabell under som syner kva vassdrag som inngår i tiltaket).

Gras i vekst har eit langt større næringsopptak frå gjødsla enn gras som er utvakse, og avrenning og tap av næringsstoff frå gjødsla er minst tidleg i sesongen. Spreieing av husdyrgjødsel om vår og forsommar vil såleis både gje agronomisk og miljømessig gevinst i høve til seinare spreieing. Formålet med tiltaket er å redusere spreieing av husdyrgjødsel om hausten på areal som drenerer til vassdrag med elvemusling, då oppgjødsling av desse vassdraga er ein trussel for elvemuslingen og faren for avrenning er størst seint i sesongen.

Tilskotet kan kun gjevast dersom all husdyrgjødsel føretaket skal spreie er spreidd innan 10. august. Då kan det gjevast tilskot for alt godkjent spreieareal som føretaket disponerer og som blir spreidd i inneverande sesong, avgrønsa til maks 250 dekar per føretak. Dersom noko av arealet føretaket disponerer er spreidd etter 10. august, fell føretaket utanfor tiltaket, og tilskotet kan då ikkje gjevast. NB! Frå 2023 er tiltaket utvida med nokre nye vassdrag (sjå tabellen under), og avgrønsingane for kva føretak tiltaket omfattar er noko endra: Innanfor nedbørsfelt til elvemuslingsvassdrag gjeld tiltaket alle føretak med mjølkeproduksjon på storfe, og såleis ikkje for ammeku eller mjølkegeiter. Her finn du liste over føretak som kan kome inn under tiltaket. NB! Lista er basert på opplysningar registrert i produksjonstilskot 2022, og lista er ikkje nødvendigvis uttømmende. Andre føretak som fyller vilkåra i søknadsåret har òg rett til tilskot.

Tabell: Vassdrag som inngår i tiltaket.

Kommune	Vassdrag	Status	Type elvemusling
Alver	Mjåtveitelva	Kritisk trua	Auremusling
Bergen	Haukåselva	Kritisk trua	Auremusling
Bjørnafjorden	Sundfjordelva	Kritisk trua	Auremusling
Bjørnafjorden	Femangerelva	Kritisk trua	Auremusling
Bjørnafjorden	Fossåa	Kritisk trua	Auremusling
Bjørnafjorden	Hopselva	Trua	Auremusling
Bjørnafjorden	Oselva	Livskraftig	Laksemusling
Bergen			
Bjørnafjorden	Døsjaelva	Kritisk trua	Auremusling
Bømlo	Åreidelva	Kritisk trua	Auremusling
Etne	Sørelva	Kritisk trua	Antatt laksemusling
Fitjar	Dåfjorden	Livskraftig	Auremusling
Kinn	Nyttingneselva	Livskraftig	Auremusling
Kvam	Røyrvikelva	Kritisk trua	Auremusling
Osterøy	Lonevassdraget	Kritisk trua	Laksemusling og auremusling
Samnanger	Skjeljåna	Kritisk trua	Auremusling

Stad	Dalsbøvassdraget	Kritisk trua	Auremusling
Stad	Maurstadelva	Kritisk trua	Auremusling
Sunnfjord	Redalselva	Kritisk trua	Auremusling
Tysnes	Kvernavika	Kritisk trua	Auremusling
Øygarden	Apalvågen	Kritisk trua	Auremusling

#### Vilkår:

- All husdyrgjødsel / biorest som føretaket skal spreie må bli spreidd seinast 10. august. For å sikre nok lagerkapasitet gjennom vinteren, bør gjødsellageret då vere tømt.
- Tilskotet gjeld berre areal der det blir spreidd husdyrgjødsel / biorest i inneverande sesong. Det skal minimum spreiest 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar på det arealet ein søker tilskot for.
- For godkjende føretak kan det gjevast tilskot for alt godkjent spreieareal (innmarksbeite som ved vedtak er godkjent som spreieareal og dyrka mark) som føretaket disponerer og som blir spreidd i inneverande sesong, inntil 250 dekar per føretak.
- Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter siste gjødsling i søknadsåret.
- Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.
- Tilskotet kan ikkje kombinerast med *Tilskot til spreining av husdyrgjødsel ved nedlegging (§ 20)*, *Tilskot til spreining av husdyrgjødsel med nedfelling (§ 21)* eller *Tilskot til spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange (§ 22)*.

#### Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Spreiing i veksende kultur** **Kr 180 per daa**

##### Det kan gjevast tilskot for inntil 250 daa per føretak

(Tiltaket gjeld spreining der all husdyrgjødsel og biorest eit føretak skal spreie er spreidd innan 10. august på godkjent spreieareal. Tiltaket gjeld enkelte føretak som disponerer areal som drenerer til elvemuslingsvassdrag). Elvemusling. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

#### Kartavgrensing

Sjå kart under tiltaksomtalen på RMP-sida ([www.statsforvalteren.no/vl/rmp](http://www.statsforvalteren.no/vl/rmp)) som viser kva vassdrag som inngår i tiltaket. Klikk eventuelt på *Fullversjon* for å sjå kartet i fylkesatlas, der du kan skru på kartlag med jordbruksareal og eigedomsgrenser.

#### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til at føretak med mykje husdyrgjødsel spreier husdyrgjødsel og biorest i veksts sesongen, slik at næringa i gjødsel i størst mogleg grad blir tatt opp i avlinga. Dette vil igjen redusere forureining av vatn og utslepp til luft. Spreietidspunkt har mykje å seie for kor mykje av næringa som plantene kan ta opp, og kor mykje av næringa som blir til forureining av vatn og luft. Plantene tek opp og utnyttar næringa i gjødsel best når dei er i vekst. Sein gjødsling gjev større risiko for avrenning, både fordi plantene tek opp mindre næring, og fordi det gjerne er meir nedbør på hausten. Tilførsel av næring på hausten vil òg føre til seinare avmogning av plantene og dermed større risiko for vinterskade. Ei god utnytting av husdyrgjødsel er òg god økonomi for bonden, fordi det då vert mindre behov for innkjøpt mineralgjødsel.

I følgje vassdirektivet skal alle vassførekomstar minst oppretthalde eller oppnå god tilstand innan utgangen av 2027. Det er samansette årsaker til dårleg vasskvalitet i eit vassdrag eller ein vassførekomst slik som jordbruksdrift, spreidd avløp og andre kjelder.

Tiltaket er retta mot mjølkebruk, då desse har meir husdyrgjødsel enn andre produksjonar. Spreiing av husdyrgjødsel i vekstsesongen er eit godt miljøtiltak for alle husdyrproduksjonar, men omsynet til målretting og budsjett gjer at tiltaket er spissa mot den gruppa produsentar som har mykje husdyrgjødsel, og som må gjere større endringar i drifta for å få spreidd husdyrgjødsla før 10. august.

#### Avgrensingar

Tiltaket gjeld føretak med mjølkeproduksjon og som disponerer areal i nedbørsfeltet til vassdrag med levande populasjonar av elvemusling (truga etter Norsk raudliste for artar).

Statsforvaltaren har laga rettleiande liste over aktuelle føretak basert på produksjonstilskot førre år, men det kan òg vere andre føretak som fyller krava for tilskotet i år.

Tilskotet kan berre gjevast dersom all husdyrgjødsel som føretaket brukar på disponert areal blir spreidd innan 10.august. Søkar kan få tilskot til *alt* spreieareal føretaket disponerer og spreier husdyrgjødsel på. For innmarksbeite kan det berre bli gitt tilskot til areal der det ligg føre godkjenning som spreieareal. For dette tiltaket er det ikkje krav om at alt tilgjengeleg spreieareal blir nytta. Dersom det kan sjå ut til å vere manglande spreieareal eller at for store deler av mogleg spreieareal som ikkje blir nytta i praksis, bør kommunen gripe fatt i dette etter *forskrift om organisk gjødsel*.

Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje ved same søknadsomgang motta tilskot for nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel, og heller ikkje tilskot til spreiiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange. Tilskot til nedlegging eller nedfelling inneber i seg sjølv at gjødsla skal spreiest før 10.august.

#### Sakshandsaming

Kommunen må sjå til at tilskotet berre blir tildelt til dei som rettmessig kan søke på det. Spesielt er dette viktig sidan regelverksendringar i 2023 gjer at føretak som tidlegare kunne søke på tiltaket no er utanfor tiltaket.

Det ligg inne ein sperre i e-Stil slik at ein ikkje får lagt inn gjødsling på innmarksbeite med mindre kommunen nyttar funksjonen «heile kommunen som godkjent areal».

#### Kontroll

Kommunen må undersøke om søkjaren fyller vilkåra for tilskotet. Søknads- og sakshandsamingssystem e-Stil inneheld *ikkje* kart med kva areal som er aktuelle for tiltaket. For tilskot til innmarksbeite bør kommunen sjå vedtak om godkjenning som spreieareal.

All husdyrgjødsel som føretaket brukar på disponert areal skal vere spreidd innan 10.august. Søkar skal kunne legge fram gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Det skal ikkje bli gitt tilskot til areal der det ikkje blir spreidd husdyrgjødsel. Det skal ikkje bli gitt tilskot dersom gjødsla areal ikkje blir hausta ved slått eller beiting i søknadsåret.

Tilskotet er eit stimuleringsstilskot for at spreiiing av husdyrgjødsel/biorest blir gjort på eit gunstig tidspunkt. For å kunne tildelast tilskotet krev det såleis ei aktiv handling som her er spreiiing av husdyrgjødsel/biorest innan 10.august.



## Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel og biorest ved nedlegging i eng/gras i vekst på fulldyrka og overflatedyrka areal innan 10. august (i søknadsskjemaet står det «Nedlegging av husdyrgjødsel, nedlegging i veksande kultur»). Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel og biorest blir blanda direkte i jordsmonnet i staden for tradisjonell breispreieing med bladspreiar, fanespreiar eller kanon, og at gjødsla vert spreidd på eit gunstig (tidleg) tidspunkt. Gras i vekst har eit langt større næringsopptak frå gjødsla enn gras som er utvakse, og avrenning og tap av næringsstoff frå gjødsla er og mindre tidleg i sesongen. Spreieing av husdyrgjødsel om vår og forsommar vil såleis både gje agronomisk og miljømessig gevinst i høve til seinare spreieing. Nedlegging vil auke gjødslingseffekten, motverke utslepp til luft og redusere forureining til vatn.

Definisjonar

<i>Biorest:</i>	restprodukt frå biogassanlegg
<i>Nedlegging:</i>	gjødsla blir plassert ned på bakken ved hjelp av ulike metodar
<i>Veksande kultur:</i>	planter som allereie er etablerte om våren ved byrjinga av vekstsesongen, slik som etablert eng

Tiltaket er ikkje avgrensa til utvalde område, og tiltaket kan gjelde alt fulldyrka og overflatedyrka areal som eit føretak disponerer. Eit føretak treng ikkje fylle krava til tilskotet for alt areal det disponerer, men det arealet det blir søkt om tilskot for skal fylle alle vilkåra til tilskotet.

Tilskotet blir gitt éin gong per areal per år, ikkje for kvar gjødsling. All husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong må vere spreidd før 10. august for at arealet skal kunne godkjennast. Det er forventa at all husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong blir tilført med nedlegging.

Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter den siste spreieinga i søknadsåret. Det skal spreiest minimum 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsla per dekar. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Ved kontroll bør søkar kunne dokumentere bruk av aktuelt utstyr ved å vise fram faktura på leigekøyring, utstyret eller bilete.

Dispensasjon frå den generelle spreiefristen innvilga av kommunen, gjeld ikkje for dei regionale miljøtilskota som tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel. Det vert ikkje gitt dispensasjon frå spreiefristen 10. august for nedlegging, med mindre Statsforvaltaren fastsett ny dato grunna ekstra vanskelege vêrforhold.

Føretak som mottok tilskotet til nedlegging kan ikkje i same søknadsomgang for det same arealet motta *Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen (§ 19)* eller *Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel (§ 21)*.

Den som disponerer eit areal (eig eller leiger) kan søke om tilskot for dette arealet, og eit føretak kan søke om tilskotet uavhengig av kven som utfører gjødslinga. Kravet er at gjødslinga er utført som nedlegging, og tilskotet blir utbetalt til den som disponerer jorda. Betaling for eventuell leigekøyring er ei privatrettsleg sak, og tiltaket set ikkje grenser for kor mykje leigekøyring eit føretak kan utføre. Nedlegging kan brukast i kombinasjon med gyllevogn eller tilførselslange. Mesteparten av tilskotet for nedlegging er lagt til spreieing ved tilførselslange då slangespreieing er eit viktig tiltak for å redusere jordpakking, redusere utslepp av lystgass og betre produksjonspotensialet i jorda. Ved investering vil det såleis lønne seg både agronomisk og økonomisk å kjøpe slange, dersom arealet ein disponerer tillet det. Bruk av mellomlager nær slåttearealet kan gje auka mogelegheiter for slangespreieing på einskildbruk.

### Tilskotsavgrensing:

Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel ved nedlegging for inntil 100 dekar per føretak.

### Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Nedlegging i veksende kultur** **kr 50 per daa**  
(Nedlegging av husdyrgjødsel i eng/gras i vekst innan 10. august ved ei eller fleire spreieingar)

### NB !

Dersom ein brukar tilførselsslange ved nedlegging må ein søke om TO tilskot (*Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel (§ 20)*), OG *Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange (§22)* for å få fullt tilskot.

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir lagt rett ned på jorda (nedlegging) i staden for tradisjonell breispreieing med gjødselkanon eller liknande. Nedlegging av husdyrgjødsel motverkar tap av ammoniakk til lufta og avrenning av husdyrgjødsel til vatn.

Med «areal» meiner ein her konkret det arealet som faktisk er gjødsel med denne metoden, uavhengig av skifte og teigar. Det vil sei at søkar kan avgrensa arealet slik han ynskjer. Arealet det vert søkt om tilskot for kan såleis vera eit skifte, ein teig, ein del av ein teig eller ein del av eit skifte. Det viktige er at arealet det blir søkt om tilskot for tilfredstiller alle vilkåra som vert stilte

### Avgrensingar

Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang for det same arealet motta Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen eller Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel. Attlegg gir ikkje rett på tilskot.

### Sakshandsaming

Det er kun gjødsling ved nedlegging som kan godkjennast innan dette tiltaket. Dersom eit føretak ynskjer å søke på Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange i tillegg, må det søkast på det som eige tiltak, event må det kome fram av søknaden at føretaket ynskjer å søke på det.

### Kontroll

Søkar skal kunne legge fram gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Søkar bør kunne dokumentere eller sannsynleggjere bruk av naudsynt utstyr ved å vise fram faktura på leigekjøring, utstyret eller bilde tatt med til dømes mobiltelefon. Manglande dokumentasjon med bilde, faktura eller utstyr gir ikkje grunnlag for avslag for dette tiltaket slik det gjer for Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange. Tips ved kontroll: Kommunen bør sjekke kart (det kan ikkje gjevast tilskot for nedlegging på innmarksbeite) og skiftenotering.

## Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot for spreining av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling i eng/gras i vekst på fulldyrka og overflatedyrka areal innan 10. august (i søknadsskjemaet står det «Nedfelling av husdyrgjødsel, nedfelling i veksande kultur»). Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel og biorest blir blanda direkte i jordsmonnet i staden for tradisjonell breispreining med bladspreiar, fanespreiar eller kanon, og at gjødsla vert spreidd på eit gunstig (tidleg) tidspunkt. Gras i vekst har eit langt større næringsopptak frå gjødsla enn gras som er utvakse, og avrenning og tap av næringsstoff frå gjødsla er og mindre tidleg i sesongen. Spreining av husdyrgjødsel om vår og forsommar vil såleis både gje agronomisk og miljømessig gevinst i høve til seinare spreining. Nedfelling vil auke gjødslingseffekten, motverke utslepp til luft og redusere forureining til vatn.

Definisjonar

<i>Biorest:</i>	restprodukt frå biogassanlegg
<i>Nedfelling:</i>	gjødsla blir plassert ned i jorda ved hjelp av ulike metodar
<i>Veksande kultur:</i>	planter som allereie er etablerte om våren ved byrjinga av vekstsesongen, slik som etablert eng

Tiltaket er ikkje avgrensa til utvalde område, og tiltaket kan gjelde alt fulldyrka og overflatedyrka areal som eit føretak disponerer. Eit føretak treng ikkje fylle krava til tilskotet for alt areal det disponerer, men det arealet det blir søkt om tilskot for skal fylle alle vilkåra til tilskotet.

Tilskotet blir gitt éin gong per areal per år, ikkje for kvar gjødsling. All husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong må vere spreidd før 10. august for at arealet skal kunne godkjennast. Det er forventa at all husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong blir tilført med nedfelling.

Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter den siste spreinga i søknadsåret. Det skal spreia minimum 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Ved kontroll bør søkar kunne dokumentere bruk av aktuelt utstyr ved å vise fram faktura på leigekøyning, utstyret eller bilete.

Dispensasjon frå den generelle spreiefristen innvilga av kommunen, gjeld ikkje for dei regionale miljøtilskota som tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel. Det vert ikkje gitt dispensasjon frå spreiefristen 10. august for nedfelling, med mindre Statsforvaltaren fastsett ny dato grunna ekstra vanskelege vêrforhold.

Føretak som mottok tilskotet til nedfelling kan ikkje i same søknadsomgang for det same arealet motta *Tilskot til spreining av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen (§ 19)* eller *Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel (§ 20)*.

Den som disponerer eit areal (eig eller leiger) kan søke om tilskot for dette arealet, og eit føretak kan søke om tilskotet uavhengig av kven som utfører gjødslinga. Kravet er at gjødslinga er utført som nedfelling, og tilskotet blir utbetalt til den som disponerer jorda. Betaling for eventuell leigekøyning er ei privatrettsleg sak, og tiltaket set ikkje grenser for kor mykje leigekøyning eit føretak kan utføre. Nedfelling kan brukast i kombinasjon med gyllevogn eller tilførselslange. Mesteparten av tilskotet for nedfelling er lagt til spreining ved tilførselslange då slangespreiing er eit viktig tiltak for å redusere jordpakking, redusere utslepp av lystgass og betre produksjonspotensialet i jorda. Ved investering vil det såleis lønne seg både agronomisk og økonomisk å kjøpe slange, dersom arealet ein disponerer tillet det. Bruk av mellomlager nær slåttearealet kan gje auka mogelegheiter for slangespreiing på einskildbruk.

### Tilskotsavgrensing:

Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel ved nedfelling for inntil 100 dekar per føretak.

### Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Nedfelling i veksande kultur** **kr 50 per daa**  
(Nedfelling av husdyrgjødsel i eng/gras i vekst innan 10. august ved ei eller fleire spreieingar)

### NB !

Dersom ein brukar tilførselsslange ved nedfelling må ein søke om TO tilskot (*Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel (§ 21)*), OG *Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange (§22)* for å få fullt tilskot.

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir blanda direkte i jordsmonnet (nedfelling) i staden for tradisjonell breispreieing med gjødselkanon eller liknande. Nedfelling av husdyrgjødsel motverkar tap av ammoniakk til lufta og avrenning av husdyrgjødsel til vatn.

Med «areal» meiner ein her konkret det arealet som faktisk er gjødsel med denne metoden, uavhengig av skifte og teigar. Det vil sei at søkar kan avgrensa arealet slik han ynskjer. Arealet det vert søkt om tilskot for kan såleis vera eit skifte, ein teig, ein del av ein teig eller ein del av eit skifte. Det viktige er at arealet det blir søkt om tilskot for tilfredstiller alle vilkåra som vert stilte

### Avgrensingar

Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang for det same arealet motta Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen eller Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel.

Attlegg gir ikkje rett på tilskot.

### Sakshandsaming

Det er kun gjødsling ved nedfelling som kan godkjennast innan dette tiltaket. Dersom eit føretak ynskjer å søke på Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange i tillegg, må det søkast på det som eige tiltak, event må det kome fram av søknaden at føretaket ynskjer å søke på det.

### Kontroll

Søkar skal kunne legge fram gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Søkar bør kunne dokumentere eller sannsynleggjere bruk av naudsynt utstyr ved å vise fram faktura på leigekøyring, utstyret eller bilde tatt med til dømes mobiltelefon. Manglande dokumentasjon med bilde, faktura eller utstyr gir ikkje grunnlag for avslag for dette tiltaket slik det gjer for Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange. Tips ved kontroll: Kommunen bør sjekke kart (det kan ikkje gjevast tilskot for nedlegging på inmarksbeite) og skiftenotering.

## Tilskot til spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange / slepeslange (gjeld kun i samband med nedfelling eller nedlegging)

Det kan gjevast tilskot for spreining av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange/slepeslange i samband med nedfelling og nedlegging. Formålet med tilskotet er å redusere bruk av tunge tankvogner og slik redusere jordpakking.

Tilskotet kan berre gjevast som eit tillegg til *Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel (§ 20)* eller *Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel (§21)*. Det blir *ikkje* gitt tilskot til tilførselsslange/slepeslange i kombinasjon med bladspreiar. Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange/slepeslange ved å eige/leige utstyr eller leige spreining.

Eit føretak kan søke om tilskot uavhengig av kven som utfører gjødslinga. Kravet er at gjødslinga skal vere utført som nedfelling eller nedlegging i kombinasjon med tilførselsslange/slepeslange. Tilskotet blir utbetalt til den som disponerer jorda. Betaling for eventuell leigekøyning er ei privatrettsleg sak, og tiltaket set ikkje grenser for kor mykje leigekøyning eit føretak kan utføre.

Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang motta *Tilskot til spreining av all husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen (§19)*.

*Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 100 dekar per føretak.*

### Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

- **Bruk av tilførselsslange**

**Kr 250 per daa**

*(Bruk av tilførselsslange/slepeslange i kombinasjon med nedfelling eller nedlegging ved ei eller fleire spreiningar)*

#### **NB!**

**For å få tilskot ved slangespreiing må ein søke om TO tilskot (*Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel (§20)* eller *Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel (§21)*), i tillegg til *Tilskot til spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange (§22)*).**

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til bruk av tilførselsslanger for spreining av husdyrgjødsel for å redusere jordpakking. Redusert jordpakking kan gje betre avlingar fordi god jordstruktur gir betre levevilkår for planterøtene. Redusert jordpakking kan og gje mindre tap av lystgass, då jord med god jordstruktur infiltrerer vatn best. Tilskotet blir gitt som eit tillegg til tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Det er ikkje mogleg å få tilskot til bruk av tilførselsslange utan bruk av nedfellings- eller nedleggingsutstyr.

#### Avgrensingar

Tilskotet kan kun gjevast som eit tillegg til tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang for det same arealet motta Tilskot til spreining av all husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.

#### Sakshandsaming

For at tiltaket skal kunne godkjennast må det som for alle tiltak vere søkt på. Det har diverre vist seg at ein del gløymer å søke på det (dei søker kun om tilskot til nedlegging eller nedfelling trass i at slange er nytta i kombinasjon med nedfellinga/nedlegginga). Det er difor bra om kommunen kan

sjekke dette når søknaden er innkomen jf at søknaden kan redigerast til 29.oktober utan trekk og at tiltakssummen for tiltaket er så stor. Tiltaket kan og godkjennast dersom det kjem fram av søknaden at føretaket ynskjer å søke på det, eller at det kjem fram av søknaden at føretaket har brukt slange i samband med nedfelling eller nedlegging. Det er derimot ikkje nok at kommunen på anna vis kjenner til at slange er nytta til nedfellinga/nedlegginga. Opplysningane om slangespreiing må kome fram av søknaden for at tiltaket skal kunne godkjennast.

#### Kontroll

Ved kontroll må søkar kunne dokumentere bruk av tilførselsslange for at tiltaket skal kunne godkjennast. Søkar kan dokumentere eller sannsynleggjere bruk av naudsynt utstyr ved å vise fram faktura på leigekjøring, utstyret eller foto tatt med til dømes mobiltelefon.

### Tilskot til nedkjemping av ugras i radkulturar (gjeld ikkje frukt- og bærproduksjon)

Det kan gjevast tilskot for mekanisk bekjemping av ugras eller flammaing i radkultur som potet og grønnsaker. Tiltaket gjeld alle radkulturar med unntak av frukt og bær. Føremålet med tiltaket er å stimulere til metodar for å fjerne ugras utan bruk av plantevernmiddel. Minsteareal for å søke tilskot er 2 dekar.

Mekanisk bekjemping inneber radrensing, lukiing eller hyppiing. Dampiing inngår ikkje i tiltaket.

#### Vilkår:

- Det kan ikkje gjevast tilskot dersom det blir nytta plantevernmiddel mot ugras før hausting, med unntak for nedsviing av potetris.
- Økologiske areal og areal i karens som mottar produksjonstilskot for økologisk drift har ikkje rett til tilskotet.

Tiltaket er ikkje til hinder for sprøyting mot kveke etter innhausting.

### Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar

- **Flammaing:** 300 kr per daa
  - **Mekanisk nedkjemping av ugras:** 300 kr per daa
- Det kan gjevast tilskot for minimum 2 daa og maksimalt 100 daa per føretak.**

*(Mekanisk bekjemping av ugras eller flammaing i konvensjonelle radkulturar, frukt og bær unntateke)*

#### For kommunen

Formålet med tiltaket er å stimulere til fjerning av ugras utan bruk av plantevernmiddel.

#### Avgrensingar

Tiltaket kan bli gitt til for flammaing og mekanisk nedkjemping av ugras i alle radkulturar med unntak av frukt og bær.

## Sakshandsaming

- Kommunen bør vurdere om søkaren har oppgjeve ein rimeleg arealstorleik, jf areal av aktuelle vekstar i produksjonstilskot
- Kommunen må passe på at det ikkje blir gitt tilskot til økologisk areal og areal i karens som mottok produksjonstilskot for økologisk drift

## Kontroll

- Søkjar bør kunne vise utstyr for mekaniske bekjemping / flammaing eller dokumentere leige av slikt utstyr
- Kommunen bør vurdere plantevernjournal for omsøkt areal

## Tilskot til fangvekstar sådd etter hausting (gjeld potet-, rotvekst- og grønsaksproduksjon)

Det kan gjevast tilskot for fangvekstar sådd straks etter hausting av tidlegkulturar av potet, rotvekstar og grønsaker. Fangvekstar reduserer jorderosjon og samlar opp næringsstoff etter innhausting. Minsteareal for tiltaket er 2 dekar.

Tidlegkultur inneber dyrking av sortar som er tidleg modne for hausting, med fare for at jorda ligg utan vekstar i lang periode etterpå. Med fangvekstar meinast her vekstar som veks raskt etter såing, som etablerer seg godt før vinteren med røter som armerer jorda, og som kan ta opp næringsstoff frå djupare lag. Det bør ikkje såast belgvekstar i rein bestand som fangvekst.

### Vilkår:

- Fangveksten skal vere godt etablert om hausten. Det vil sei at fangveksten skal ha utvikla god rotstruktur og vere godt synleg over jorda med eit jamnt og tett plantedekke.
- Det blir ikkje gitt tilskot til attlegg der fangveksten er hovudvekst neste år.
- Arealet skal ikkje sprøytast med plantevernmiddel eller gjødselast om hausten.
- Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars påfølgande år. Det er likevel tillate med grunn harving eller utjamning av såbedd etter hausting for å sikre god etablering av fangveksten.

Fangveksten kan haustast ved slått eller beiting under føresetnad av at dette ikkje fører til vesentleg dårlegare effekt pga køyreskadar eller betydelege skadar etter hard beiting og tråkk.

Tidlegkulturar på lett jord er utsett for utvasking av næringsstoff og sandflukt, særleg grunna tidleg hausting og dersom jorda ligg bar utan vekstar heile hausten. Fangvekstar på desse areala er særskild viktig. Fangvekstar aukar det organiske innhaldet i jorda, bind karbon og er dermed òg eit klimatiltak.

## Tiltaksklasse, utmålingseining og førebels tilskotssats

**Grønsaker/Potet: 350 kr per daa**

**Det kan gjevast tilskot for minst 2 daa og maksimalt 70 daa per føretak.**

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å redusere sandflukt, erosjon og tap av næringsstoff etter innhausting av tidlegvekstar.

### Avgrensingar

Tilskotet kan kun gjevast i samband med tidlegkulturar av potet, rotvekstar og grønsaker.

### Sakshandsaming

- Kommunen bør vurdere om søkeren har oppgjeve ein rimeleg arealstorleik. Samanlikna med arealet av aktuelle vekstar i produksjonstilskot, er det oftast berre delar av arealet som er tidlegkultur.

### Kontroll

- Kommunen bør vurdere om fangveksten er godt etablert om hausten på omsøkt areal
- Kommunen må vurdere om omsøkt areal skal bli grovfôrareal påfølgande år ut frå opplysningar frå søkjaren og kva fangvekst som er sådd. Det kan ikkje bli gitt tilskot dersom fangveksten er attlegg til ny eng
- Kommunen bør vurdere gjødslingsplan og plantevernjournal for omsøkt areal

## Tilskot til klimarådgeving

Klimarådgeving er eit viktig verktøy for jordbruket i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og betre klimatilpassinga på det einskilde føretak. Auka satsing på klimarådgeving er difor eitt av satsingsområda i Landbruket sin klimaplan.

Tilskot til klimarådgeving vart innført i alle fylke frå og med 2021. I første omgang er tilskotet innført for ein pilotfase på tre år slik at det kan gjerast justeringar etter kvart som ein får erfaringar med tiltaket. Føremålet med tilskotet er at bonden skal få rådgeving om garden sitt klimaavtrykk og behovet for klimatilpassing på garden.

### **Krav til klimarådgevinga**

Rådgevinga og tiltaksplanen skal sikre ei god og heilskapleg klimarådgeving med mål om at det skal gjennomførast klimatiltak på føretaket. Rådgevinga skal i størst mogeleg grad omfatte ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar frå alle produksjonar på føretaket, med sikte på å gjennomføre klimatiltak. Behov for klimatilpassing skal òg inngå i rådgevinga. Med utgangspunkt i det einskilde føretaket vil til dømes handtering av overflatevatn, drenering, praksis for jordarbeiding og dyrking vere aktuelle tema innan klimatilpassing. Føretaket skal ha ein gjennomgang av alle produksjonane i føretaket, òg i dei tilfella der det er både husdyrproduksjon og planteproduksjon.

Innhaldet i klimarådgevinga og tilbydarane skal vere godkjente av Landbruksdirektoratet. Norsk Landbruksrådgeving og Tine er godkjente tilbydarar av klimarådgeving i Vestland.

Det skal utarbeidast tiltaksplan for kvart einskild føretak. Tiltaksplanen skal signerast av dei involverte rådgjevarane, og **signert tiltaksplan må leggjast ved søknaden for at tilskot skal kunne godkjennast.**

Rådgevinga og utarbeidinga av tiltaksplanen skal gje bonden kunnskap og motivasjon for å gjennomføre tiltak og forbetringar av drifta, for å redusere utslepp og tilpasse drifta til eit endra



klima. Det er mål om at klimatiltaka i tiltaksplanen skal gjennomførast, men det er ikkje krav til at tiltaka er gjennomført for å kunne tildelast tilskotet.

Det er kun mogeleg å søke tilskot for klimarådgeving ein gong per søknadsomgang. Dersom ein søker ved fleire søknadsomgangar, må det lagast ein ny tiltaksplan til kvar gong ein søker, der det er skildra kva tiltak som er gjennomført eller sett i gang sidan førre klimarådgeving. Den nye tiltaksplanen må leggjast ved søknaden. Føretak som har både mjølke- og grovfôrproduksjon og som har gjennomført klimarådgeving for kun ein av produksjonane tidlegare, kan enten ta klimarådgeving på den produksjonen som ikkje vart tatt sist eller ta to-til-ein-rådgeving med full gjennomgang av heile føretaket. Desse føretaka treng ikkje ha ein gjennomgang av kva tiltak som er gjennomført eller sett i gang sidan sist i den nye tiltaksplanen, men den nye tiltaksplanen må leggjast ved søknaden.

Det kan berre søkast tilskot for klimarådgeving som er gjennomført sidan førre søknadsfrist. Det vil sei at det kan søkast tilskot for klimarådgeving som er gjennomført etter 15. oktober i føregående år, og rådgeving og tiltaksplan må vere ferdigstilt innan søknadsfristen.

Tiltaksklassar, utmålingseining og førebelse tilskotssatsar:

<b>To-til-ein rådgeving:</b>	<b>kr 8 000 for fullført klimarådgeving</b>
Gjeld kun føretak med både mjølkeproduksjon og grovfôrproduksjon.	
<b>Ein-til-ein rådgeving:</b>	<b>kr 6 000 for fullført klimarådgeving</b>
Gjeld føretak med ein eller fleire produksjonar der ein rådgjevar står for rådgjevinga. Gjeld òg der det ikkje er eit tilbod om rådgjeving med fleire rådgjevarar for føretak med både mjølke- og grovfôrproduksjon.	
<b>Grupperådgeving, alle produksjonar</b>	<b>kr 2 000 for fullført klimarådgeving</b>

*(Tiltaket gjeld føretak som har gjennomført heilskapleg klimarådgeving med godkjent rådgjevar sidan førre søknadsomgang. I samband med klimarådgevinga skal det utarbeidast eigen tiltaksplan for føretaket, eventuelt at tidlegare tiltaksplan er oppdatert vesentleg. Tiltaksplan signert av rådgjevar må leggjast ved søknaden.)*

### For kommunen

Formålet med tilskotet er å stimulere til kunnskapsoppbygging hjå søkar om klimagassutslepp, karbonbinding og klimatilpassing, med sikte på å få gjennomført klimatiltak i jordbruksproduksjonen på føretaket. Desse tiltaka inkluderer ikkje berre tilskotsberettiga tiltak, men og generell optimering av drifta.

### Avgrensingar

Det kan berre gjevast tilskot for rådgjeving som er utført av tilbydarar som er godkjent av Landbruksdirektoratet. Norsk Landbruksrådgjeving og Tine tilbyr klimarådgjeving, sjå liste over godkjende rådgjevarar: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/regionalt-miljotilskudd-rmb/klimaradgivere-i-ditt-fylke> Tiltaksplanen skal oppdaterast for kvar gong det vert søkt om tilskotet, og tiltaksplanen skal leggjast ved søknaden. Det vert ikkje stilt som vilkår at føretaket gjennomfører tiltak, men rådgjevinga og utarbeidinga av tiltaksplan skal gje søkar kunnskapsgrunnlag og motivasjon for å gjennomføre tiltak og driftsforbetringar for å redusere utslepp og gjere tilpassingar til eit endra klima. I tillegg til heilskapleg gjennomgang av opptak og utslepp av klimagassar, skal det vurderast behov for tiltak som gjeld klimatilpassing. Med utgangspunkt i forutsetningane på det einskilde føretak, vil tiltak som gjeld handtering av overflatevatn, naturbaserte reinseløysingar, drenering, tilhøve kring jordarbeiding og andre dyrkingsmessige tilhøve vere aktuelle.

### Sakshandsaming

For å kunne tildelast tilskot SKAL ny eller oppdatert og signert tiltaksplan vere lagt ved søknaden. Tiltaksplanen skal oppdaterast for kvar gong det vert søkt om tilskotet. Tiltaksplanen skal vere utarbeida og underskriven av ein godkjent klimarådgjevar. Før søknaden vert godkjent, må kommunen ha kontrollert at den nyaste tiltaksplanen er vedlagt.

### Kontroll

Sjå det som står under avsnittet "Sakshandsaming" over.

## Vassførekomstar i prioriterte vassdrag

Tabellen under gjev ei oversikt over kva vassførekomstar og elvemuslingsnedbørfelt som inngår i *Tilskot til kantsone i eng*

**Kart som viser kor ein kan ha rett på tilskot til ugjødsla kantsone** er tilgjengelege i Fylkesatlas ([www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)), temalaget «*Kantsone i eng – alle prioriterte område*» under Landbruk og Regionalt miljøprogram RMP. Tilskot til kantsone i eng kan kun gjevast for skjøtsel innanfor desse prioriterte og kartfesta områda. Karta er òg tilgjengeleg i søknads- og sakshandsamarsystemet RMP e-Stil.

**Kart over vassførekomstane** er tilgjengeleg i Fylkesatlas (temalag *Vannforskriften og Vannett* under *Kyst og fjord*) eller i [Temakart NVE](#)

Tabell 1. Vassførekomst og elvemuslingsnedbørfelt som er omfatta av RMP tilskotsordning ugjødsla kantsone. Med atterhald om feil, og om endringar i Vann-Nett.

Vassførekomst/vassdrag	Vassførekomst ID	Vasskategori	Kommune	Årsak prioritert
Øyrelva	067-93-R	Elv	Gulen	Vasskvalitet
Nesttunvassdraget: Innløp Stignavatnet	056-16-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Elv frå Myklemyr	076-137-R	Elv	Luster	Vasskvalitet
Nesttunvassdraget: Myrdalselva	056-50-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Kvamselvi	070-101-R	Elv	Vik	Vasskvalitet
Bogsvatnet - Langevatnet - Lona - Espelandsvatnet bekkefelt	080-187-R	Elv	Hyllestad, Høyanger	Vasskvalitet
Haukelandsvatnet bekkefelt	061-278-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Sidebekkar Stardalselva	087-62-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Elv ved Haugen	082-208-R	Elv	Fjaler	Vasskvalitet
Bekk til Opelandstjørni	062-349-R	Elv	Voss	Vasskvalitet
Svoragrova/ Høgegrova	087-146-R	Elv	Gloppen	Vasskvalitet
Hopra nedstrøms inntak Hove kraftverk	070-73-R	Elv	Vik	Vasskvalitet
Elv ved Sande	068-81-R	Elv	Gulen	Vasskvalitet
Løfallselv	083-103-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Storegrova	084-348-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Haukåsvassdraget	061-176-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Mykingelva - Dalaelva - Fossen	060-93-R	Elv	Osterøy	Vasskvalitet
Træla nedre del	084-356-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Bjordalselva	069-95-R	Elv	Høyanger	Vasskvalitet
Bergsetelva	089-23-R	Elv	Stryn	Vasskvalitet
Elv ved Eide	068-85-R	Elv	Gulen	Vasskvalitet
Svovatnet, bekkefelt	084-196-R	Elv	Sunnfjord, Gloppen	Vasskvalitet
Løyken	083-107-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Vetlagrovi	076-135-R	Elv	Luster	Vasskvalitet
Nesttunvassdraget: Dyngelandselv	056-105-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Storelva, bekkefelt nedre del	087-116-R	Elv	Gloppen	Vasskvalitet
Lakselva (Solheimsvassdraget)	085-144-R	Elv	Kinn	Vasskvalitet
Elv til Kvernhusklubben	066-39-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Myreelva ved Drage	091-26-R	Elv	Stad	Vasskvalitet
Fedje bekker	066-4-R	Elv	Fedje	Vasskvalitet
Dyrvo oppstrøms inntak Syrifossen kraftverk	062-445-R	Elv	Voss	Vasskvalitet
Høgalmelva	088-24-R	Elv	Stryn	Vasskvalitet
Elv frå Steinsundvatnet	081-93-R	Elv	Solund	Vasskvalitet
Redalselv oppstraums Liavatn	084-322-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet

Ikjefjorden vest	069-51-R	Elv	Høyanger	Vasskvalitet
Elv fra Borgavatnet	060-89-R	Elv	Osterøy	Vasskvalitet
Mjåtveitelva	059-22-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Oselva og Vallaelva sidebekker	055-276-R	Elv	Bjørnafjorden	Vasskvalitet
Tørvikvatnet bekkefelt	052-145-R	Elv	Kvam	Vasskvalitet
Jølstra nedre, bekkefelt	084-289-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Fosselva	091-30-R	Elv	Kinn	Vasskvalitet
Storelva	065-25-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Kleiveelva, Hardbakkeelva, Sørrelva v/Eikefjord	085-134-R	Elv	Kinn	Vasskvalitet
Bekk til Mykingsvatnet	066-62-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Kalandsvatnet sidebekker	056-64-R	Elv	Bergen, Bjørnafjorden	Vasskvalitet
Mjåtveitelva tilløp	059-24-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Storelva, Breim	087-10-R	Elv	Gloppen	Vasskvalitet
Dyrvo nedstrøms utløp Syrifossen kraftverk	062-442-R	Elv	Voss	Vasskvalitet
Haukåsvassdraget bekkefelt	061-229-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Ulva	089-24-R	Elv	Stryn	Vasskvalitet
Austfjorden bekkefelt vest	065-26-R	Elv	Alver, Austrheim	Vasskvalitet
Loneelva nedstrøms Gjerstad kyrkje	060-87-R	Elv	Osterøy	Vasskvalitet
Elv i Porsdalen	066-31-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Myrkdalselvi	062-279-R	Elv	Voss, Vik	Vasskvalitet
Vallaelva	055-136-R	Elv	Bjørnafjorden	Vasskvalitet
Bekkefelt Dalselvi	076-95-R	Elv	Luster	Vasskvalitet
Åsnes	082-70-R	Elv	Fjaler	Vasskvalitet
Sidebekker Askvika	084-63-R	Elv	Askvoll	Vasskvalitet
Rivedalselva Kvieelva Tilløp Rivedalselva	083-223-R	Elv	Askvoll	Vasskvalitet
Oselva og Røykenesvatnet sidebekker	055-115-R	Elv	Bergen, Bjørnafjorden	Vasskvalitet
Kvernhusgrova nedre del	084-354-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Herdlefjorden sidebekker nord NØ	059-20-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Borgavatnet bekkefelt	060-91-R	Elv	Osterøy	Vasskvalitet
Sagelva Sundsdalen	084-139-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Storelva	066-55-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Hildeelva	087-149-R	Elv	Stryn	Vasskvalitet
Ytre Arnaelva Kråvatnet - Gaupåsvatnet	061-247-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Tilløpselver Hopra nedre	070-94-R	Elv	Vik	Vasskvalitet
Bekkefelt Bergheimsvatnet	087-118-R	Elv	Gloppen	Vasskvalitet
Midtbygdavassdraget	056-146-R	Elv	Bergen	Vasskvalitet
Skaddalselv	082-206-R	Elv	Fjaler	Vasskvalitet
Tverrgrovi	078-56-R	Elv	Sogndal	Vasskvalitet

Nausta, bekkefelt kring Naustdalsfossen	084-222-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Haugland - Myking elv	066-5-R	Elv	Alver	Vasskvalitet
Gjelsvikelva	084-284-R	Elv	Askvoll	Vasskvalitet
Dyrvo inntak - utløp Syrifossen kraftverk	062-444-R	Elv	Voss	Vasskvalitet
Vassenden	083-218-R	Elv	Sunnfjord	Vasskvalitet
Vikja nedstrøms inntak Hove kraftverk	070-133-R	Elv	Vik	Vasskvalitet
Borgovatnet	060-26515-L	Innsjø	Osterøy	Vasskvalitet
Skeievatnet	056-26868-L	Innsjø	Bergen	Vasskvalitet
Fammestadtjørna	064-26350-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Hauglandsvatnet	066-26288-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Langevatnet	066-26190-L	Innsjø	Fedje	Vasskvalitet
Bergsvatnet	052-26869-L	Innsjø	Kvam	Vasskvalitet
Solevatnet	066-26213-L	Innsjø	Austrheim	Vasskvalitet
Storavatnet	044-1492-L	Innsjø	Fitjar	Vasskvalitet
Frølandsvatnet	055-26719-L	Innsjø	Samnanger	Vasskvalitet
Tveitavatnet	064-26332-8-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Steinsvikvatnet	056-144401-L	Innsjø	Bergen	Vasskvalitet
Øyjordsvatnet	053-26917-L	Innsjø	Kvam	Vasskvalitet
Mykingsvatnet	066-26300-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Hallandsvatnet	066-26329-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Brakstadvatnet	059-26475-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Jordalsvatnet	056-26629-L	Innsjø	Bergen	Vasskvalitet
Haukelandsvatnet	061-2075-L	Innsjø	Bergen	Vasskvalitet
Ulvenvatnet	055-26962-L	Innsjø	Bjørnafjorden	Vasskvalitet
Langavatnet	056-26553-L	Innsjø	Bergen	Vasskvalitet
Liavatnet	064-26377-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Mjøsvatnet	066-26260-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Kalandsvatnet	056-2057-L	Innsjø	Bergen	Vasskvalitet
Klebakkvatnet	065-66155-L	Innsjø	Austrheim	Vasskvalitet
Dalevatnet	059-176818-L	Innsjø	Alver	Vasskvalitet
Nesavatnet	041-22482-L	Innsjø	Sveio	Vasskvalitet
Sørelva		Nedbørfelt	Etne	Elvemusling
Dalsbøvassdraget		Nedbørfelt	Stad	Elvemusling
Maurstadelva		Nedbørfelt	Stad	Elvemusling
Nyttingneselva		Nedbørfelt	Kinn	Elvemusling
Redaselva		Nedbørfelt	Sunnfjord	Elvemusling
Sundfjordelva		Nedbørfelt	Bjørnafjorden	Elvemusling
Apalvågen		Nedbørfelt	Øygarden	Elvemusling
Lonevassdraget		Nedbørfelt	Osterøy	Elvemusling
Haukåselva		Nedbørfelt	Bergen	Elvemusling
Mjåtveitelva		Nedbørfelt	Alver	Elvemusling
Femangerelva		Nedbørfelt	Bjørnafjorden	Elvemusling
Kvernavika		Nedbørfelt	Tysnes	Elvemusling
Fossåa		Nedbørfelt	Bjørnafjorden	Elvemusling

Åreidelva		Nedbørfelt	Bømlo	Elvemusling
Hopselva		Nedbørfelt	Bjørnafjorden	Elvemusling
Oselva		Nedbørfelt	Bjørnafjorden	Elvemusling
Skjeljåna		Nedbørfelt	Samnanger	Elvemusling
Dåfjorden		Nedbørfelt	Fitjar	Elvemusling
Døsjaelva		Nedbørfelt	Bjørnafjorden	Elvemusling
Røyrvikelva		Nedbørfelt	Kvam	Elvemusling

Tabell 2. Rapportparametere til prioriterte vassførekomstar som er omfatta av RMP tilskotsordning ugjødsla kantsone (vassførekomstar utan elvemusling). Med atterhald om feil, og om endringar i Vann-Nett.

<b>Rapport</b>	<b>Vannforekomster med kvalitetselement og kvalitetselementparametere</b>
Kvalitetselementparameter	Totalnitrogen Totalfosfor Klorofyll a Trofiindeks begroingsalger PIT Planteplankton trofiindeks PTI Cyano maks
Tilstandskvalitetselementparameter	Moderat Dårlig Svært dårlig
Datakvalitet	Målt
<b>Rapport</b>	<b>Vannforekomster med og utan tiltak</b>
Påvirkningstype	Diffus avrenning fra annen jordbrukskilde Diffus avrenning fra beite og eng Diffus avrenning fra husdyrhold/husdyrgjødsel Diffus avrenning fulldyrket mark Diffus avrenning fra annen kilde
Påvirkningsgrad	Middels grad Stor grad

Økologisk tilstand	Moderat Svært dårlig Dårlig Ikke relevant
--------------------	--

## Forskrift

### Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland.

**Tittel:** «Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland.»

**Heimel:** «LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§18, FOR-2018-11-23-1751 delegering av myndighet til statsforvaltaren etter jordlova § 18 gjeve av Landbruks- og matdepartementet»

#### Kapittel 1 Innleiande føresegner

##### § 1 Formål

Formålet med tilskot etter forskrifta er å bidra til å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne, jord og jordhelse, tilgjenge i jordbrukslandskapet, samt redusere bruk av plantevernmidlar, utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket.

##### § 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld i Vestland fylke.

##### § 3 Grunnvilkår

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til

- a. føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret eller gjennomført klimarådgeving sidan førre søknadsfrist. Føretaket må drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- b. beitelag kan søkje tilskot for drift etter § 5 Drift av beitelag. I denne forskrifta er beitelag avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, og som har til hovudføremål å samarbeide om føremålstenlege fellesløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.



## Kapittel 2 Kulturlandskap

### § 4 Drift av bratt areal

Det kan gjevast tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad på 1:5 eller brattare for å ta vare på kulturlandskapet.

Tilskotet kan gjevast for fulldyrka og overflatedyrka grasareal i drift, og for hagebruksareal i drift med næringsføremål. Fulldyrka og overflatedyrka grasareal skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesonen. Areal med fleirårige hagebruksvekstar skal vere i aktiv drift med naudsynt skjøtsel av frukttre/bærbuskar/staudar, slått av undervegetasjonen minst ein gong i vekstsesonen, hausting og omsetting av frukt/bær/urter, eller omsetting av foredla produkt basert på frukt/bær/urter frå godkjent areal. Areal med eittårige hagebruksvekstar skal vere i aktiv drift med naudsynt skjøtsel, gjødsling, ugrasreinhold, hausting og omsetting av vekstar, eller omsetting av foredla produkt basert på vekstar frå godkjent areal. For omsetting av foredla produkt gjeld same omsetningskrav som for produksjonstilskot.

*Tiltaksklassar: Overflatedyrka og fulldyrka 1:5, Overflatedyrka og fulldyrka 1:3, Fruktdyrking 1:5 og Fruktdyrking 1:3.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### § 5 Drift av beitelag

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som oppfyller vilkåra i § 3b.

For at tilskot skal kunne tildelast må beitelaget ha minst 2 medlemmar, dyra må ha vore minst 5 veker på utmarksbeite, beitelaget må ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve, og beitelaget må ha levert inn årsrapport i, eller som vedlegg til, søknaden. Årsrapporten skal innehalde 1) dato for årsmøte i søknadsåret, 2) sum midlar på konto per 1. november i søknadsåret og 3) kort årsmelding som syner aktivitet i beitelaget og målretta bruk av midlar for beitebruk i utmark i søknadsåret, samt eventuelle utfordringar for beitelaget og beitebruken.

*Tiltaksklassar: Storfe/hest og Småfe.*

Tilskotet blir fastsett per dyr som er sleppt på utmarksbeite.

### § 6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

Det kan gjevast tilskot for styrt skjøtelsbeiting av verdifulle jordbruksareal her avgrensa til ugjødsla innmarksbeite som har vore ekstensivt drive eller som har vore ute av drift.

Tiltaket gjeld ammegeit, kje, bukkar og kasterte bukkar som beiter minst 5 veker på inngjerda/avgrensa innmarksbeite som ikkje vert slått, beitepussa eller gjødsla. Skjøtelsbeitinga skal gjennomførast med høveleg beitetrykk utan støtteføring, og beitinga skal vere styrt. Innmarksbeitet skal bere preg av attgroing ved beitestart, og beitet skal ha innslag av busker og/eller renningar av tre ved beitestart kvar sesong utover det som står i gjerdelinja. Beitinga skal kombinerast med manuell skjøtsel slik at ringborka og døyande tre vert felte, og at felt virke blir fjerna eller lagra diskret i terrenget.

Dyra skal ikkje beite saman med dyr frå andre buskparar under skjøtelsbeitinga.

Bilde av beitet ved beitestart skal leggjast ved søknaden.

Tilskotsavgrensing: Det kan berre gjevast tilskot for eit areal i maksimalt 5 år. Tiltaket er avgrensa til ugjødsla innmarksbeite då desse jordbruksareala har størst potensiale for biologisk mangfald og er mest attgroingstruga med fare for tap av matproduserande areal, ope landskap og biologiske verdier. Innmarksbeitet

skal ha vore ute av drift eller ekstensivt drive slik at skjøtselsbeitinga kan bidra til å berge dei over nemnde verdiane.

Tilskotet blir fastsett per dyr.

### *§ 7 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark*

Det kan gjevast tilskot for beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark, her avgrensa til utmarksbeite som ligg 600 meter over havet eller høgare. Tiltaket gjeld sau over eitt år som beiter minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauen ligg minst 600 meter over havet. Føretaket må vere medlem i eit beitelag jf § 3b.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 100 sauer per føretak. Tiltaket er avgrensa til sau då sauen er den viktigaste landskapspleiaren i utmarka grunna fôrval, beitemønster, utbreiing, omfang og med liten fare for trakk-skadar. Beiting i utmark er viktig for å oppretthalde ope landskap og opne stiar, det er positivt for det biologiske mangfaldet, og det er klimavenleg. Dei høgareliggande beita er dei mest verdifulle utmarksbeita med omsyn til beitekvalitet, dyrevelferd og klimavenleg beiting (jf albedo-effekten).

*Tiltaksklasse: Småfe.*

Tilskotet blir fastsett per dyr.

### *§ 8 Slått av verdifulle jordbrukslandskap*

Det kan gjevast tilskot for slått av fulldyrka eller overflatedyrka areal utan vegforbinding eller tilkomst med bilferje for å oppretthalde verdifulle jordbrukslandskap.

Arealet skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesongen.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 30 dekar per føretak.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## **Kapittel 3 Biologisk mangfald**

### *§ 9 Slått av slåttemark*

Det kan gjevast tilskot for slått av slåttemark og lauveng som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeida eller sprøyta med plantevernmidlar. Areala skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase som slåttemark eller lauveng. Slåtten skal gjerast i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Statsforvaltaren.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 40 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter § 14 *Soner for pollinerande insekt*.

*Tiltaksklassar: Svært viktig, Viktig og Lokalt viktig.*

Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa.

### *§ 10 Beiting av kystlynghei*

Det kan gjevast tilskot for vinterbeiting av kystlynghei som er gjennomført med tilpassa beitetrykk slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra og at landskapet ber preg av beiting.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase. Det er krav om minst 3 månader vinterbeiting med tilstrekkeleg og tilpassa beitetrykk. Beitinga skal utførast i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Statsforvaltaren.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 500 dekar per føretak.

*Tiltaksklassar: Svært viktig, Viktig og Lokalt viktig.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### *§ 11 Brenning av kystlynghei*

Det kan gjevast tilskot for brenning av kystlynghei registrert i Naturbase som er gjennomført slik at naturtypen blir teken vare på eller forbetra. Tilskotet kan berre gjevast som eit tillegg til tilskot *etter § 10 Beiting av kystlynghei*.

Brenninga skal utførast i tidsrommet mellom 15.september og 15.april og etter avklaring med lokalt brannvesen. Brenning nær til dette tidsintervallet kan godkjennast dersom samtykke til brenning er gitt av lokalt brannvesen. Brenninga skal vere godt planlagt, den skal gjennomførast på ein forsvarleg måte og i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Statsforvaltaren. Tilskotet kan berre gjevast for areal som er brent etter søknadsfristen i føregåande søknadsomgang, og det kan ikkje gjevast tilskot for brenning av same areal oftare enn kvart 10. år.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 400 dekar per føretak.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### *§ 12 Skjøtsel av truga naturtypar*

Det kan gjevast tilskot for beite av naturbeitemark og hagemark i jordbrukslandskapet som er gjennomført slik at det biologiske mangfaldet i naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Areala skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase. Arealet skal beitast med høveleg beitetrykk. Beitinga skal utførast i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Statsforvaltaren.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 70 dekar per føretak. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal *etter § 14 Soner for pollinerande insekt*.

*Tiltaksklasse: Beiting.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### *§ 13 Skjøtsel av styvingstre*

Det kan gjevast tilskot for styving av tre som er gjennomført på ein skånsam måte slik at trea sitt særpreg og biologiske mangfald blir teke vare på.

Tilskotet kan berre gjevast det året treet vert styva. Kappa greiner og lauv må fjernast frå området slik at det framstår som ryddig og stelt. Styvinga skal utførast i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Statsforvaltaren.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 70 tre per føretak. Det kan ikkje løyvast tilskot for same styvingstre oftare enn kvart femte år.

Tilskotet blir fastsett per tre.

#### *§ 14 Soner for pollinerande insekt*

Det kan gjevast tilskot for å skjømte naturlege, stadeigne pollinatorvennlege soner på jordbruksareal eller på areal som grensar til jordbruksareal. Sonene må ha pollinatorvennlege blomster gjennom vekstsesongen. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla eller sprøyta med plantevernmidlar. Ei sone skal vere minst 2 meter brei, og sona bli slått og/eller beita. Tiltaket skal utførast i samsvar med skjømstelsråd fastsett av Statsforvaltaren.

For å kunne søkje tilskotet, må ein melde frå til kommunen innan 10. juni. Det blir ikkje gitt tilskot for areal som er dominert av ugras som kan utgjere problem i jordbruksproduksjon.

Tilskotsavgrensing: Tiltaket gjeld berre i Lærdal kommune. Det kan gjevast tilskot for inntil 600 meter per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter § 9 Slått av slåttemark eller § 12 Skjømtsel av truga naturtypar.

*Tiltaksklasse: Tilgrensande kantsone*

Tilskotet vert fastsett per meter.

#### *§ 15 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl*

Det kan gjevast tilskot for å leggje til rette for hekking av dei truga fugleartane vipe, åkerrikse og storspove på jordbruksareal i aktiv drift.

Tiltaket gjeld tilrettelegging på dyrka mark og innmarksbeite. Reirlokalteten/godkjent areal kan ikkje sprøyta med ugrasmiddel før etter hekkesesongen er avslutta og fuglane er reiste. Arealet det blir gitt tilskot for skal ha påviste reir med egg av vipe, åkerrikse eller storspove.

Tiltaket er delt i to tiltaksklassar; låg og høg tilrettelegging. Låg tilrettelegging skal nyttast der føretaket har markert reir. Dersom føretaket både har markert reir og har utsett slåtten kring reiret, skal høg tilrettelegging nyttast.

Vilkår for låg tilrettelegging:

- a. Markering av reir med egg av artane vipe, åkerrikse eller storspove på dyrka mark eller innmarksbeite som søker disponerer.
- b. Bilde av markerte reir skal leggast ved søknaden, og dato for bilda skal førast i merknadsfeltet i søknaden. For lokalitetar med meir enn 5 reir er det nok å sende inn representative bilde som syner at det er reir innanfor lokaliteten.
- c. Reir og fuglar må takast omsyn til gjennom heile hekkinga.

Vilkår for høg tilrettelegging:

- a. Gjennomført låg tilrettelegging med tilhøyrande krav

- b. Utsett slått av inntil 1 daa per reir rundt reir med egg av artane vipe, åkerrikse eller storspove. Slåtten skal vere utsett til etter hekkinga er ferdig og fuglane har forlate området.
- c. Bilde av og dato for utsett slått skal kunne leggjast fram ved kontroll

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 1 daa per reir. For kvart reir kan det berre søkast tilskot etter ein av tiltaksklassane (låg tilrettelegging eller høg tilrettelegging). Det kan berre gjevast tilskot etter høg tilrettelegging for areal som også oppfyller krava for låg tilrettelegging. Det kan gjevast inntil kr 20 000 i tilskot per føretak.

*Tiltaksklassar: Låg tilrettelegging og Høg tilrettelegging*

Tilskotet blir fastsett per dekar (1 dekar per reir).

## Kapittel 4 Kulturminne og kulturmiljø

### § 16 Drift av seter

Det kan gjevast tilskot for drift av stølsanlegg med mjølkeproduksjon.

Produksjonsperioden skal vare i minst fire veker per støl per sesong. Mjølka som blir produsert skal leverast til meieri eller foredlast på stølen. Produksjonen skal tilsvare minimum 45 liter kumjolk, 25 liter geitemjolk eller 15 liter sauemjolk i døgnet per støl. Det vesentlege av næringstrongen til dyra skal vere dekkja gjennom beiting.

Ein støl skal ha eige driftsapparat, og beiteområda som dyra nyttar i samband med stølsdrifta skal ikkje overlape med beita som dyra ville ha nytta i samband med mjølking i hovuddriftsbygningen på føretaket. Mobile mjølkestallar kan godkjennast innan stølsdrift.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil tre stølar i drift per føretak. For at to stølar skal kunne godkjennast som to stølsanlegg, må det vere minst fire veker stølsdrift på kvar av stølane, produksjonskrava må vere oppfylte for begge stølane, dei må ha kvart sitt driftsapparat, og beiteområda til dei to stølane skal ikkje overlape med kvarandre.

*Tiltaksklassar: Levering til meieri 4–6 veker, Levering til meieri 6 veker eller meir, Eigen foredling 4–6 veker og Eigen foredling 6 veker eller meir.*

Tilskotet blir fastsett per støl og fordelt på tal føretak som har dyr som inngår i stølsdrifta.

### § 17 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Det kan gjevast tilskot for skjøtsel av automatisk freda kulturminne, inkludert sikringssone, etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 lov om kulturminner § 4, som grensar til eller ligg på jordbruksareal.

Skjøtselen skal vere gjennomført som slått eller beiting slik at kulturminnet blir teke vare på og er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden.

Tilskotet gjeld for skjøtsel av areal rundt kulturminne, slik som graver og gravfelt, bergkunst/helleristningar, åkerreiner, røyser og røyselfelt, buplassar, tufter, vegfår og bygningar. Det kan ikkje løyvast tilskot til lokalitetar som er avmerkte i Askeladden som dyrkingslag og kulturlag, lokalitetar avmerkte som uavklara funnstader, lausfunn og liknande, der skjøtsel ikkje vil medverke til at kulturminnet vert meir synleg i jordbrukslandskapet.

Skjøtselstiltaka skal utførast i samsvar med kulturminnelova §§ 3 og 4 og skjøtelsråd fastsett av Statsforvaltaren.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast inntil kr 10 000 i tilskot per føretak.

*Tiltaksklassar: Beiting og Slått.*

Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten inkludert sikringssone er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa.

## Kapittel 5 Avrenning til vatn

### § 18 Kantsone i eng

Det kan i prioriterte og kartfesta område gjevast tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag der kantsona ikkje er gjødsla eller sprøyta i søknadsåret. Tiltaket gjeld fulldyrka og overflatedyrka areal.

Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minst fire meter målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst to meter ligg på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Avstand mellom vassdrag og gjødsselfri kantsone kan ikkje vere meir enn åtte meter.

Kantsona på jordbruksarealet skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

Tilskotsavgrensing: Tilskotet gjeld for fulldyrka og overflatedyrka areal i prioriterte område fastsett og kartfesta av Statsforvaltaren. Det kan gjevast tilskot for maksimum 1500 meter per føretak.

Tilskotet blir fastsett per meter.

## Kapittel 6 Utslepp til luft

### § 19 Spreiing av all husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen

Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel og biorest om våren eller i vekstsesongen. Siste frist for spreieing er 10. august i søknadsåret. Arealet skal haustast ved slått eller beitast etter siste spreieing i søknadsåret. Det skal minimum spreieast 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsla per dekar. Tilskotet kan berre gjevast dersom all husdyrgjødsel som føretaket disponerer blir spreidd om våren eller i vekstsesongen innan fristen.

Føretaket skal ha dokumentasjon i form av gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og spreidd gjødselmengd per dekar.

Tilskotsavgrensing: Tiltaket er avgrensa til føretak med mjølkeproduksjon på storfe som disponerer areal i nedbørsfelt til elvemuslingsvassdrag. Tiltaket omfattar kun areal som er godkjent for spreiring av husdyrgjødsel der det er spreidd husdyrgjødsel/biorest i inneverande sesong innan fristen, og all husdyrgjødsel føretaket skal spreie er spreidd innan fristen. Det kan gjevast tilskot for inntil 250 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 20 Nedlegging av husdyrgjødsel, § 21 Nedfelling av husdyrgjødsel eller § 22 Spreiring av husdyrgjødsel med tilførselsslange.

*Tiltaksklasse: Spreiring i veksande kultur*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### *§ 20 Nedlegging av husdyrgjødsel*

Det kan gjevast tilskot for spreiring av husdyrgjødsel og biorest ved nedlegging i eng på fulldyrka og overflatedyrka areal. Det skal minimum spreiest 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar. Siste frist for spreiring er 10.august i søknadsåret på det omsøkte arealet. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreiring i søknadsåret.

Føretaket skal ha dokumentasjon i form av gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og spreidd gjødselmengd per dekar.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 100 dekar per føretak, og tiltaket kan gjelde for alt fulldyrka og overflatedyrka areal som føretaket disponerer. Tilskotet blir gitt ein gong per areal per år, ikkje for kvar gjødsling. Eit føretak treng ikkje fylle krava til tilskotet for alt areal det disponerer, men arealet det blir søkt om tilskot for skal fylle alle vilkåra til tilskotet. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 19 Spreiring av all husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter § 21 Nedfelling av husdyrgjødsel.

*Tiltaksklasse: Nedlegging i veksande kultur.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### *§ 21 Nedfelling av husdyrgjødsel*

Det kan gjevast tilskot for spreiring av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling i eng på fulldyrka og overflatedyrka areal. Det skal minimum spreiest 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar. Siste frist for spreiring er 10.august i søknadsåret på det omsøkte arealet. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreiring i søknadsåret.

Føretaket skal ha dokumentasjon i form av gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og spreidd gjødselmengd per dekar.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 100 dekar per føretak, og tiltaket kan gjelde for alt fulldyrka og overflatedyrka areal som føretaket disponerer. Tilskotet blir gitt ein gong per areal per år, ikkje for kvar gjødsling. Eit føretak treng ikkje fylle krava til tilskotet for alt areal det disponerer, men arealet det blir søkt om tilskot for skal fylle alle vilkåra til tilskotet. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same

søknadsomgang gjevast tilskot etter § 19 Spreiing av all husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesonen. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot for same areal etter § 20 Nedlegging av husdyrgjødsel.

*Tiltaksklassar: Nedfelling i veksande kultur.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### § 22 Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange

Det kan gjevast tilskot for spreiring av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange, som eit tillegg til tilskot etter §§ 20 og 21 Nedlegging av husdyrgjødsel eller Nedfelling av husdyrgjødsel.

Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for inntil 100 dekar per føretak. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 19 Spreiing av all husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesonen.

*Tiltaksklassar: Bruk av tilførselsslange.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## Kapittel 7 Plantevern

### § 23 Nedkjemping av ugras i radkultur

Det kan gjevast tilskot for mekanisk bekjemping av ugras eller flammaing i radkultur. Tiltaket gjeld alle radkultur med unntak av frukt og bær. Det kan ikkje gjevast tilskot dersom det blir nytta plantevernmiddel mot ugras før hausting, med unntak for nedsviing av potetris.

Økologiske areal og areal i karens som mottar produksjonstilskot for økologisk drift har ikkje rett til tilskot.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for minimum 2 dekar og maksimum 100 dekar per føretak.

*Tiltaksklassar: Flammaing og Mekanisk nedkjemping av ugras.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## Kapittel 8 Jord og jordhelse

### § 24 Fangvekstar sådd etter hausting

Det kan gjevast tilskot for fangvekstar sådd etter tidleg hausting av radkultur av potet, rotvekstar og grønnsaker. Fangveksten skal vere godt etablert om hausten, og den skal ikkje vere hovudvekst året etter at han er sådd. Arealet skal ikkje sprøytast med plantevernmiddel eller gjødselast om hausten. Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars året etter søknadsåret.



Det er tillate med grunn harving eller utjamning av såbedd etter hausting for å sikre god etablering av fangveksten.

Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for minimum 2 dekar og maksimum 70 dekar per føretak.

*Tiltaksklasse: Grønsaker/Potet*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

## Kapittel 9 Miljøavtale og klimarådgeving

### § 25 Miljøavtale

Det kan gjevast tilskot til føretak som gjennomfører ein kombinasjon av tiltak for styrka miljøinnsats i område som er prioritert, fastsett og kartfesta av Statsforvaltaren grunna behov for ekstra tiltak retta mot vasskvalitet. Tiltaket omfattar krava i § 18 *Kantsone i eng* og § 19 *Spreiing av all husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen*. Tiltaket er planlagt innført tidlegast i 2024.

*Tiltaksklassar: Trinn 1 og Trinn 2.*

Tilskotet blir fastsett per dekar.

### § 26 Klimarådgeving

Det kan gjevast tilskot for klimarådgeving som er gjennomført i ein søknadsperiode, frå 15. oktober føregåande år til 15. oktober i søknadsåret. Tiltaksplan utarbeidd i samband med utført rådgeving må leggast ved søknaden. Tiltaksplanen skal vere underskriven av rådgjevar.

Med klimarådgeving meiner vi rådgeving som i størst mogeleg grad tek for seg ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar frå alle produksjonar på føretaket, med sikte på å gjennomføre klimatiltak. Behov for klimatilpassing skal også inngå i rådgevinga. Tilbydarar av klimarådgeving skal vera godkjende av Landbruksdirektoratet.

Dersom det blir søkt om tilskot for gjennomført klimarådgeving i fleire søknadsperiodar, skal det utarbeidast ein ny tiltaksplan som gjer greie for gjennomførte tiltak frå førre tiltaksplan. Tilskotet kan berre gjevast for ei gjennomført rådgeving per søknadsomgang.

*Tiltaksklassar: To-til-ein rådgeving, Ein-til-ein rådgeving og Grupperådgeving*

Tilskotet blir fastsett per stykk.

## Kapittel 10 Generelle føresegner

### § 27 Utmåling og utbetaling av tilskot

Tilskotet blir rekna ut etter satsar fastsett årleg av statsforvaltaren. Tilskot skal berre gjevast for det året tiltaket blir gjennomført. Det kan gjevast tilskot til tiltaket klimarådgeving som er fullført

sidan førre søknadsfrist.

### *§ 28 Søknad*

Føretak som søker tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

Søknadsfristen er 15. oktober. For beitelag som søker tilskot etter § 3 b) *Drift av beitelag* er fristen 15. november.

Dersom søknaden blir levert etter fristane i andre ledd, blir tilskot redusert med 1 000 kroner per dag inntil 14 dagar etter utløpt frist. Tilskotet kan ikkje overførast til eige eller pant.

Søknadar om regionalt miljøtilskot som er leverte innan søknadsfristen kan bli endra av søkeren innan 29. oktober utan at tilskotet vert redusert. Dette gjeld ikkje søknadar om tilskot etter § 3 b) *Drift av beitelag*.

### *§ 29 Administrasjon, dispensasjon og klage*

Statsforvaltaren administrerer tilskota etter denne forskrifta. Kommunen gjer vedtak om tilskot. Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle dispensere frå føresegnene om tilskot fastsett i denne forskrifta.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på til statsforvaltaren. Vedtak fatta av statsforvaltaren i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

### *§ 30 Opplysningsplikt og kontroll*

Den som søker tilskot pliktar å gi alle opplysingar som kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetalinga av tilskot er riktig. Søkjaren har pliktig til å utlevere all bokføring, korrespondanse og nedteikningar som gjeld tilskotet. Opplysingar gitt i samband med søknaden om tilskot kan også bli kontrollerte ved telling og måling på dei eigedomane som føretaket nyttar i drifta.

### *§ 31 Avkorting ved regelverksbrot mv.*

Heile eller delar av det samla tilskotet kan avkortast dersom føretaket

- a. aktlaust eller forsettleg har drive eller driv verksemda i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd.
- b. har brote føresegner i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging, eller ikkje har ført journal over plantevernmidlar som føretaket har nytta seg av på areala som det disponerer. Journalen skal innehalde opplysningar om namn på plantevernmiddelet som blir brukt, tidspunkt for behandlinga og dosa som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet blei brukt på. Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket ikkje kan leggje fram slike journalar for dei siste tre åra.
- c. knytt til jordbruksarealet det disponerer ikkje har ei vegetasjonssone på minst to meter mot vassdrag med årssikker vassføring, målt horisontalt frå normalvasstanden til vassdraget. Vegetasjonssona kan ikkje bli jordarbeida.

- d. på eller knytt til arealet føretaket disponerer gjer inngrep slik at kulturlandskapet får mindre verdi. Det kan likevel berre bli avkorta for inngrep på eigedommar som føretaket heilt eller delvis disponerer. Dersom anna regelverk ikkje er til hinder for det, kan kommunen likevel godkjenne inngrepet på førehand dersom det reduserer openberre driftsmessige vanskar.

### *§ 32 Avkorting ved feilopplysningar og oversitting av frist*

Dersom føretaket aktaust eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden som har eller ville danna grunnlag for ein urettmessig utbetaling av tilskot for seg sjølv eller andre, kan heile eller delar av det samla tilskotet til føretaket avkortast.

Dersom føretaket ikkje har halde dei fristane som kommunen, statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre kontrolloppgåvene sine i medhald av § 30 Opplysningsplikt og kontroll, kan tilskotet avkortast.

### *§ 33 Tilbakebetaling og renter mv.*

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylging av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar har teke imot ei utbetaling som ikkje er rettkome, kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare utbetaling av tilskot. Tilsvarande gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 31 Avkorting ved regelverksbrot mv. eller § 32 Avkorting ved feilopplysningar og oversitting av frist.

For tilbakebetalingskrav kan det krevjast renter når kravet ikkje er innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettkomne tilskotet. Størrelsen på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav frå offentlig myndigheit som kjem ut av føretaket si jordbruksverksemd kan motreknast i seinare utbetalingar av tilskot til føretaket.

### *§ 34 Ikraftsetjing*

Forskrifta trer i kraft 01.07.2023. Samtidig blir FOR-2022-07-01-1298 Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland oppheva.